

**Za'ama systemet i Libanon
1943 – 1975
- ein historiografisk analyse**

Masteroppgåve i historie

av Daniel Kvamme

Historisk institutt

Universitetet i Bergen

Våren 2007

Pity the nation

Pity the nation that is full of beliefs and empty of religion.

Pity the nation that wears a cloth it does not weave, eats a bread it does not harvest, and drinks a wine that flows not from its own wine-press.

Pity the nation that acclaims the bully as a hero, and that deems the glittering conqueror bountiful.

Pity the nation that despises a passion in its dream, yet submits in its awakening.

Pity the nation that raises not its voice save when it walks in a funeral, boasts not except among its ruins, and will rebel not save when its neck is laid between the sword and the block.

Pity the nation whose statesman is a fox, whose philosopher is a juggler, and whose art is the art of patching and mimicking.

Pity the nation that welcomes its new ruler with trumpeting, and farewells him with hootings, only to welcome another with trumpeting again.

Pity the nation whose sages are dumb with years and whose strong men are yet in the cradle.

Pity the nation divided into fragments, each fragment deeming itself a nation.

Khalil Gibran

The Garden of the Prophet

(London, Heinemann, 1934)

Innholdsliste:

1.0 Innleiing	3
1.1 Tema for oppgåva.....	4
1.2 Strukturen i oppgåva.....	6
1.3 Overblikk over Libanon sin historie.....	9
2.0 Kva er za'ama systemet?.....	14
2.1 Za'ama.....	16
2.2 Qabadayat.....	23
2.3 Patron-klient i andre land.....	27
2.4 Elitesamfunn eller klassesamfunn.....	30
3.0 To ulike tilnærmingar.....	34
3.1 Michael Gilsean.....	36
3.2 Michael Johnson.....	41
3.3 Samanlikning.....	46
4.0 Politiske parti i Libanon.....	51
4.1 Partioversikt.....	53
4.1.1 Al-Kataeb (Falangistpartiet).....	54
4.1.2 An-Najjada Party.....	56
4.1.3 Progressive Socialist Party.....	57
4.1.4 The Constitutional Union og The National Bloc.....	59
4.1.5 National Liberal Party.....	61
4.1.6 Oppsummering.....	62
4.2 Parti og konfesjon.....	64
4.3 Chehab perioden.....	68
5.0 Konklusjon.....	74
Litteraturliste.....	83



Kart over Libanon

1.0 Innleiing

Då eg fyrst skulle byrja på denne oppgåva var ideen min å skriva om politisk historie i Midt-Austen. Korleis forskjellige politiske system fungerer og er oppbygde har alltid fasinert meg so eg ville gjerne skrive om nasjonsbygging og framveksten av eit politisk system. Eg fekk då eit tips av min veileidar om at Libanon var eit av dei landa eg burde byrja å lese om. Etter kvart som lesinga gjekk framover oppdaga eg dette særeigne fenomenet som vert kalla za'ama¹ systemet. Dette er eit patron – klient forhold, og det er jo eit system som ein kjenner igjen heilt tilbake frå antikken, men som i dag er mykje sjeldnare, sjølv om ein kan finna spor av det fleire stader i verda. Det som eg synest var so spesielt med den libanesiske varianten var at den var so tett knytt opp til og integrert i demokratiseringa av landet etter at sjølvstende kom i 1943. Det som og slo meg var at ingen av forfattarane gjorde dette til eit hovudtema for sine arbeid. Dei aller fleste forfattarar eg har lest som har behandla Libanon seier at dette er ein svært viktig faktor i libanesisk politikk, men unngår å gå heilt i djupna på korleis dette systemet har påverka landets utvikling, og då spesielt for framveksten av eit fungerande

¹ Ordet "Za'ama" vert brukt om fenomenet i seg sjølv, mens når ein snakkar om ein person brukast "Za'im" og i fleirtal "Zu'ama".

demokrati. Og det er jo openbart at det ikkje vaks fram eit velfungerande demokrati i Libanon sidan landet gjekk ut i ein lang borgarkrig frå 1975.

1.1 Tema for masteroppgåva

Det eg vil freiste å gjere i denne oppgåva er å trekkje saman nokre av dei beskrivingane eg fann i litteraturen for å sjå om det fantes eit grunnlag for å hevda at za'ama systemet var ein faktor i nedbrytinga av demokratiet i landet og utbrotet av borgarkrigen. Litteraturen eg fann på dette temaet var stort sett av antropologisk og samfunsvitskapeleg karakter. Så vidt eg har oppdaga i den litteraturen eg har rukke å lesa igjennom er det ingen som har freista å trekkja liner gjennom historia for å sjå kva verknad za'ama systemet har hatt på lang sikt. Det nærmaste eg har kome er Michael Johnson si bok "*All Honourable Men*" som tar for seg æresbegrepet sin plass i det libanesiske samfunnet og i det politiske livet i landet. Za'ama systemet er i høgste grad bygd på ære og tradisjonar og denne boka vil eg koma nærmare tilbake til i kapittel tre. Det eg altså vil freista i denne oppgåva er, ved hjelp av den eksisterande litteraturen på området, er å sjå korleis dette systemet påverka demokratiseringa i landet. Spesielt interessant er det å sjå korleis partisystemet utvikla seg, og måten dei familiane som hadde makt frå før kom seg inn på den nye politiske arenaen og styrte stort sett slik dei hadde gjort i lang tid før 1943. Dei fleste partia, særleg dei som er utelukkande libanesiske, vaks fram som ei samling av klientar rundt sin za'im, der za'imen hadde full kontroll med all politisk aktivitet.

Partiframveksten i eit nytt demokrati er ein god indikator på korleis demokratiet utviklar seg. Difor tykkjer eg det vil være interessant å sjå på korleis dei største partia vaks fram og korleis dei er organisert. Eg vil gje ei framstilling av nokre av dei viktigaste partia slik dei er framstilte i litteraturen. Eg har vald her å berre konsentrera meg om dei partia som var unike for Libanon. Fleire parti, særleg syriske, starta søsterparti i Libanon etter sjølvstende, desse er for meg ikkje so interessante i denne samanhangen. Det eg vil freista å finne ut her er om partia gav ei spegling av befolkninga slik eit parti i eit demokrati bør gjera.

Å definere kva ein za'im er med få ord er svært vanskeleg og vil ikkje fullt ut kunna beskriva kva som ligg i tittelen. Begrepet patron-klient er lettare å forholde seg til, men dette kan og ha mange ulike meiningar. Den typen patron-klient forhold som me finn i Libanon og som denne

oppgåva handlar om har med eit maktforhold å gjere. Dette systemet kan for oss som lever i eit samfunn bygd på egalitet og universalitet være vanskeleg å godta. Patronar og klientar er ikkje jamstelte og har ikkje dei same rettene i samfunnet. Dette strid med våre prinsipp om at alle er like og skal dermed behandlast likt. Me kan sjølvsagt ta feil når me kritiserer eit slikt system sidan det og kan ha sine fordelar, eller at dette fungerer best i sin del av verden. Eg vil freista å ikkje være dømmende i denne oppgåva, men gje ei relativt subjektiv framstilling av tema. Allikevel vil eg seie at det er rom for kritikk når det vert handla mot menneskerettar og det vert utøvd unødige maktmisbruk. Ernest Gellner hevdar i sin artikkel "Patrons and Clients" at ein difor må være bevisst sin rolle og ståstad når ein nærmar seg eit slikt tema. Ein kan og like gjerne innrømme at slike tema appellerar til vår 'politiske voyeurisme'. Det kan ofte være meir spanande å observere politiske forhold som ein mistenkje kan være litt lyssky, seier han.²

To av dei mest velrenommerte bøkene som behandlar temaet med patron-klient forholdet i Libanon er Michael Johnson si *All Honourable Men*, og Michael Gilson si *Lords of the Lebanese Marches*. Eg tenkte det ville være interessant å samanlikne desse to bøkene for å sjå om ein finn skilnader i synet på za'ama. Tilnærminga deira til stoffet er noko ulik, difor forventar eg og at dei kan koma til ulike konklusjonar. Gilson tar for seg korleis dette systemet fungerer i ein sunnimuslimsk landsby nord i Libanon, mens Johnson gjer eit større overblikk over dei mekanismar som trer i kraft gjennom patron-klient, og det sterke æresbegrepet i landet. Dette gjev og ei mogelegheit til å sjå på skilnader mellom den rurale og den urbane za'imen.

Sidan dette er ei historiografisk oppgåve har det inneber det at eg sjølvsagt har lest mykje litteratur på dette området. Som sagt er det svært få av forfattarane som brukar mykje plass til å beskriva dette patron-klient forholdet og undersøkje kor stor effekten av det var i den nye staten. For meg og nokre av forfattarane er det heilt klart at dette hadde ein stor innverknad på korleis demokratiet i Libanon utvikla seg. Til dømes er partiframveksten ein av dei sikraste indikatorane på korleis eit demokrati utviklar seg og korleis ein stat moderniserar seg. Det er generelt akseptert kunnskap at modernisering og utvikling skjer gjennom sunn konkurranse mellom ulike parti som skal spegla befolkninga i staten.³ Det er dette punktet eg ikkje kan sjå har skjedd i Libanon. Her har partia stort sett vokse fram på to måtar. Fleire parti er undergrupper av parti frå andre land, og då spesielt frå nabolandet Syria. Den andre måten,

² GELLNER, Ernest 1977: s. 1

³ SULEIMAN, Michael W. 1967: s 282

som eg har valt å konsentrera meg mest om er dei som oppstod berre i Libanon og som i all hovudsak var dei forskjellige zu'ama sine interesseorganisasjonar. Det er altså korleis za'ama systemet påverka styringa av den nye staten etter 1943 eg vil freista å beskriva i løpet av denne oppgåva. Eg har valt å ikkje ta for meg kvar forfattar for seg å beskriva kva dei skriv om frå perm til perm. Eg vil heller freista å ta for meg ulike tema som eg finn interessante og viktige ved za'ama systemet, og ved viktige hendingar og so belysa dette gjennom å sjå på kva dei ulike forfattarar skriv og meiner om temaet.

Sidan eg har valt å gjera dette til ei historiografisk oppgåve vil det naturleg nok verta brukt stor plass til å beskriva kva dei ulike forfattarane meiner og seier om ulike høve. Her har eg valt å bruka sitat for at forfattarane sjølve kan koma med det eg ser som deira hovudsynspunkt, og eg kan koma med mine forståingar og analysar av litteraturen utan å bruka for mykje plass til å gjenfortelja kva andre har skrive. Eg tykkjer det og er til hjelp for lesaren, slik at lesaren sjølve kan gjera seg opp ei meining om forfattaren sine eigne ord. Arabiske namn er eit problem å gjera om til vårt alfabet. Mange namn vert stava forskjellig av nesten alle forfattarar. Eg har her valt ein stavemåte for kvart namn og freista å halda meg til den konsekvent gjennom oppgåva, men i enkelte sitat kan det hende namna er stava annleis enn det eg gjer

1.2 Struktura i oppgåva

Eg vil på slutten av dette kapitlet gje ei kort oversikt over Libanon sin historie. Dette vil eg gjera for å skapa eit bakteppe for den perioden eg vil behandla. Za'ama systemet er ikkje noko nytt fenomen og ei historisk oversikt kan vera med på å visa kor fastlagt denne institusjonen er i libanesisk historie. I kapittel to vil eg gå vidare med å sjå på kva za'ama systemet eigentleg er. Eg vil freista å gje nokre forskjellige forfattarar sine definisjonar og sjå om ein kan finna fellesnemnarar og ulikskapar mellom dei. Eg kan her leggja til at det har vore svært vanskeleg å finna ein kort og presis definisjon på kva ein za'im var. Kvar za'im hadde sine metodar og grep for å halda på sine tilhengjarar og difor må ein generalisera ein del for å få ein brukande beskriving som dekkjer dei aller fleste zu'ama. Eg vil sjå kva forskjellar ein kan finna mellom dei forskjellige konfesjonane sine za'imar og om oppgåvene eller metodane ein za'im brukar avvik mellom konfesjonane. Eit anna punkt eg vil behandla er kva type leiar ein

za'im er. Med det meiner eg at eg vil finna ut om han berre er ein politisk leiar eller og ein religiøs leiar. Dette er eit viktig punkt for å freista å finna ut kvar maktgrunnlaget til ein za'im ligg. Er det berre pengar og ressursar som bestemmer om ein za'im er velluka eller ikkje, eller spelar andre faktorar, for eksempel religiøs tilknytning, ei rolle i maktgrunnlaget hans og. På slutten av kapittelet vil eg og diskutera om det er fruktbart å kalla Libanon for eit klassesamfunn eller eit elitesamfunn. Dette synes eg og spelar ei viktig rolle med omsyn til maktgrunnlaget til za'imen. Ein av forutsetningane ved klasseteori er at den horisontale integrasjonen i dei forskjellige klassane er stor og at ein klasse vert ei politisk pressgruppe i seg sjølv. Dette ser det ut som ikkje skjer i særleg stor grad i Libanon, sidan folk frå lågare samfunnslag stolar på at deira za'im skal ivareta deira politiske interesser. Eg vil og i dette kapittelet bruka Kamal Joumblatt sin sjølvbiografi "*I Speak for Lebanon*" for å sjå korleis ein za'im ser på sin eigen rolle i datidas samfunn. Han kjem med fleire innspel om interaksjonen mellom patron og klient sett frå ein patron sitt synspunkt. Eg tykkjer det er svært interessant å sjå korleis Joumblatt ser på seg sjølv. Ein sjølvbiografi må ein sjølvsagt være svært forsiktig med å dra konklusjonar frå. Dette er på ingen måte ei subjektiv kjelde, men det gjev eit godt innblikk i ein av partane sitt syn på systemet.

I kapittel tre vil eg ta for meg to av dei mest framtrekande bøkene som har vore skrivne om patron-klient forholda i Libanon. Begge forfattarar skriv om Libanon mellom 1943 og 1975 som og er det tidsrommet eg konsentrerer meg om. Den fyrste er Michael Gilson si bok "*Lords of the Lebanese Marches*". Dette er ein antropologisk studie av korleis za'ama systemet fungerer i ein liten landsby i Akkar provinsen i det nordlege Libanon. Han beskriv her korleis forholda mellom dei klart åtskilte samfunnslaga fungerer, og beskriv dei mekanismane som trer i kraft ved interaksjon mellom desse gruppene. Gilson brukar eit litt anna begrepsapparat enn det dei andre forfattarane gjer, men dette er stort sett berre andre namn på dei same fenomen. Hovudprosjektet hans er å visa korleis forteljingar vert brukt for å oppretthalda maktbalansen mellom dei forskjellige gruppene. Forteljinga spelar, ifylgje Gilson, ei svært viktig rolle for å oppretthalda sin posisjon og for å halda andre på den plassen i hierarkiet dei skal være.

Den andre forfattaren eg vil bruka i dette kapittelet er Michael Johnson og hans bok "*All Honourable Men*". I denne boka beskriv Johnson korleis æresbegrepet påverkar det libanesiske samfunnet. Han meiner at za'ama systemet i stor grad er bygd på ære. Viss ein za'im misser si ære på ein eller annan måte vil han og missa den respekten han treng for å

opprethalda sin posisjon som za'im. Han samanliknar og det libanesiske patron-klient systemet med italiensk mafia og seier at denne samanlikninga kan være eit svært godt instrument for å forstå korleis det politiske livet i Libanon fungerer. Han seier ikkje rett ut at det er mafia som styrer i Libanon, men at ein finn heilt klare likheitstrekk mellom dei to systema.

Eg vil her freiste og finne likskapar og ulikskapar mellom dei to forfattarane. Dei har heilt klart ulike metodar for å tilnærma seg temaet, men det er svært interessant å sjå om dei kjem fram til dei same konklusjonane. Eit anna aspekt er og at Gilsenan kunn skriv om den agrare delen av Libanon mens Johnson skriv og mykje om korleis za'ama systemet fortonar seg i eit meir moderne urbant miljø. Her vil det og være interessant å sjå om den agrare og den urbane za'im har utvikla seg i ulike retningar.

I kapittel fire vil eg ta for meg partia i Libanon og korleis dei vaks fram. Eg vil byrja med å beskriva nokre av dei største partia og sjå korleis maktstrukturane er bygde opp. Mange forfattarar seier at ein nesten ikkje kan snakka om politiske parti slik me kjenner dei når ein ser på dei libanesiske partia. Dei fleste har ein svært enkel struktur og er i hovudsak bygd opp rundt ein za'im som sit med heile makta og styrer partiet i den retninga han vil. Svært få av dei libanesiske partia har eit klart og ideologisk partiprogram og er styrt mest frå sak til sak. Ein kan nesten hevde at nokre av partia rett og slett er interesseorganisasjonar for za'imen og klientane hans. Mange av partia er og sterkt konfesjonalistiske og har stort sett berre veljarar frå ein konfesjon. Eg vil freista å finna ut kva dei ulike forfattarane skriv om dette og om kvart parti er så ikkje-sekulære som det kan sjå ut som ved fyrste augnekast.

I dette kapittelet vil eg og ta for meg ein periode i libanesisk politikk der det vart gjort forsøk på å svekka makta til za'imane. Etter urolegheitane i 1958 stod generalen i hæren, Faud Chehab, fram som den samlande figuren som partane i konflikten kunne einast om. Han forsøkte seg med fleire reformer for å sentralisera makta og gjera oppgåver som før var za'imen sine til eit statleg ansvar. Til dømes vart mykje av helse- og velferdssystemet ført over på statlege hender. Dette hadde to årsaker. Den fyrste for å få større likskap mellom dei forskjellige regionane i landet, og den andre for å svekka forholdet mellom patron og klient slik at ikkje klienten skulle være så avhengig av patronen som det han hadde vore. Det vart og til dømes oppretta ein sentralbank i denne perioden for å få større kontroll med økonomien i landet. Det at Libanon ikkje hadde nokon sentralbank før i 1964 er og eit godt døme på kor

lite makt og kontroll over økonomien som låg på staten sine hender og at za'imane kunne gjera som dei ville. Eg vil gjerne sjå kva forklaringar forfattarane har på at dette prosjektet ikkje lukkast i større grad enn det gjorde. I 1970 tapte Elias Sarkis, ein av Chehab sine støttespelarar, presidentvalet for Suleiman Frangieh. Frangieh styrte landet tilbake på det sporet det hadde vore før 1958. Fem år seinare braut den store borgarkrigen ut.

I kapittel fem vil eg freiste å gje eit samandrag av oppgåva og sjå om eg har fått svar på nokre av dei spørsmåla eg har stilt her og som dukkar opp utover i oppgåva. Borgarkrigen kom ikkje av indre strid aleine, men ved at mange uheldige faktorar fant stad på same tid. Eg vil her kort nemna nokre av desse utan å gå i djupna av dette temaet, det er i seg sjølve stoff til mange oppgåver. Eg konsentrerar meg om det indre politiske systemet, og for kva konsekvensar det skapte for eit demokrati som Libanon at eit patron klient forhold vart inkorporert i det nye demokratiet. Eg vil i dette kapittelet og ta for meg kva eg saknar ved den litteraturen eg har leita opp. Det har vore skrive svært mykje om Libanon i perioden før borgarkrigen. Det som tende mi interesse for dette temaet var nettopp det faktum at litteraturen var so brei som han var, men at ingen hadde teke tak i problemstillinga med za'ama systemet og sett kva konsekvensar det hadde for den indre politiske roen. I mine auger var ikkje den indre stabiliteten god nok for å motstå press utanfrå og det kan i høgste grad ha vore med på å utløyse den grufulle borgarkrigen som herja landet i mange år. Dei fleste forfattarar, som eg har påpeika før, er innom dette temaet, men så vidt eg har funne ut har ingen gjort eit omfattande studie som reiser dei problema som eg vil belysa.

1.3 Oversikt over Libanon sin historie

Libanon, slik som resten av Midt-Austen, ligg i ein historisk svært viktig del av verden. Ein kan seie at dette området ligg i eit vegkryss mellom tre store kontinent, Asia, Afrika og Europa. Alle desse tre har søkt å påverke og ha sin innflytelse i området sidan antikken. Det har og vore eit viktig knutepunkt når det gjeld handel mellom dei ulike delar av verden. Og det er nettopp dette som ligg sterkt i den libanesiske folkesjela. Dei tidlegaste handelsmennene som hadde tilhald i området rund Libanon vart kalla Fønikarar. Dette var eit fredleg folk som baserte sin kultur på handel. Fønikarar var eigentleg frå Kanaan, men fekk namnet sitt av

grekarane som dei handla med. Den viktigaste arven dei gav frå seg var heilt klart det som har utvikla seg til dagens alfabet. Dei aller fleste av dagens libanesarar hevdar at dei er av direkte avstamming frå desse Føniskarane, og at dei fortsett er eit fredeleg handlande folkeferd. Ser ein på nyare historie er det vanskeleg å væra heilt einig.

Staten Libanon som me kjenner den i dag er eit relativt nytt fenomen i historia. I 1920 vart Stor-Libanon danna av det franske styret dei hadde på den tida. Fyrst då ser dei libanesiske grensene ut i hovudsak slik dei gjer i dag, men cirka 100 år før dette igjen hadde området rundt Mount Lebanon relativt stor grad av autonomi under det Ottomanske riket. Før det har Libanon stort sett vore under styre av større kulturar og sivilisasjonar. Men eit kjenneteikn er at det til tider har vore periodar med stor grad av autonomi i dette området, og spesielt i fjella Mount Lebanon. Eg vil ikkje gå veldig i djupna av den tidlege historia, men vil nemna at Libanon har vore del av det Romerske riket, det Bysantinske riket og av dei arabisk-muslimske kalifata. Fram til 1453 skifta styret i dette området med jamne mellomrom, og i heile denne tida kan ein seie at Libanon var ein del av det historiske Syria. I 1453 vart Libanon innlemma i det Ottomanske riket og vart verande der, med eit kort avbrekk med egyptisk styre, fram til fyrste verdskrigen. Etter krigen vart Libanon liggjande under fransk mandat. Det vil seie i praksis at Frankrike hadde den reelle makta i landet frå slutten av fyrste verdskrigen og fram til 1943.

Det har lenge budd grupper av kristne i og rundt Syria, men ingen stader var det so konsentrert som i Mount Lebanon fjella. I 667A.D. Gjorde ei krigersk gruppe av kristne aramearar opprør nord i Syria. Denne gruppa vart kalla "Marada" eller "Mardaite" av det arabiske ordet for rebellar. Dette opprøret spreidde seg til Mount Lebanon. Her var det kristne aramearar som seinare vart maronittar som held til. Etter kvart vart det desse som leia opprøret og etter cirka to år vert det danna ein relativt autonom stat der Libanon i dag ligg. Denne autonomien behold dei stort sett, sjølv om dei hadde andre store sivilisasjonar som teknisk sett styrte. Dette varte heilt fram til 1305 då egyptiske mamelukkar kom og tok herredøme over området.⁴ Walid Phares som har skrive ei bok om kristen nasjonalisme legg stor vekt på denne perioden på over 600 år med meir eller mindre autonomi. Han går so langt som å seie at i denne perioden var Mount Lebanon og områda rundt ein uavhengig kristen

⁴ PHARES, Walid 1995: s. 33-40

stat. Han skriv at dette har stor betydning for at dei kristne på 1800 – talet var so iherdige forkjemparar for at Libanon skulle verta ein eigen stat.

I Mount Lebanon var dei kristne i fleirtal og den mest dominerande gruppa var maronittane. Dei hadde lenge ikkje hatt noko behov for å skapa sin egne stat, men levde stort sett i fred. På 1800- talet byrja dei derimot å sjå kor suksessfulle og mektige deira trusfellar i vesten var. Dermed byrja ønsket om å skapa sin eigen kristne stat i Libanon å veksa. Sidan Libanon var ein del av det store Ottomanske riket var det svært vanskeleg, spesielt for eit så lite område som Libanon er, å bryta ut av dette og skapa ein eigen stat. Det var ikkje før etter fyrste verdskrigen dette vart mogeleg. Då fekk Frankrike mandat over Syria og libanesiske, (særskilt kristne), krefter jobba sterkt for at Libanon skulle verta skilt ut frå Syria som eigen stat. Dette godtok franskmennene og staten Libanon vart oppretta. Etter kvart vart det opphavlege Libanon utvida, men det vart sørgja for at det framleis var ein kristen majoritet i landet. Dette vil seie at det Libanon me kjenner i dag ikkje eksisterte før på 1920- talet. Fullstendig sjølvstende fekk ikkje landet før i 1943. Då trakk Frankrike seg ut av landet og libanesarane vart overlata til seg sjølve for å utvikla deira eigen stat. Ein ser her at det fyrst og fremst er dei kristne som stod på barrikadane for å skapa den sjølvstendige staten. Det var difor naturleg for dei å tenkja at dette var deira stat. Det førte sjølv sagt til konflikhtar med den store muslimske delen av befolkninga, og desse konfliktane om kven som har makta i Libanon har helde fram heilt til i dag. Då grensene vart trekt opp vart det freista å gjera dette til ein stat med mest mogeleg kristen dominans, og det lukkast dei med til ein viss grad. I byrjinga var dei kristne i klart fleirtal. Styret i landet var prega av maronittisk dominans. I byrjinga gjorde dei kristne fleire grep for å halda muslimane i landet borte frå makta. Eit verkemiddel var at det vart satt av mykje mindre pengar til skule og andre velferdstiltak til dei muslimske delane av landet enn dei kristne. Dette førte til at den muslimske befolkninga, og særskilt sjiamuslimane i sør fekk langt lågare utdanning enn dei kristne. Dette var nok eit bevisst grep for å halda den muslimske befolkninga nede. Utover i perioden eg behandlar slo dette tilbake på dei kristne då det viste seg at den muslimske befolkninga auka mykje raskare enn den kristne. Det er eit godt kjent faktum at grupper med låg utdanning før fleire ungar enn grupper med høg utdanning. Dermed vart balansen i demografien snudd og muslimane vart i fleirtal i landet og med det kravde dei naturleg nok meir makt.

Då Libanon fekk sjølvstende måtte det skapast eit eige styre i landet. Korleis, og i kva retning, landet skulle styrast vart slått fast i Nasjonalpakta. Dette er ei samling av dokumenter og talar

som vart gjort i sjølvstendeprosessen og vart brukt som ein slags grunnlov for landet. I Nasjonalpakta heiter det blant anna:

*”Lebanon is an independent state with an Arab Face. It should not be a basis for colonialism nor become a passage for colonialism to threaten its Arab brothers.”*⁵

For den muslimske befolkninga vart dette sett på som ein halv seier. Det vert her sagt at landet skulle være arabisk og ikkje lengre ha so sterke band til Vesten, og då spesielt Frankrike. Dei kristne såg fyrst og fremst på dette som eit nødvendig kosmetisk grep for å beroliga den muslimske befolkninga, men dei meinte fortsett at Libanon var ein del av den vestlege kulturen og ikkje arabisk. Fyrste delen av sitatet er mynta på Syria. Libanon var no ein sjølvstendig stat og ikkje lengre ein del av Syria.

Det vart og bestemt korleis makta skulle fordelast mellom dei ulike religionane i landet. Det vart sett opp ein fordelingsnøkkel som sa at det skulle vera ein ratio på 6 til 5 mellom kristne og muslimar. Dette vil i praksis seia at for kvar 6 kristne som vart vald inn i parlamentet eller fekk ein jobb innanfor statleg administrasjon skulle det vera 5 muslimar. Dette systemet førte sjølvstendig til at det vart ein svært intrikat jobb å passa på at desse reglane vart handheva. Det vart og sett opp reglar for dei viktigaste posisjonane i staten. Presidenten skulle alltid være kristen maronitt, statsministeren skulle alltid være sunnimuslimsk og presidenten for parlamentet skulle alltid være sjiamuslim. Tanken bak dette var sjølvstendig at det skulle være ein så lik som mulig maktbalanse mellom konfesjonane i landet og dei politiske posisjonane. Det er lett å sjå at dette og kan føra til mykje interne stridar og maktkampar innad i det politiske systemet. Det som etter kvart vart ein stor faktor i dette var at den muslimske delen av befolkninga vaks mykje fortare enn den kristne. Dermed speila ikkje lengre denne fordelinga befolkninga, men gav dei kristne ein fordel.

Za’ama systemet er på ingen måte eit nytt fenomen. Forskjellige formar for patron-klient system har eksistert i medelhavsregionen sidan antikken. Det er svært vanskeleg å gje eit klart bilete av korleis za’ama systemet har utvikla seg gjennom middelalderen eller gjennom den Ottomanske perioden. Arnold Hottinger seier i ein artikkel at han ikkje er sikker på om kjeldene rundt dette temaet er mange nok og detaljert nok for å gjera ei seriøs undersøking

⁵ PHARES, Walid 1995: s. 89

eller å trekkja nokon som helst slutningar om dette.⁶ Det han seier er klart er at eit føydalsystem har vore framtrudande i Libanon sin historie. Denne føydalismen utvikla seg til å verta det ein ser att som za'ama systemet i perioden eg behandlar. Det hadde lenge vore eit lokalt system, men gradvis hadde det vorte trekt inn i politikken, og då landet vart sjølvstendig vart dette for alvor trekt inn på den nasjonale politiske arena, og det er dette eg vil sjå nærmare på i denne oppgåva. Kva verknadar hadde det på demokratiet når eit gammalt styresett vart inkorporert i eit nytt?

⁶ HOTTINGER, Arnold i BINDER, Leonard 1966: s. 85

2.0 Kva er za'ama systemet?

I dette kapittelet vil eg freista å gje ei beskriving av kva za'ama systemet er, og kva det inneber. Eg vil kort koma inn på dei historiske tilhøva rundt patron-klient forhold og visa korleis dette har helde seg heilt til dagens Libanon. Gjennom å henta beskrivingar frå ulike forfattarar vil eg gje eit bilete av kva oppgåver og kva ansvar ein za'im hadde. Forfattarane er stort sett samde i definisjonane av za'ama, men dei legg gjerne vekt på ulike sider ved za'ama, og eg vil freista å samla desse slik at ein kan sjå ein heilskap i deira virke. Eg vil vidare sjå på det som vert kalla qabadayat. Dette kan ein kort beskriva som zu'ama sine fotsoldatar. Dei held orden på klientane og sørgde for at dei gjorde slik za'imen sa. Eg vil og sjå kort på korleis patron-klient system fungerer i andre land. Særleg rundt middelhavet i blant land som det er naturleg å samanlikna med Libanon. Spørsmålet er om Libanon er det einaste landet der patron-klient systemet og det politiske livet har ein so sterk samanheng. Til slutt i kapittelet vil eg diskutere om det er fruktbart å sjå på Libanon som eit elitesamfunn i staden for eit klassesamfunn. Ved fyrste augnekast ser det libanesiske samfunnet ut som eit klassisk klassesamfunn, men ser in nærmare på dei strukturane som fantes i styresettet av landet i etterkrigstida ser ein at det ikkje er slik allikevel. Eg synes difor at det kan være til god hjelp å tenkja seg Libanon som eit elitesamfunn for å få ein betre forståing av korleis dei indre mekanismane i landet virka.

Heilt frå antikken har patron – klient forholdet vore ein av grunnsteinane i samfunna rundt middelhavet. I dei aller fleste landa var dette eit system, eller ein tradisjon, som gradvis døyde ut etter kvart som me nærma oss vår eigen tid. I Libanon var dette systemet fortsett levande i stor grad sjølv etter at landet lausreiv seg frå det franske overherredømet og vart ein uavhengig demokratisk republikk i 1943. Det politiske systemet i Romerriket var til dømes bygd på at ein måtte vinna respekt og ære og dermed skaffe seg ein tilhengjarskare, eller klientar, som kunne støtta deg viss du skulle koma deg oppover i det politiske systemet. Ein patron var nesten utan unntak frå aristokratiet og tilrekte seg klientar, som då var bønder som ikkje var heilt ubemiddla. Ved og hjelpa dei økonomisk med investeringar og liknande slik at dei med andre ord sette klientane i gjeld til seg sjølv. Dette er dei same prinsippa som gjaldt for det libanesiske samfunnet i tidsrommet eg behandlar. Om det ikkje utelukkande er det ein kan kalla aristokratiet som innehadde patron status so var det i stor grad velstående

landeigarar som veldig ofte hadde eit familienamn med ein viss status som går langt tilbake i libanesisk historie. Til dømes meiner Arslan familien, ein sterk druser familie, at dei kan spore sitt namn tilbake til pre-islamsk tid. Shihab familien hevdar at dei kan føre slekta si tilbake til Muhammed si tid. Så historia til familien har mykje å seie.⁷ I Romerriket var det eit heilt klart klasseskilje der overklassen, aristokratiet, var den styrande, middelklassen var dei bøndene som hadde patronar til å hjelpa seg og heilt nedst handverkarar og bønder som var utanfor patron - klient forholdet, også kalla plebeiarar. I Libanon kunne ein og argumentere for eit klasseskilje, men kanskje ein like gjerne kan kalle det for eit elitesamfunn? Dette skal eg drøfta litt seinare i kapittelet.

Det som har vore spesielt med Libanon er at det politiske spelet har vore ført på to forskjellige arenaer. Ein offisiell som innbefattar det parlamentariske spelet, og ein uoffisiell der dei personlege, regionale og konfesjonalistiske interessene rår grunn. Dette kan ein kanskje seie er tilfellet med dei fleste demokrati, men i Libanon hadde desse to arenaane veldig lite med kvarandre å gjera, og sjølvsagt er det på den uoffisielle arena dei store og viktige avgjerdene vart tekne. Mange gongar har beslutningar vorte tekne på bakrommet før den parlamentariske debatten i det heile kom i gang, slik at den berre vart eit spel for galleriet.⁸ Av og til verkar det som den offisielle delen av politikken i Libanon berre er eit hinder for politikarane og at dei helst hadde sett at ting vart bestemt og utført bak lukka dører. I så tilfelle opphøyrer jo demokratiet å vera eit demokrati så dei freista å bruka dei politiske instansane til sin fordel som best dei kunne. Dei aller fleste politiske grupperingar i Libanon hadde til felles at dei vart leia av ein *za'im*. Ved val inneheld vallistene mange namn, men alle på lista var som oftast klientar og tilhengjarar av *za'im*en på fyrsteplass.⁹ Det er og interessant at dette systemet gjaldt for alle konfesjonar i Libanon med svært små forskjellar mellom dei.

Eit anna interessant punkt som desse to forfattarane kan belysa er skilnaden mellom den rurale og den urbane *za'im*. Gilsenan ,som gjennom sitt feltarbeid har inngående kjennskap til korleis patron-klient forholdet gjev seg utslag i ein landsby, gjev eit godt bilete av korleis den rurale *za'im* opererer. Johnson er meir oppteken av å gje eit inntrykk av korleis det same systemet fungerer på eit nasjonalt plan, og korleis det påverkar dei politiske prosessane i landet.

⁷ KHALAF, Samir 1987: s. 80

⁸ HOTTINGER, Arnold i The Middle East Journal 1961: s.127

⁹ KHALAF, Samir 1987: s. 93

2.1 Za'ama

Ein *za'im* er leiaren som klientane går til med dei problema dei måtte ha, og han snakkar på vegne av klientane både som privatpersonar og som gruppe.¹⁰ Hottinger definerar ein *za'im* på denne måten:

*"A za'im in the specifically Lebanese and contemporary sense is a political leader who possesses the support of a locally circumscribed community and who retains this support by fostering or appearing to foster the interests of as many as possible from amongst his clientele."*¹¹

Det er spesielt i saker av økonomisk natur slik som forretningar og liknande at ein *za'im* kan vera til hjelp. Ein *za'im* gjer også ofte forretningar med klientane sine ved til dømes å være landeigar, arbeidsgivar eller å hjelpe dei økonomisk med lån eller investeringar. Ein *za'im* kan og fungera som meklar mellom personar og familiar i sitt område. Dette kunne ofte vera ein stor del av hans rolle sidan familiefedar var svært vanlege, og begrep som blodhemn og vendetta var nesten daglegdagse. Ofte har klientar ei veldig tru på patronen sin. Kamal Joumblatt, ein av dei store drusarledarane, seier i sin sjølvbiografi:

"On Sundays, in our house, the people of the neighbouring area come to greet us and to ask questions. [] I am their talking newspaper."

*"They sometimes come to consult us about their personal problems, the projects they would like to carry out in the village, even their medical problems."*¹²

Her kan ein sjå kor høgt klientane verdsette sin patron og såg på han som ein allvitar som kan ordna alle deira problem. No skal ein hugsa at desse utsegna er henta frå Joumblatt sin eigen biografi og at det kan vera eit forsøk på å opphøgja seg sjølv, men eg vil allikevel sei at det visar ei viss hengivenhet for patronen sin. Noko som kanskje ikkje var så rart sidan det var patronen som kunne hjelpa dei, særleg i saker som gjaldt det offentlege. For det er ingen tvil om at *za'im*en var nyttig for klientane i mange høve. Det fanst mange saker som ein vanleg

¹⁰ HOTTINGER, Arnold i The Middle East Journal 1961: s. 128

¹¹ HOTTINGER, Arnold i BINDER, Leonard 1966: s. 85

¹² JOUMLATT, Kamal 1982: s. 32

innbyggjar ikkje hadde særleg innflytelse over. Då var det sjølv sagt nyttig å ha ein innflytelsesrik za'im som kunne trekkja i trådar for seg.

*"As I am their parliamentary representative and have a little influence in the state, they rely on me to build this or that school, a particular road, a new water pipe: in short, to deal with everything which concerns public services."*¹³

Her seier Joumblatt sjølv at det var han som måtte få ting gjort nå det gjaldt offentlege oppgåver, og det er klart at klientane hans måtte stola på at han fekk jobben gjort. Joumblatt var som sagt ein av dei store za'imane og som partileiar i The Progressive Socialist Party, (PSP), som stort sett besto av hans klientar og tilhengjarar og som leia an venstresida i parlamentet, hadde han god påverknadskraft og kunne sørgja for å halda klientane sine fornøgde. Joumblatt var ein statsmann med ambisjonar og ministerpostane han hadde var ikkje nok for dei planane han hadde for staten Libanon. Han freista ved eit høve å endra grunnlova slik at ikkje berre maronittar kunne verta president. Hadde han lukkast med det er det ein stor sjanse for at han hadde vorte den fyrste muslimske presidenten i Libanon. I dette sitatet ser me og ein av fleire svakheiter ved systemet. Ansvar som, i eit demokrati, bør være statleg var her zu'ama sitt ansvar. Skulevesen, vegar og helsevesen var i stor grad opp til kvar za'im å skaffa til sine klientar. Dermed vart fordelinga av godar svært skeiv. Alt stod og falt på kor innflytelsesrik den enkelte za'im var og kva posisjon han hadde i Beirut der dei aller fleste avgjersler vart tekne.

Patron-klient systemet er ikkje unikt for Libanon. Sabri Sayari seier i sin artikkel *"Political patronage in Turkey"*¹⁴ at dette systemet fans og i stor grad i Tyrkia. Der var og representasjonen vertikal og det var liten grad av horisontal integrasjon. Her skriv han og at mange studiar av utviklingsland har misslykkas på grunn av at ein antar at folket kan ivareta sine politiske interesser saman med folk med like interesser og mål.

*"Yet, an impressive array of evidence from studies on the social bases of politics in Asia, Africa and Latin America indicates that interest representation in these societies is channelled mostly through vertical ties which cut across horizontal solidarities."*¹⁵

¹³ JOUMBLATT, Kamal 1982: s. 32

¹⁴ SAYARI, Sabri i GELLNER, Ernest og WATERBURY, John 1977: s 103

¹⁵ SAYARI, Sabri i GELLNER, Ernest og WATERBURY, John 1977: s 104

Dette vil eg sei også gjeld for det libanesiske samfunnet. Motstanden mot patronane er slik eg forstår det av den litteraturen eg har lest overraskande liten. Dette kan være nettopp fordi ein ikkje kan samla seg som eit folk eller ein klasse om du vil og setja makt bak folket sine interesser. Dei gruppene som held ilag er stort sett for små eller har for lite påverknadskraft til å gjera noko med den situasjonen dei er i. Eit anna relevant spørsmål er og om dei faktisk er nøgde med denne situasjonen. Dette er sjølvsagt svært vanskelig å måla eller få eit eintydig svar på. Når ein les David Gilsenan si bok kan ein få følelsen av at det han opplever er at denne måten å forholde seg til makt og maktpersonar er så sterkt tradisjonsbunden at ein ikkje ser nytten med å endra noko. I og med at familie og forfedre er så viktig i Libanon kan det hende at ein ikkje vil godta at forfedrane kanskje tok feil når det gjaldt korleis både landet og dei små samfunna skal styrast. Eit anna viktig element i at det ikkje skjer forandringar frå grasrota er at ein patron sjølvsagt gjer sitt ytterste for å halda på den makta han har ved å sørgja for at klientane hans til stadigheit på ein eller annan måte er avhengige av han og er best tent med å la ting være som dei er.

Ein kan skilje mellom to typar av *za'im*; den agrare og den urbane. Det er klart at det var forskjell på ein *za'im* på landsbygda og ein *za'im* i Beirut eller Tripoli så oppgåvene og forventningane til dei to typane er sjølvsagt litt forskjellige. Den agrare er meir sannsynleg landeigar og kunne på mange måtar seiast å likna på ein føydalherre, sjølv om føydalismen vart avskaffa rundt 1860. Han kunne distribuera ut landområde som klientane fekk dyrka, mot å få gjentjenester, respekt og ikkje minst stemma til klienten og hans familie ved val. Den urbane var på den andre sida meir ein investor i klientane sine føretak i byane. Hovudpoenget i begge si verksemd er at klienten på ein eller annan måte skal stå i gjeld til patronen. På ei annan side var ikkje alltid forskjellen så stor sidan innbyggjarane i byane ofte har ei sterk tilknytning til landsbyane dei eller familien kjem frå. Ofte har 3. og 4. generasjons innflyttarar til byane større tilknytning til landsbyen forfedrane deira kom frå enn til byen dei bur i. Det er på det uoffisielle planet at makta til *za'imane* kjem til uttrykk. Her kan dei fritt fremja sine eigne og klientane sine interesser. Det ser ut som om klientane ikkje tar opp saker med sine representantar som politikarar, men heller som patronar. Ein tredje type *za'im* er den som ikkje har arva posisjonen sin, men som skapar seg eit namn og ein posisjon på eiga hand. Dette er sjeldan, men det førekom frå tid til annan. Ein ny patron kunne då ikkje begynna med å lage eit politisk manifest for så å freista å skaffa seg tilhengjarar på den måten. Han starta

med å skaffe seg klientar som seinare kunn hjelpe han på vegen til makt og posisjon.¹⁶ Det var altså mykje viktigare å skaffa seg ein tilhengjarbase på eit meir personleg plan enn det å ha ein god politisk ståstad som kunne samla veljarar. Politiske program var svært sjeldan noko anna enn eit nødvendig vonde som måtte til for å sjå ut som eit politisk parti. Politikken vart i stor grad lagt opp frå sak til sak. Litt etter kva patronen og klientane sine behov var.

Korleis vart ein, ein *za'im*? Dette er vanlegvis ein nedarva posisjon. Ein må ha pengar, makt og innflytelse for å fungera som ein god patron, difor er dette viktige eigenskapar for å vera og halda på posisjonen som *za'im*. Det er ikkje nødvendigvis eldste sonen som tar over faren si makt. På grunn av dei krava eg nemnde er det den sonen som er best skikka til jobben som tar over.¹⁷ Eit anna punkt eg har nemnt tidlegare er at familien hadde røter langt tilbake i libanesisk historie. Makta som *zu'ama* hadde kan vere vanskeleg å forklare viss ein tenkjer etter vestlege prinsipp. Labib Z. Yamak seier at makta er tradisjonell. Med det siktar han til at *za'im* familiane var gamle og velrenommerte og kunne difor gjera krav på stor respekt.¹⁸ Eit anna aspekt var og at dei var svært velstående og hadde difor midlar til å hjelpa folk med investeringar og liknande, eventuelt for å setja klientane sine i gjeld til patronen slik at han hadde endå større kontroll med dei.

Eit anna viktig spørsmål er om *za'imane* og var religiøse leiarar. Svaret på dette spørsmålet er ikkje eintydig. Det var litt forskjellig frå *za'im* til *za'im* om han fungerte som ein slags religiøs leiar for klientane sine. Som Kamal Joumblatt sjølv seier det i sin sjølvbiografi:

*”Strictly speaking I am not a religious leader, but I have studied Drusism sufficiently to be able to offer some analyses.”*¹⁹

Det fins mange fleire døme i litteraturen på patronar som fungerte som ein uoffisiell religiøs veileidar og rådgjevar. I Kamal Joumblatt sitt tiffelle var han ein svært belest mann og det var ikkje utan grunn klientane hans vendte seg til han for råd i saker som gjaldt religion. Det at mange *za'imar* også vart sett på som religiøse overhovud styrka sjølvstøtta banda og respekten klientane hadde for patronen. Dette forsterkar antakinga om at partia i Libanon stort sett har veljarar frå same konfesjon som partileiaren. Joumblatt hadde stort sett drusiske veljarar, og

¹⁶ KHALAF, Samir 1987: s. 87

¹⁷ HOTTINGER, Arnold i *The Middle East Journal* 1961: s. 130

¹⁸ YAMAK, Labib Z. i BINDER, Leonard 1966: s. 149

¹⁹ JOUMLATT, Kamal 1982: s. 33

hans parti var eit av dei som hadde mange stemmer frå andre konfesjonar og. Men det er på langt nær berre konfesjon som bestemmer partitilhøyrigheit. Regional tilknytning har og mykje og seia blant anna, men dette skal eg koma tilbake til i eit seinare kapittel.

Det eg på mange måtar vil freista å finna ut i denne oppgåva er om *za'ama* systemet har brakt dei gamle tradisjonane inn i det nye styresettet? Ved fyrste augnekast kan det absolutt virka sånn. I mange tilfelle er det dei store *za'imane* som vart partileiarar for dei mange partia i landet og styrte desse med nærmast diktatorisk makt. Eg nemnde tidlegare at hovudpoenget i patron – klientforholdet var at klienten på ein eller annan måte skal stå i gjeld til patronen. Michael Johnson, som av mange vert rekna som ein autoritet på området, seier i si bok *All Honourable Men* at når han skulle studere fenomenet *za'ama* var det svært fruktbart å bruka studiar av italiensk mafia som eit instrument. Det er sjølv sagt ikkje heilt det same, men det er visse likskapar i maktstrukturen til dei to systema. Han nemner blant anna ei anekdote frå då han var på kino i Beirut i 1972 og såg mafiafilmen *Gudfaren*. Fleire gongar i løpet av filmen kom det spontan applaus og tilrop frå salen i begeistring og beundring for "The Don" i Marlon Brando sin skikkelse. Spesielt då "The Don" seier om nokon han seinare i filmen på ufint vis tvingar til samarbeidsvilje: "*He is a businessman, I'll make him an offer he can't refuse.*" Johnson seier her at dette var datidas politiske system i Libanon på lerretet.²⁰ Dette synes eg er eit fint døme på kor mykje makt ein *za'im* kunne ha. Maktstrukturane i *za'ama* systemet bevegde seg på ei fin line mellom respekt og frykt. *Zu'ama* vart respekterte fordi dei var ærefulle menn som ofte hadde ein familiehistorie som strakk seg langt tilbake der forfedrane og var leiarar eller *zu'ama*. Den makta dei hadde kan på mange måtar seiast å vera veldig tradisjonsbunden. Det var ikkje den med dei beste leiaregenskapane som vart *za'im*, men den som kom frå den rette familien. Dette ser og ut til å ha vore akseptert blant folk flest.

Det fins mange eksempel på at *za'imar* har opptreidd i overkant autoritært og arrogant og har utnytta maktposisjonen sin. Eit godt døme kan vere Rashid Karimi som hadde rykte på seg for å ha ei svært kort lunte og var ein stor *za'im* i Tripoli og då følgjeleg sunnimuslim sidan Tripoli og omkringliggjande område er hovudsakeleg busett av sunniar. Karimi vart i 1955 utnemnd til statsminister og er fortsett den yngste statsministeren i Libanons historie sidan han berre var 30 år då han vart innsett. Ved gjentekne høve seiast det at Karimi skal ha slått til politiske motstandarar som sa han imot eller fornærma han. Ved eit anna høve skulle han, på

²⁰ JOHNSON, Michael 2001:s. 118

sjølvstendedagen, leggja ned ein krans på grava til faren. Det hadde før denne dagen regna mykje og bakken var glatt og gjørmete. Han beordra då tre av livvaktene sine til å leggja seg på magen i gjørma slik at han kunne gå tørrskodd over dei.²¹ Suleiman Frangieh var og ein autoritær leiar. Dette kom til uttrykk då han var president i landet dei siste åra før borgarkrigen. Ein kan seie at han heva seg langt over dei ”vanlege” folka i Libanon og styrte landet utan særleg mykje omtanke for kva effekt hans handlingar hadde for dei svakare stilte i samfunnet. Frangieh kjem eg tilbake til på slutten av kapittel fire.

Ein kan absolutt hevda at eit kvart land som står overfor ein transisjon til demokrati ikkje kan lukkast med alle aspekt ved demokratiet dei fyrste åra. Kvar nasjon har sin historie og sine tradisjonar som ein ikkje kan snu om på over natta. Demokrati er heller ikkje eit veldig spesifikt begrep. Det fins mange variantar av demokratiet. Ein behøver ikkje gå lengre, for å finna eit tilfeldig døme, enn til forskjellane mellom Noreg og England som har to heilt forskjellige variantar av demokrati. I transisjonsprosessen må kvart land difor freista å finna den varianten som vil fungera best for det særskilte landet. Ein kan til dømes sjå på Aust-Europa som har vore igjennom ein demokratiseringsprosess for ikkje so lenge sidan. Her har kvart land skapt seg sin eigen form for demokrati alt etter dei forskjellige landas behov og tradisjonar. Ifølge Arend Lijphart var Libanon før borgarkrigen eit godt døme på korleis eit konsensusdemokrati fungerte.²² Eit konsensusdemokrati oppstår helst i land der skiljelineane er mange og store. Det sikrar dermed at dei mange partia og grupperingane som vil oppstå i eit slikt land, alle vil ha litt å seie. Andre gode eksempel på konsensusdemokrati er Sveits og Belgia med sine språklege og religiøse skiljeliner. Motsetninga til konsensus er Westminstermodellen som ein finn til dømes i England. Dette er eit topartisystem der det eine av partia har fleirtal i folkeforsamlinga, og som difor kan styre ganske åleine. Lijphart seier i si bok ”*Democracies*” at i plurale samfunn slik som Libanon vil eit slikt system ikkje berre være lite representativt og udemokratisk, men og direkte farleg fordi minoritetar som ikkje har tilgang til makt vil føla seg ekskludert og diskriminert og missa si tillit og tilhøyrighet til regimet.²³ Eg vil seie meg einig i at denne utsegna sidan det finst mange eksempel på at diskriminerte grupper har starta opprør og utøvd terror mot makthavarane. I Libanon vart det gjort store tiltak for å freista å hindra ei slik utvikling. I grove trekk vart det sett opp ein fordelingsnøkkel med 6 til 5 ratio, slik at for kvar sjette kristne skulle det være 5

²¹ GORIA, Wade R. 1985: s. 68-69.

²² LIJPHART, Arend 1984: s. 40.

²³ LIJPHART, Arend 1984: s. 22

muslimar representert i folkeforsamlinga. Fordelinga byggjer på den siste offisielle folketeljninga i Libanon frå 1932. Det vart og sett opp ei fordeling som gjorde at presidenten alltid skulle vera maronitt, statsministaren sunnimuslim og speaker of the house skulle vera sjiamuslim. Fordelingsnøkkelen var sjølvsagt mykje meir omfattande enn det eg har skissert her, men dette er viktige poeng. Denne fordelingsnøkkelen var og ein årsak til splid i det politiske miljøet. Sidan 1932 har den muslimske delen av befolkninga økt kraftig. Dette fins det ingen nøyaktige tal for på grunn av at maronittane har nekta å ta ei ny folketeljning sidan dei veit at fordelingsnøkkelen som er til deira fordel vil måtta bli endra og dei vil tapa makt. Dei maronittiske *za'imane* gjer difor alt dei kan for å hindra ei ny folketeljning. Demografi er altså eit svært betent tema i Libanon.

Valsystemet i Libanon var og ei viktig brikke i spelet om posisjonar mellom *zu'ama*. I perioden eg behandlar har valsystemet vore det same, men organiseringa av det har vore litt ulik. Frå kvar valkrins skulle det koma eit bestemt antal representantar frå kvar konfesjon. For at ikkje maronittane kunn skulle stemma på maronittar, eller sunnimuslimar kunn skulle stemma på sunnimuslimar vart det ordna slik at det vart satt opp lister med det antalet representantar som skulle koma frå kvar krins med det gitte antalet frå kvar konfesjon. Pierre Rondot gjev eit godt døme i sin artikkel: "The Political Institutions of Lebanese Democracy." I 1943 i ein valkrins i Nord-Libanon skulle det koma fem sunnimuslimar, fem maronittar og to gresk-ortodokse. Kandidatane forma då lister som bestod av det nødvendige antalet frå kvar konfesjon. Deretter måtte kvar veljar stemma på ein av desse listene. Dette vart gjort for at veljarar skulle stemma på kandidatar frå andre konfesjonar. Dermed var representantane i parlamentet vald av heile nasjonen og ikkje berre si klientgruppe.²⁴ Det som endra seg var korleis valkrinsane vart inndelte. I byrjinga av perioden var det eit lite antal store valkrinsar, nærmare bestemt 9 valkrinsar for 77 representantar. Fordelen med dette var i teorien at ingen kandidat vart vald berre få sin eigen konfesjon. Alle kandidatar som vart stemd inn i parlamentet viste at dei var aksepterte frå veljarar frå andre konfesjonar og. Bakdelen var at *zu'ama* ofte sette opp lister med sine klientar og tilhengjarar for så å pressa lista gjennom ved hjelp av si makt og innflytelse. I 1953 vart det gjort ei endring i denne ordninga. Då vart antalet valkrinsar auka til 33 og antalet representantar minka til 44. Dette førte sjølvsagt til at listene vart borte og det vart einmannslister. Ein *za'im* måtte difor laga si eiga liste. Dette førte til større rivalisering mellom dei enkelte *za'imar*, men på den andre sida vart resultatet at

²⁴ RONDOT, Pierre i BINDER, Leonard (ed.) 1966: s. 131

det var mindre sjans for at ein za'im kunne ta alle plassane frå sitt område ved hjelp av sine klientar og allierte. I mange tilfeller var allikevel provinsane så homogene at den mektigaste za'imen fekk "sine" representantar inn i parlamentet med dette systemet og. Vidare i perioden skjedde det to endringar. I 1957 vart det endra til 28 valkrinsar og 88 representantar og i 1960 vart det igjen endra til 19 distrikt og 99 representantar. Dette vart ein mellomting mellom dei to føregåande ordningane og sørge for at valet vart meir rettferdig. Valkrinsane vart og lagt opp til at det skulle være ein viss fordeling i konfesjonar blant veljarane.²⁵ Det fanst, som me ser, mange måtar for zu'ama å utnytt systemet, og det ser det ut som dei gjorde som best dei kunne ifylgje litteraturen. Til dømes var desse omveltingane i valkrinsar svært ofte den sitjande presidenten sine freistnader på å gjera valkrinsane mest mogeleg fordelaktige for seg og sine tilhengjarar.

2.2 Qabadayat

Dette er eit fenomen som er ganske vagt definert i litteraturen. Det skyldast nok at dette er ein relativt ukonsolidert institusjon. Dette er so vidt eg har funne ut gjennom litteraturen eg har lest eit ganske unikt fenomen for Libanon, i alle fall når det er snakk om eit statleg system. Ein kan, som Michael Johnson gjer fleire gongar i si bok, samanlikna oppbygginga av za'ama systemet med italiensk mafia. Her finne ein og eit strengt hierarki der kvar gruppe har sine oppgåver. Qabadayat vil då kunna samanliknast med dei som gjer grovarbeidet for leiaren. Dette er på fleire måtar akkurat det ein qabaday gjer. Wade R. Goria beskriv og qabadayat som "strong-arm men" som ein za'im brukar som livvaktar eller beskyttelse, i tillegg til at dei er der for å halda orden i rekkjene blant klientane.

Libanesarar flest vil nok hevde at tittelen qabadayat kjem frå ordet *qabaday* som på arabisk tyder å gripe eller halde. Men ein kan finna det same ordet på tyrkisk, *kabadayi*, og her vert det brukt for å beskrive ein eventyrar eller til og med ei bølle. Den tyrkiske forma kjem av to ord: *kaba* som tyder vanleg eller vulgær, og *dayi* som tyder onkel på morssida. Qabadayat er ifylgje Johnson fyrst brukt under det Ottomanske riket som Libanon jo var ein del av. Det er difor like sannsynleg at det tyder "vulgær onkel" (på morssida). Dette er interessant på grunn av at onkel på morssida hadde ein rolle i skuggen av onkel på farssida i det Ottomanske riket, og i Libanon i det tidsrommet eg behandlar. I det libanesisk muslimske samfunnet var nemleg

²⁵ RONDOT, Pierre i BINDER, Leonard (ed.) 1966: s. 132

det ideelle ekteskapet for ein mann å gifte seg med sin fars brors dotter. I eit slikt strengt patriarkalsk samfunn hadde altså qabadayat ein sjølvmotseiande rolle. Han skulle både beskytte den patriarkalske orden, men var sjølv satt litt på sidelina på grunn av patriarkiet. Ein ung ugift mann ville dermed sjå på sin onkel på farssida som ein potensiell svigerfar og han måtte difor behandlast med respekt. Onkel på morssida derimot var i stor grad på likefot med den ugifte. Han måtte difor bevisa si ære på andre måtar og var ofte dei sterkaste beskyttarane av systemet. Dette førte til at dei ofte var modige og fryktlause, men kunne samtidig være uforutsigbare og i enkelte tilfeller voldelege.²⁶

Det fins fleire beskrivingar på kva det inneber å være qabadayat, men ingen eintydig beskriving som kan nyttast til å generalisera den rolla dei hadde. Nokre forfattarar beskriv dei som livvaktar andre igjen som småkriminelle som kan samanliknas med mafiaen sine grovarbeidarar. Michael Johnson er den einaste forfattaren som freistar å gå i djupna for å undersøkje dette fenomenet. Mange andre forfattarar brukar begrepet, men ein får ikkje eit klart bilete kva oppgåver qabadayen har. Til dømes seier Johnson:

”A second form of honour was the respect claimed by a man who was willing to use violence to establish and maintain his leadership. This was more associated with the za’ims’ lieutenants or ‘qabadays’ (qabadayat), most of whom had claimed honour by killing or otherwise defeating a rival.”²⁷

Han seier vidare at desse qabadayat var kriminelle og bråkmakarar som særleg hausta stor respekt blant fattige og som vart brukt av ein za’im for å halde orden på og organisera klientane hans. Av dette kan ein slutta at vold og voldsomakt var ein svært viktig del av den libanesiske kulturen. Historisk sett har blodhemn og andre formar for vold vore ein stor faktor i det libanesiske samfunnet. Eg vil ikkje gå so langt som å kalla det barbarisk, men viljen til å ta loven i eigne hender og å oppnå rettferd på den måten var heilt klart mykje meir vanleg enn det me er vant men ifrå vårt samfunn. Dette har sjølvsagt å gjere med at det ikkje fanst ein sterk stat som kunne ta vare på folk sine interesser, men det er og ein svært gamal tradisjon at ein skulle gjenoppretta si eiga ære viss ein vart krenka på noko måte. Dermed var det ikkje eit klart behov for effektive domstolar sidan misgjerningar vart hemna på denne måten. Dette er i mine auger ein arkaisk og svært usivilisert måte å ordna opp i tvistar og ueinigheiter på. Ein

²⁶ JOHNSON, Michael 2001: s. 47-48

²⁷ JOHNSON, Michael 2001: s. 25

skal være svært forsiktig med å kritisera andre kulturar sine måtar å løysa problem på, men når det inneberer slike voldlege element synes eg det er på sin plass å kritisera det. Det fins mange dømer på at za'imar som har vore i konflikt med andre za'imar har vorte tatt av dage. Dette skjer også i dagens Libanon. Den saken ein kanskje hugsar best frå nyare tid er attentatet på tidlegare statsminister Rafik Hariri. Svært mange av dei za'imane eg nemner i denne oppgåva fekk ein unaturleg død. Nokon av dei mest kjente er Kamal Joumblatt som vart drepen i 1977, men i dette tilfellet er dei fleste einige i at det var Syria som hadde bestilt drapet. Eg trur denne voldstradisjonen er svært vanskeleg å forstå for folk som ikkje har vokse opp med dette. Dette har og mykje å seia for maktgrunnlaget til qabadayat. Dei vart respektert for si fryktlausheit, men og frykta av dei same grunnane. Dermed hadde dei ein fin balanse mellom respekt og frykt som gjorde at folk både respekterte deira meiningar og ikkje torde å sei imot dei.

Eit av kjenneteikna til zu'ama ar at dei har svært god kontroll på klientane sine. Som eg før har nemnt er den mest brukte metoden å setta klienten i eit avhengigheitsforhold til za'imen. Dette fungerer stort sett, men ein za'im vil gjerne ha full sikkerheit om at klienten fylgjer han og ikkje minst gjev han si stemme ved val. Det er her qabadayat kjem inn som ei slags privat politimakt som kan sørgja for at klientane aksepterer og fylgjer za'imen sitt leiarskap. Qabadayen kan og ta til våpen og sloss mot rivaliserande zu'ama viss det skulle være nødvendig. Då opptre dei som ein privat livgarde som beskyttar leiaren sin og kan og utføra angrep mot andre zu'ama. Johnson skriv og mykje om qabadayat i ein artikkel som heiter "Political bosses and their gangs: Zu'ama and qabadayat in the Sunni Muslim quarters of Beirut."

*"The qabadayat are not a new phenomenon [], and there are countless myths, particularly about those who operated in the early part of this century. In these stories the qabadayat aided the weak and the poor, fought against Christian attacks on Muslims, and protected the Sunni quarters against the excesses of the Turkish and French governments."*²⁸

Dette kan være ein del av grunnen til at qabadayat var så høgt respektert og frykta. Dei hadde tidlegare vore menn som kjempa for dei fattige og forsvarslause og hausta difor stor respekt

²⁸ JOHNSON, Michael i GELLNER and WATERBURY 1977: s 212

frå denne delen av befolkninga. Det at deira posisjon hadde vorte endra ein del opp gjennom åra til å vera ein handhevar for dei politiske leiarane ser ikkje ut til å ha den verknaden på deira rykte som ein kanskje skulle tru. Dei var like fullt sett på som menn av folket som kjempa for folket sin sak.

I perioden eg behandlar var ikkje qabadayat lengre ein institusjon som sloss for folk flest sine rettar. Dei hadde vorte ein svært viktig del av zu'ama sitt maktapparat.

”The most important part of the za'im's apparatus is the core of qabadayat. During elections, they act as ‘election keys’ and ensure that the za'im's clientele vote for him and his allies. Between elections they recruit supporters, channel requests for services, and organise mass demonstrations of support.”²⁹

Johnson meiner altså at qabadayat var den viktigaste delen av zu'ama sitt styre. Dette kan ein lett forstå når ein ser korleis qabadayat fungerte som ein privat politistyrke og sørge for at klientane gjorde som za'imen sa. Eit interessant poeng ved dette er at za'imen tilsynelatande ikkje hadde full kontroll på sine klientar. Viss han ikkje kunne skaffa dei fordelane dei tykte dei hadde rett på kunne dei til dømes stemma på ein av hans motstandarar ved val og dermed ta ifrå za'imen den maktposisjonen han hadde opparbeidd seg. Difor trong han qabadayat som kunne fungera som hans augo og øyrer i lokalsamfunnet og som kunne utføra oppgåver for za'imen. Ein qabaday kunne og ha ein liten organisasjon under seg som kunne assistera han i sine oppgåver. Mange qabadayat fekk merka at det var mest teneleg å halda denne organisasjonen minst mogeleg sidan det ofte var personar med ambisjonar om å sjølv verta qabaday som søkte slike posisjonar. Dermed vart den eksisterande qabadayen til stadigheit utfordra av andre som ville ta hans jobb, og med dei metodar som vart brukt i dette miljøet var for mange slike utfordrarar ein stor trussel mot eiga liv og helse.

Det Michael Johnson beskriv i denne artikkelen er korleis dei urbane qabadayat fungerte. Skilnadar på desse og på dei qabadayat som opererte i dei meir rurale strøka av Libanon kan ein nok finna fleire av. Dei rurale zu'ama hadde ikkje dei same vanskane med å halda på klientmassen sin. Dette var stort sett på grunn av at alternativa var svært få eller ingen. Dermed fekk den rurale za'im meir ro og hadde nok og eit nærmare forhold og betre oversikt over sine klientar. Michael Gilson skriv i si bok *”Lords of the Lebanese Marches”*, som eg

²⁹ JOHNSON, Michael i GELLNER and WATERBURY 1977: s 214

vil komma nærmare tilbake til i eit seinare kapittel, om ei sosial gruppe kalla agha. Dette er etter det eg kan sjå eit anna namn på qabadayat og dei hadde stort sett dei same oppgåvene. Denne gruppa var za'imen sine nærmaste allierte.

”Men of this group, [], possess small or medium-sized land holdings across the plain into Syria, as well as acting as companions, gunmen and administrators for the beys.³⁰ They are the most immediate allies in defence of the landed interest.”³¹

Agha vart altså brukt som ein lokal hær i enkelte tilfeller. Za'imen kunne kalla ut desse viss han hadde feidar med andre za'imar i nærliggjande områder. Det var difor svært viktig for ein za'im å halda denne gruppa nøgd med han som patron slik at dei ville gjera sitt beste for han viss det var behov for det. Det var og eit viktig poeng at dei åtte land sjølve slik at dei hadde noko personleg å forsvara mot angrep utanfrå.

Når ein ser dette systemet, og då spesielt på korleis dei urbane qabadayat, fungerte kan ein undra seg over om kor stor graden av demokrati eigentleg var i Libanon. Klientar var under sterkt press frå fleire partar for å gje si stemme ved val til den za'im som dei sorterte under. Eit av dei sterkaste indikatorane på demokrati er frie val, og om dette var frie val kan absolutt diskuteras. Fleire av forfatarane eg har lest stillar store spørsmål ved akkurat dette. Stemmegivinga var organisert slik at ein skulle reisa til den landsbyen eler regionen ein kom ifrå for å gje si stemme. Under mindre forhold enn til dømes i Beirut var det enklare for qabadayat å styra stemmegjevinga. Her hadde dei fritt spelrom sidan poiltimyndigheita i landsbyane svært ofte var styrt av den respektive za'imen.

2.3 Patron – klient i andre land

Det fin veldig mykje litteratur rundt temaet patron-klient. I det vesle utvalet eg har lest, som har vore mest retta på samfunna rundt Middelhavet, ser eg at mange land i denne regionen har liknande patron-klient forhold som i Libanon. Det som allikevel gjer at akkurat Libanon stikk

³⁰ I likskap med at agha er eit anna namn på qabadayat, er bey eit anna namn på za'im.

³¹ GILSENAN, Michael 1996: s 5

seg ut er den samansmeltinga som har skjedd mellom patron-klient forholdet og det demokratiske styret. Ikkje i noko anna land eg har lest om har dette forholdet påverka korleis demokratiet utvikla seg i so stor grad. Rundt Middelhavet fins det fleire formar for patron-klient forhold. Ifrå veldig små grupper i agrare delar av regionen til store organisasjonar som mafiaen i Italia. Desse formene kan ikkje utan vidare samanliknast med kvarandre, men det er mange av dei same mekanismene som trer i kraft. Ernest Gellner og John Waterbury har satt saman ei svært god artikkelsamling om patron-klient forhold i land rundt middelhavet. Denne boka gjer eit innblikk i korleis dette forholdet fungerer i ulike land og samfunn. Tre av artiklane er skrivne om Libanon, og Michael Johnson og Michael Gilson har skrivne to av dei. Desse to forfattarane kjem eg tilbake til i kapittel tre.

Sydel Silverman skriv i ein artikkel om patron-klient forholdet som ein myte. Dette byggjer han på eit feltarbeid han gjorde i sentrale delar av Italia. Her vart begrepet patron, eller *padrone*, brukt om landeigaren i små jordbrukssamfunn. Her var det ofte ein landeigar som eigde størstedelen av jorda og fleire familiar som arbeide på og dyrka hans jord. Då Silverman tok dette forholdet nærmare i augnesyn på eit feltarbeid i 1960 kunne han ikkje finna nokon utveksling av varer eller tenester utanom det vanlege. Det vart då klart at begrepet *padrone* berre vart brukt som ein betegnelse på landeigaren meir enn ein posisjon han faktisk hadde. Begrepet hang igjen ifrå eldre tider, men med utviklinga hadde dette avhengighetsforholdet vorte vaska vekk.³² I dette tilfellet overlevde ikkje det tradisjonelle patron-klient forholdet moderniseringa i samfunnet. Avhengighetsforholdet var ikkje lengre teneleg, men dei gamle begrep vart hengjande igjen. Her var heller ikkje den størrelsesorden i klientgruppene som ein kunne finna i Libanon. Dette var snakk om ei landeigar og nokre få familiar. Med å kalla patron-klient systemet for ein myte her reknar eg med at han meiner at forholdet stort sett berre eksisterar i språket og ikkje lengre har nokon spesifikk funksjon i samfunnet.

*”The breakdown of most vertical hierarchies and their replacement by horizontal ties has been a critical turning point in the structuring of mass politics in the industrialised Western nations.”*³³

Dette skriv Sayari i ein artikkel om politisk patron-klient forhold i Tyrkia. Dette er det viktig å forstå for å skjønna korleis samfunn som Libanon er bygd opp. Interaksjonen mellom folk av

³² SILVERMAN, Sydel i GELLNER, Ernest og WATERBURY, John (ed.) 1977: s. 8

³³ SAYARI, Sabri i GELLNER, Ernest og WATERBURY, John (ed.) 1977: s. 103

same klasse er svært lav i land der patron-klient systemet står sterkt. Tyrkia hadde og eit sterkt patron-klient system. Det var viktig å kjenna og laga alliansar med dei rette folka viss du ville oppnå noko, spesielt politisk, men og i andre høve.

”The importance of patronage as a means for either strengthening one’s status or for achieving particularistic goals is clearly recognised by most citizens. Establishing proper connections with the right people, therefore, assumes priority in all types of social interactions.”³⁴

Dette gjaldt spesielt i politikken seier han. I parlamentet var dette svært synleg på venteromma til dei ulike politikarane. Her sat ofte folk frå provinsane og venta på å få snakka med sin representant om problema på heimstaden. Dette liknar mykje på slik det var i Libanon, men eg får inntrykk av at zu’ama hadde eit mykje tettare band til landsbyen og heimstaden sin enn det Sayari beskriv i Tyrkia. Det som slår meg når eg har lest om patron-klient forhold i andre land er at det ikkje på same måten er so framtreddande i samfunnet. Slik som i Tyrkia der ein måtte kjenna dei rette folka for å koma nokon veg, men det kan ein og hevda gjeld for det norske samfunnet. Mykje avheng av nettverk og kven du kjenner. I Libanon derimot var det langt viktigare som klient å ha ein sterk za’im. Hadde ein ikkje det, men måtte klara seg på eigenhand, kunne ein risikera å verta støytt ut av samfunnet og gå glipp av dei goda za’imen kunne tilby. Det som skil patron-klient forholdet frå vår form for kjennskap og nettverking er at partane på ingen måte var på likefot. Allikevel var det eit forhold av gjensidig avhengigheit. Som James Scott skriv i sin artikkel ”Patronage and exploitation”:

“While a client is hardly on an equal footing with his patron, neither is he entirely a pawn in a one-way relationship. If the patron could simply issue commands he would have no reason to cultivate a clientele in the first place.”³⁵

Det er difor ikkje berre klienten som treng patronen, men patronen er og avhengig av å ha ei lojal klientmasse.

³⁴ SAYARI, Sabri i GELLNER, Ernest og WATERBURY, John (ed.) 1977: s. 104

³⁵ SCOTT, James i GELLNER, Ernest og WATERBURY, John (ed.) 1977: s. 22

I Gellner og Waterbury si bok er det beskrevet fleire land som har ein form for patron-klient forhold. Algerie, Tunisia, Egypt og Jordan er alle land der ein eller annan form for eit slikt system er til stades i samfunnet. Det som skil Libanon frå desse er dei tette banda mellom statleg styring og patron-klient. Eg har ikkje lest om noko anna land som har det same politiske systemet som Libanon har. Korleis kan det ha seg at patron-klient systemet har fått so godt fotfeste i akkurat Libanon? Det som verkar openbart for meg er at dei konfesjonalistiske og også dei regionale motsetningane skapar ein svært god grobott for slike forhold. Det var slett ikkje berre mellom kristne og muslimar at motsetnadane var store. Mellom ulike landsbyar som låg tett ved kvarandre kunne konfliktane og uvennskapet vera stort. Det kunne handla om viktige lokale ressursar som til dømes landbruksjord eller vasskjelder. Slike konfliktar kunne ofte gå langt tilbake i tid og hadde vore eit stridsspørsmål i fleire generasjonar. Dette skapte behovet for å ha sterke leiurar i kvar landsby som kunne ta seg av og kjempa bebuarane sin kamp. Dette kunne like gjerne skje mellom folk med same religion. Slike regionale konfliktar var nok i stor grad med på å styrkja za'ama systemet til det, det var i denne perioden. I tillegg har ein sjølvstendig konflikt mellom konfesjonane. Dette trur eg er ein av grunnane til at patron-klient systemet hadde ein so sentral posisjon i det libanesiske samfunnet.

2.4 Elitesamfunn eller classesamfunn.

Eliteteori tapte på mange måtar som ein leiandee samfunnsteori når Karl Marx kom med sin klasse teori. Klasse teori har absolutt vore den leiande teorien spesielt innanfor samfunnsfaga. Marx sin teori hevdar at det er eit skilje mellom den styrande klassen (kapitalistane) som har kontroll over produksjonsmidlane, og den utnyttede klassen (arbeidarklassen) som vert utnyttede for si arbeidskraft. Den største forskjellen til eliteteori er det at her er samfunnet delt i dei få som har makt og som styrer, og dei mange som ikkje har makt og som vert styrt. Altså baserer eliteteori seg nesten berre på om individet har makt eller ikkje.³⁶ Viss eg skulle klassifisera det libanesiske samfunnet ville eg seie at det heilt klart er eit elitesamfunn. Her har det sidan langt tilbake i historia vore ein elite av makthavarar der makta stort sett har gått i arv i dei sterke familiane. Dei mange som blir styrt har og veldig liten sjanse til å gjera noko med

³⁶ ETZIONI – HALEVY, Eva 1993: S. 19

situasjonen dei er i. Med andre ord er den sosiale mobiliteten i Libanon heller avgrensa. Er ein fødd inn i ein familie med begrensa midlar er det veldig vanskeleg å bryta det mønsteret. Det er og eit av kjenneteikna til eit elitesamfunn at den styrande eliten monopoliserar makta og held på den innanfor si gruppe og gjer sitt beste for at så få som mogeleg skal få inntrede i deira verden. Vilfredo Pareto som er rekna som ein av grunnleggjarane av eliteteorien seier og at ein har to typar elite. Den styrande eliten som på ein eller annan måte er involvert i styringa av eit samfunn, og den ikkje styrande eliten som består alle dei andre som ved hjelp av utdanning eller talent innehar andre viktige posisjonar i samfunnet. Viss desse to gruppene samarbeidar og utvekslar personar kan dei lett halda på makta. Viss dette ikkje skjer kan den styrande eliten missa dei kvalitetane dei treng for fortsett å styra.³⁷ Det er viktig å presisera at eliteteori ikkje står i vegen for demokrati. Til dømes er USA eit av landa Etzioni-Halevy brukar som døme på ein stat der eliten styrer, men der demokratiet fungerer godt likevel. Arend Lijphart kom i 1960-åra opp med begrepet ”consociational democracy”. Definisjonen hans på dette begrepet er:

*”Government by elite cartel designed to turn a democracy with a fragmented political culture into a stable democracy.”*³⁸

Dette passar veldig godt inn i den libanesiske politikken på denne tida. Eliten styrte landet og klarte på mange måtar og stabilisera eit demokrati som ikkje var veldig sterkt i byrjinga. Lijphart set opp fire kriteria for eit ”consociational democracy”.

- 1. Government by ”grand coalition”.*
- 2. The mutual veto or ”concurrent majority” rule*
- 3. Proportionality as the principle of representation*
- 4. A high degree of autonomy for each segment to run its own internal affairs.*³⁹

Dette er og punkt som passar svært godt inn i det libanesiske politiske systemet, kanskje med unntak av ein periode på 60-talet då Shihab og hans etterfølgjarar styrte. Det var veldig fokusert på at regjeringa og folkeforsamlinga skulle vera mest mogeleg proporsjonal med befolkninga. Difor vart systemet med fordeling etter folketal innført slik eg skisserte tidlegare

³⁷ ETZIONI – HALEVY, Eva 1993: s. 20

³⁸ HUDSON, Michael C. 1988: s. 226

³⁹ HUDSON, Michael C. 1988: s. 226

i dette kapitlet. Det vart og lagt opp ei ordning slik at det skulle være ei rettferdig fordeling av viktige posisjonar mellom dei forskjellige konfesjonane. For eksempel skulle presidenten alltid være maronitt mens statsministeren alltid skulle være sunni. I Lijphart sin teori ligg det og til grunn at denne eliten skulle bana vegen for eit meir egalitært demokrati. Eliten skulle altså ideelt ta over og stabilisera makta for så å gradvis trekkja seg tilbake og gje makta tilbake til folket slik eg forstår det. Eliten i Libanon vart sitjande med makta og klarte dermed på mange måtar og øydeleggja for seg sjølve. Ein annan grunn til at ”*Consociational democracy*” ikkje kunne fungera er at det har enkelte avvik frå teorien. Eit viktig avvik er at eliten som styrer bør være samla. Ifylgje teorien bør eliten ha ein ekstern ”fiende” eller trussel ein kan samle seg om.⁴⁰ Sjølv om ein kanskje hadde truslar utanfrå var dei interne konfliktane mellom ulike grupper i det libanesiske samfunnet mykje større. Dette førte sjølvsagt til at den styrande eliten hadde store vanskar med å trekkja i same retning.

Grunnen til at eg synest dette er eit interessant poeng er at det beskriv maktstrukturen i Libanon mykje betre enn den tradisjonelle klasseinndelinga. Fleire forfattarar nemner begrepet ”The Club of notables”. Dette er eit begrep som brukast om den styrande eliten i Libanon. Ved å kalla det ein klubb får ein og sagt at dette selskapet stort sett er lukka for allmenheita. Som sagt var den sosiale mobiliteten i Libanon svært liten. Mykje av grunnen til dette finn ein sjølvsagt hjå den styrande eliten. Dei var ikkje interessert i å gi frå seg, eller å minska si makt. Difor gjorde dei alt dei kunne for å halda sine klientar ”på plass”. Til dette hadde dei ofte nytte av *qabaday*’er som var, spesielt i byane, halv-kriminelle som kunne utøva makt ovanfor patronen sine klientar. I meir rurale strøk var dette menn som patronen brukte som livvaktar i tillegg til dei oppgåvene den urbane *qabaday*’en hadde. Desse vart som sagt hyppig brukt ved val for å sikra at klientane stemte på patronen sin og elles for å krevja inn gjeld eller tenester.

Slik eg ser det var denne eliten i Libanon ein viktig faktor i å byggja opp eit demokrati og eit partisystem etter at landet fekk sjølvstende i 1943. Men det vart og ein viktig faktor til at landet gjekk ut i full borgarkrig vel 30 år etter. Den samlande eliten vart herja av indre maktkampar og det vart særst vanskeleg å samarbeida mot eit felles mål. Ein kan sei at eliten her mista sin felles sak etter at demokrati var innført, og gløymde eller oversåg den oppgåva dei hadde i å bevare og utvikla demokratiet. I eit samfunn der vold og hemn hadde vore

⁴⁰ HUDSON, Michael C. 1988: s. 231

vanleg i lange tider vart difor borgarkrigen pressa fram. Eg må her presisera at dette berre var ein av mange omstende som ført til borgarkrig. Etzioni-Halevy seier at ein elite kan vera nyttig når eit nytt demokrati skal skapast. Ein vil då ha ei handlekraftig gruppe som kan gjennomføra dei reformer som er nødvendige, men etter kvart må denne eliten ta eit skritt tilbake og overlata meir makt til folket. Dette skjedde heilt klart ikkje i Libanon. Eliten vart sitjande med makta og øydela difor for seg sjølve.

Eg bør sjølvsagt nemne at boka til Etzioni-Halevy er basert på vestlige demokrati og brukar ofte desse som eksempel. Dette synes eg likevel ikkje står som eit hinder for å bruka teoriane for å forstå andre delar av verden. Libanon er tross alt eit land som lenge har streva etter å være ein brubryggjar mellom Midt-Austen og den vestlege verda. Spesielt maronittane i landet føler at det er sterke band mellom Libanon og Europa, og sjølvsagt spesielt Frankrike. I tillegg synes eg teoriane som vert presentert i Etzioni-Halevy si bok passar veldig godt som eit instrument for å hjelpa til med å beskriva det libanesiske samfunnet.

3.0 To ulike tilnærmingar

Eg vil her freiste å visa korleis to forfattarar vel å framstilla patron – klient systemet i Libanon. Dei to forfattarane eg har vald er Michael Gilson og Michael Johnson. Grunnen til at eg har vald nettopp desse to er at dei begge er velkjende forfattarar og forskarar med Midt-Austen som interessefelt og dei har begge skrive bøker som i stor grad berører det temaet eg vil belysa. Eg vil gje ei oversikt over kva dei forskjellige forfattarane vil visa i sine respektive bøker, og freista å visa korleis dei skil seg frå kvarandre, men og finna likskapar i deira framstilling av temaet. Årsaka til at eg har valt nettopp desse to er at dei tar for seg to ulike aspekt ved za'ama systemet. Gilson skriv om den rurale za'imen og om hans medhjelparar og organisasjon, mens Johnson konsentrerer seg mest om den urbane versjonen og om korleis denne sin organisasjon er oppbygd.

Michael Gilson er professor ved Department of Middle Eastern and Islamic Studies ved University of New York. Boka eg konsentrerer meg om her er "Lords of the Lebanese Marches. Violence and Narrative in an Arab Society." Denne boka er basert på hans observasjonar frå eit års opphald i Akkar provinsen nord i Libanon tidleg på 1970-talet, i tillegg til andre historiske kjelder. Eg kjem til å konsentrera meg mest om den fyrste halvparten av boka som handlar om korleis han opplever at livet og samfunnet i ein landsby i Akkar fortonar seg, men eg vil og bruka resten av boka der han beskriv korleis forteljingskunsten er med på å styrkja den sosiale strukturen mellom folk.



Michael Gilson



Michael Johnson

Men og i andre delen av boka finn ein gode eksempel på korleis patron-klient forholdet fortonar seg, og korleis det har utvikla seg eller stått stille i lange tider. Eg kan og nemna med det same at begrepsapparatet til Gilson er litt annleis enn det eg har brukt til no. I Gilson si

bok er hierarkiet bygd opp slik at ein *bakwat* eller bey sit på toppen og innehar patronrolla. Dette var tradisjonelt landeigarar som kom ifrå ein familie med lange tradisjonar som mektige beyar i området. På trinnet under der fann ein *aghawat* eller agha. Dette var folk som beyen brukte som organisatorar, livvaktar og dei kunne til og med stille som ein liten privat hær viss beyen skulle råka uklar med ein bey frå eit anna område. Ein kan ikkje utan vidare samanlikna posisjonen til ein agha med den til ein qabaday, men qabadayat vart rekruttert frå landsbyen sine agha. Men den viktigaste oppgåva deira var nok å halda orden på *fellahin* som var den lågaste gruppa på rangstigen. Dette var simple bønder som ikkje hadde noko familiehistorie å visa til og som difor ikkje kunne krevja noko respekt ifrå dei to høgareståande gruppene.⁴¹ Etter det eg forstår er dette begrep som vert brukt i Akkar provinsen nord i Libanon. Når ein ser på definisjonane er dette for meg stort sett berre andre uttrykk på det same fenomenet som eg ha snakka om. Gilsenan er antropolog og har naturleg nok ei sosialantropologisk tilnærming til stoffet. Han brukar enkelte gongar tilnærma skjønnlitterære metodar når han beskriv korleis maktstrukturane i landsbyen han oppheld seg i var.

Michael Johnson er professor ved University of Sussex og hans interessefelt er politikk og politisk økonomi i Midt-Austen med spesiell vekt på etniske og konfesjonalistiske konflikhtar. Johnson har og budd i Libanon i lengre periodar, men han har hatt sin base i Beirut og har og skrive om det i boka "Class and Client in Beirut: The Sunni Muslim Community and the Lebanese State". Boka eg skal konsentrera meg om her er "All Honourable Men: The Social Origins of War in Lebanon".

Her skriv han om dei politiske og sosiale strukturane i Libanon, men han har ei heilt anna tilnærming enn de Gilsenan har. Han er spesielt oppteken av æresbegrepet i det libanesiske samfunnet og korleis dette gjev seg utslag i forskjellige situasjonar og på forskjellige arenaer. Ein kan sei at Johnson har ein mykje vidare horisont enn Gilsenan. Han ser etter store samanhengar i heile det libanesiske samfunnet mens Gilsenan naturleg nok berre konsentrerar seg om det begrensa området han oppheld seg i. Eg vil hevda at Gilsenan sitt arbeid likevel kan nyttast til å dra slutningar og generalisera til andre delar av Libanon. Johnson kan seiast å behandla stoffet meir på makroplan mens Gilsenan opererar meir på eit mikroplan.

⁴¹ JOHNSON, Michael 2001: s. 42

3.1 Michael Gilsenan

Første kapittelet i boka til Gilsenan er skrive i ein nærmast skjønnlitterær tone. Her beskriv han korleis beyen Muhammad al Abboud sit på ballkongen sin om morgonen før han tar til med dagens gjeremål og funderar på alle sine utfordringar og bekymringar. Han tenkjer og igjennom kva dagen kjem til å bringa, og ifylgje Gilsenan vil dagen bringa blant anna:

”He must receive clients, organize an electoral campaign, greet distinguished visitors, reckon the harvest from his estates, and show allies and opponents how significant is the web of interests and personal relations of which he is in the centre.”⁴²

Dette var alle typiske oppgåver for ein za’im. Som me ser er veldig mykje av desse gjeremåla gjort for å pleia forhold og sikre at posisjonen deira fortsett er så sterk som mogeleg. Begge forfattarar er veldig opptatt av æresbegrepet og at det kanskje er den største maktfaktoren i det libanesiske samfunnet, men eg skal koma tilbake til det litt seinare i kapittelet. Beyen som Gilsenan beskriv her har og ei ministerstilling i den sitjande regjeringa. Han har også med seg fleire på ballkongen. Hans vanlege fylgje med livvaktar og tenarar er aldri langt borte. Dei er alle stort sett kledd i klede med tradisjonar frå provinsen, mens beyen er kledd i dress og slips for å visa at han er ein mann av stor betydning og med stor makt. Når han er heime i Akkar røykjer han den vanlege vasspipa mens når han er i Beirut røykjer han sigarar. Også eit teikn på makt og posisjon, men på kvar sin måte i kvar sin sosiale setting. Som me ser er det veldig viktig for beyen å visa sin posisjon også med ytre signal. Han må ikkje visa svakheit eller visa indikasjonar på at æra hans er svekka. Då vil han missa noko av respekten blant sine klientar, missa makt og kanskje til sjuande og sist bli utfordra i rolla si.

Dette systemet med inndeling i tre samfunnslag er svært rigid i den landsbyen Gilsenan vitja. Han fortel om ein gong like etter andre verdskrigen at ein bey hadde freista bruka nokon unge lovande fellahin som livvaktar. Dette vart med ein gong sett på som ein stor urett blant aghaene i området sidan dette var ein posisjon som gav stor ære og som historisk sett tilhørde dei. Det vart store konfrontasjonar og harde ord og truslar vart brukte. Beyen måtte til slutt beklage sine handlingar og gå tilbake til slik det tradisjonelt hadde vore.⁴³ Her ser me kor sterkt desse posisjonane er forankra i menneska i landsbyen og viss balansen blir forstyrra

⁴² GILSEAN, Michael 1996: s. 3

⁴³ GILSEAN, Michael 1996: s. 5

kan det få store konsekvensar. Eg vil og nemna her at me her ser eit eksempel på kva Gilsenan meiner med at forteljinga er eit viktig sosialt instrument. Ved å fortelje denne historia om igjen og om igjen vil alle verta påminna om korleis det ”skal” være. Ein kan altså bruka forteljinga som ein måte å halda folk på sin plass. Gilsenan seier og at desse historiene som oftast sparkar nedover slik at ein kan halda folk under seg på plass og også forsterka og rettferdiggjera sin eigen posisjon i systemet. Gilsenan fortel ein god del slike historier i boka si for å visa eksempel på korleis dette systemet fungerer.

Livvaktene og tenarane er og utstyrt med rifler og revolverar. Dette er ikkje berre for å virka avskrekkande, sjølv om det heilt klart er det også. Dei er til for å brukas. Beyen Gilsenan her beskriv er barnlaus og er difor ekstra sårbar for utfordringar frå andre beyar eller lordar frå omkringliggande områder. Konkurransen om politisk makt vart endå sterkare då landet vart uavhengig og det er ikkje berre på den politiske og økonomiske arena ein bey kan verta utfordra. Beyen føler det difor nødvendig å ha væpna vakter rundt seg. Våpen er og eit synleg teikn på makt og posisjon.⁴⁴ Gilsenan gir og fleire eksempel på at våpna vart brukte frå tid til annan og eg kan gje eit eksempel på at bruken av våpen er litt annleis enn me er vande med. Ein bey hadde ein pengekrangel med ein ung agha. Aghaen hadde og trua beyen ved fleire anledningar. Dei møttest tilfeldig utanfor ein kafé i Tripoli og beyen sa noko fornærmande til aghaen som deretter drog fram pistolen sin. Beyen drog fram sin eigen pistol og skaut aghaen ned. ”... ended up dead on the pavement with six bullets pumped into him as he lay on the ground.”⁴⁵ Denne historia visar jo og korleis forholdet mellom dei forskjellige gruppene var og korleis ein bey kunne gjera noko slit og koma unna med det fordi han var i sin fulle rett å setja eit eksempel ovanfor andre aghaer.

Det andre kapittelet handlar om korleis det var for Gilsenan å koma til Akkar regionen. Han startar med ei historie frå då han reiste frå Beirut til Akkar. Sjøføren hans skulle og fungera som ein vakt for hans sikkerheit. Mannen stoppa på vei ut av Beirut for å kjøpa ein revolver og forsikra om at med denne ville dei ikkje få noko trøbbel. Då dei seinare på vegen kom til ei vegsperring fekk mannen panikk sidan han ikkje hadde baretillatelse for revolveren. Han gøymde han då bak ryggen til Gilsenan med forklaringa at dei ikkje kom til å ransaka ein utlending. Ved vegsperringa viste dei liten interesse og bilen blei vinka forbi så dei unslapp

⁴⁴ GILSENAN, Michael 1996: s. 21

⁴⁵ GILSENAN, Michael 1996: s. 259

problem. Gilsenan seier at dette var fyrste gong han trudde at historiene han hadde høyrte i Beirut om den ville og nesten lovause Akkar regionen var sanne.⁴⁶

Han fortel vidare om korleis hans møte med landsbyen var og korleis han vart teken imot. Dei fleste i landsbyen kunne ikkje skjønna kva han skulle studera i deira landsby. Det var jo ingenting der som kunne interessera. Her får me og vita at beyen han omtala i fyrste kapittel er ein person frå verkelegheita, men at Muhammad al Abboud døde fleire år før Gilsenan kom til landsbyen. Han vart skoten og drepen i 1953 i forbindelse med valet det året. Det var klart på førehand at al Abboud ville vinna valet i sin valkrins. Ved tidlegare val hadde det vore to seter for sunniar frå denne krinsen, men på grunn av endringar i antalet i folkeforsamlinga var det no berre eit sete. Den førre valvinnaren og den nye presidenten var særst misnøgde med den nye komande valvinnaren og tok saken i eigne hender. Dei arrangerte eit møte der dei freista å overtale al Abboud til å trekkja sitt kandidatur. Møte enda utan at al Abboud trakk seg og på vei ned trappa frå presidentpalasset der møte vart halde vart han skoten ned og drepen.⁴⁷ Dei som fortalde historia til Gilsenan kunne forsikra om at "alle viste" kven som stod bak drapet, men det hadde endå ikkje vorte hemna. Difor hadde heller ikkje al Abboud vorten bisett slik tradisjonen er i området, sjølv om det hadde gått atten år sidan drapet.⁴⁸

Hovuddelen av Gilsenan si bok omhandlar forteljinga si rolle i landsbyen han oppheld seg i, i tidsrommet 1971-72. Han forklarar her korleis ein brukar forteljingar og anekdotar for å framheva sin eigen eller andres plass i det sosiale hierarkiet. Desse forteljingane handlar ofte om vold og kven som er den mest ærefulle og difor fortentar respekt frå andre. Forteljingane som han skriv om i boka er svært interessante og er dessverre for omfattande til å gå inn på i denne oppgåva. Det overleggjande i dei aller fleste av desse historiane og forteljingane er å visa korleis det hierarkiske samfunnet i Akkar fungerte. Svært ofte er desse historiene om konflikhtar der personen med høgast stand i landsbyen får sin posisjon befestast. Historiane treng ikkje å vera temporære for å fungera slik dei er meint seier Gilsenan. Ei historie om ein av forfedrane til ein Agha eller Bey kan fungera like godt for å befestast til ein av etterkomarane til protagonisten. Dette viser og i Gilsenan sine auger at denne forma for "makt gjennom vold" ikkje er eit nytt fenomen i Libanon på denne tida. Han fortel om ein fransk

⁴⁶ GILSENAN, Michael 1996: s. 23-24

⁴⁷ GILSENAN, Michael 1996: s. 30

⁴⁸ GILSENAN, Michael 1996: s. 30

kaptein ved namn Mieg som held landsbyane rundt Berqayl, der Gilsenan oppheld seg, i fast grep under det franske mandatet. I forteljningane vert Mieg og den store Beyen Abboud som eg han nemnt tidlegare sett på som to av same rang, altså den ubestridde leiar av dette området.

”The discourse was centred upon coercion and fear imposing ‘respect’. Mieg was alone, just him and his dog, but he had imposed his authority on everyone ‘by force’ (b’il quwa); Abboud shot a boy just to try out a rifle; Mieg inflicted penalties and exactions upon a whole village (or villages) as he wished and no one dared to defy him; Abboud smashed a man’s head against a wall in anger ‘for nothing’.”⁴⁹

Gilsenan seier at desse to figurane vart brukt i same forteljningane på ein slik måte at det vart vanskeleg å sjå dei for seg som noko anna enn kontemporære. Sjølv om det var førti til femti år mellom desse figurane var dei samtidige i folks bevisstheit.

” The French captain and the Akkari bey encapsulated and transcended far more than ‘a period’ in the narrow historical sense. They stood for the totality of what was spoken of and experienced as the foundations of power that made Akkar what it was.”⁵⁰

Det poenget Gilsenan drar fram her synes eg er veldig viktig for å forstå den makta som *za’imane* hadde på denne tida. Slik eg ser det er ikkje nødvendigvis ein *za’im* si makt legitim berre gjennom handlingane hans. Makta er og nedarva frå generasjonane før, og det same er respekten og ærefrykta dei lågare trinna på rangstigen har for leiaren eller patronen. Dette kan forklara kvifor eg i litteraturen finn overraskande lite beretningar om motstand og mistillit til dette systemet. Slik Gilsenan ser det er dette patron-klient forholdet så sterkt forankra i folk at villigheita til å tenkje nytt og forbetre situasjonen for dei lågare stilte ikkje får koma til overflata. Det er som om tida står stille og ikkje beveger seg framover.

Som eg sa i innleiinga av kapittelet er Johnson den som er mest oppteken av æresbegrepet. Men også Gilsenan gjev eksempel på kor viktig det er å behalda æra si og dermed og kunna oppretthalda sin posisjon i samfunnet. Som eg har sagt so spelar forteljingar ei viktig rolle for å oppretthalda patron-klient systemet ifylgje Gilsenan.. I ei historie han fortel frå landsbyen han budde i er dette veldig klart. Det var ein olivenlund i landsbyen som vart kalla *Karm al*

⁴⁹ GILSEAN, Michael 1996: s. 84

⁵⁰ GILSEAN, Michael 1996: s. 84

Leimun, eller Appelsin olivenlunden. Gilsenan spurte korleis den hadde fått namnet sitt og fekk denne forklaringa. Ein agha såg sin herre eta ei appelsin og sa til han: ”Eg ville gitt kva som helst for den appelsinen”. Beyen spurte då om han ville gje olivenlunden sin for den. Aghaen svarte at det ville han gjerne og fekk appelsinen. Seinare kalla beyen inn aghaen og spurte han om han var ein mann av sitt ord. Aghaen hugsa ikkje kva han hadde lova sidan han ikkje tok spørsmålet seriøst då det vart stilt, men svara at det var han. Beyen spurte om han ikkje hadde lova han olivenlunden sin for ei appelsin og aghaen svara med ein gong: ”Ta den.”⁵¹ Dette fortel oss at aghaen ikkje kunne gjera noko anna i den situasjonen han var i. Hadde han nekta å gje bort olivenlunden ville han bli sett på som ein mann som ikkje held ord og dermed mista all ære. Av dette kan ein slutta at det å mista æra si var for aghaen langt verre enn å mista olivenlunden og antakeleg den einaste inntekta for seg og den nærmaste familien. Om historia er sann eller ikkje er ifylgje Gilsenan ikkje hovudpoenget her. Poenget hans er at denne historia vert fortald for å visa korleis ein ærefull mann skal handla. Denne olivenlunden vart enkelte gongar kalla *Karm al Adami*, eller Den ærefulle mannens olivenlund. Gilsenan legg og til at forteljaren av denne historia også sa at dette var måten beyane sikra seg all den jorda dei eigde. For ein agha var det å behalda sitt rykte som ein ærefull mann det viktigaste han kunne gjera. Dette tok beyane nytte av og ”lurte” til seg jorda gjennom tvilsame handlar.⁵² Slik eg ser det er dette ein av dei store svakheitene i det libanesiske samfunnet. Når æra er det viktigaste ein har kan det av og til setja store hinder for sunn fornuft, og når ein legg til at historia to stad under fyrste verdskrigen og det var svært dårlege tider vert det endå vanskelegare å forstå aghaen si handling. Om ikkje historia er sann har den heilt sikkert sitt utspring frå ein eller fleire hendingar av liknande natur, og den visar kor sårbart dette systemet bygd på ære kan vera viss nokon med høgare rang bestemmer seg for og utnytta det for si eiga vinning. Og det er veldig ofte det som er saka for ein bey eller za’im. Ein utnyttar sin posisjon for å skaffa seg personleg vinning enten i form av land eller pengar, eller i form av politisk makt. Denne historia kan og faktisk vera med på å illustrera kvifor motstanden mot patron-klient forholdet tilsynelatande var so lav. Gjekk ein imot systemet ville du mista æra di og dermed og din posisjon i samfunnet. Derfor følte aghaen seg tvinga til å handla slik han gjorde sjølv om det skada han sjølv i stor grad. Gilsenan seier og at denne historia viser kor vanskeleg ein agha sin posisjon kunne være, og grunnen til at historia fortsett var levande var at den også då kunne beskriva ein agha sin posisjon.

⁵¹ GILSENAN, Michael 1996: s. 115

⁵² GILSENAN, Michael 1996: s. 116

*”...the story of Karm al Leimun in its different versions remains known because it is a reading of the present; it is perceived as relevant to a grasp of the intrinsic ambiguities of the agahs’ social position and their sense of their own collective identity. It is indeed the expression of essential aspects of their group historical situation.”*⁵³

Her seier altså Gilsenan at denne historia fortsett levde på grunn av at den kunne beskriva forholda i landsbyen også på 1970-talet. Særlig for ein agha som hadde ein ”mellom barken og veden” posisjon i den landsbyen Gilsenan beskriv. Dei skulle heva seg over fellahin og visa at dei var meir verdt og meir ærefulle enn desse, mens dei på den andre sida måtte underkasta seg beyen og ikkje fornærma eller støyta han. Mellomposisjonen som både leiarar og undersåttar var svært vanskeleg for mange å halda orden på, også fordi det og fanst ein konkurranse innad i denne gruppa for å blidgjera og dermed vinna beyen sin gunst. Dette medførte nemleg at deira posisjon i landsbyen vart styrka. Når det er sagt var og eit av statuskriteria kva slekt du kom ifrå. Hadde man ei lang og ærefull slektsline var det mykje enklare å skaffa seg posisjon framfor andre agha. Her trer og forteljartradisjonen inn. Om ein kunne fortelja om store bedrifter som var gjort av forfedrane gav dette eit ekstra fortrinn i samanlikning med andre agha.

3.2 Michael Johnson

I si bok ”All Honourable men” har Michael Johnson ei litt anna tilnærming til det same temaet. Han tek meir for seg det som skjer på den nasjonale politiske arena i Libanon, og han er spesielt opptatt av æresbegrepet i det libanesiske samfunnet, som ein og skjønner av titelen på boka. Johnson delar inn æresbegrepet i tre forskjellige delar. Først nemner han den æra ein får gjennom kva familie ein er født inn i. Dette er ære som er bygd opp gjennom generasjonar. Dette var helst knytt til dei rurale za’imane som kom frå familiar som hadde vore landeigarar i generasjonar. I byen var det heller handelsfamiliane som hadde slått seg opp der som innehadde ære, sjølv om denne var bygd opp på mykje kortare tid.

Den andre forma for ære var den ein mann fekk viss han hadde vist at han var villig til å bruke makt og vold for å oppretthalda og auka makta og æra si. Denne typen seier Johnson er meir typisk for za’imen sine ”fotsoldatar”, qabadayat. I byane var desse helst småkriminelle, men

⁵³ GILSEANAN, Michael 1996: s. 138

dei fekk respekt fordi dei var beskytta av za'imen som brukte dei til å halda orden i rekkene blant sine klientar. For eksempel vart dei mykje brukt ved val der ein za'im ville sikre seg at klientane hans stemte slik dei skulle. Den tredje typen ære er den som er knytt til mannens kontroll over kvinna. Det var svært viktig at kvinnene i familien ikkje vart utsett for skamfull opptreden eller vart krenka på noko vis, då spesielt seksuelt. Det fins mange eksempel på at dette vart brukt med hensikt under borgarkrigen. Fiendens kvinner vart voldtatt for å krenke æra til mennene i kvinnas familie som ideelt sett skulle ha forsvart henne⁵⁴. Eg vil og tru at dette er eit utslag av den "demoniseringa" som skjer mot fienden i ein krig. I stort sett alle krigar er det eit sentralt punkt at soldatane synes at fienden er mindre verd enn seg sjølv og folk frå sin eigen nasjon. Denne "metoden" for å krenke motstandaren er ikkje eit typisk libanesisk fenomen. For eksempel fortel Anthony Beavor i si bok Berlin, som handlar om det russiske felttoget mot Berlin, om liknande handlingar både på tysk og russisk side under den andre verdskrigen.

Johnsen legg og vekt på at æresbegrepet som eksisterar i Libanon er svært vanskeleg å fatta i sin heilskap for folk frå ein vestleg kultur og tradisjon. I vår del av verden er ikkje ære eit så viktig tema i samfunnet. Eit begrep vi identifiserar oss betre med er respekt. Respekt er viktig for oss både på eit personleg og eit politisk plan. Viss ein politikar kjem med ei utsegn vi syns ikkje er passende misser vi respekten for personen og dermed og truverdet. Heile middelhavsregionen har sidan langt tilbake i historia vore prega av eit visst æres-system. Likevel er det openbart at dette æres-systemet ikkje har den same verdien i alle land rundt middelhavet. I Libanon vil ein som misser si ære gjera alt som står i hans makt for å vinne ho tilbake. Difor har for eksempel blodhemn vore svært vanleg i denne regionen i lange tider. Familien står svært sentralt her. Viss ein mann misser si ære vil det i mange tilfeller og sei at familien misser si ære. Difor vil det vera eit mykje større press sidan han her han nedra ikkje berre seg sjølv, men og dei som står han nærmast. Dette vil sjølv sagt vera ekstra motiverande når æra skal gjenopprettast.

Michael Johnson si bok freistar å beskrive korleis det libanesiske samfunnet fungerer. Han legg stor vekt på å få fram korleis dei forskjellige konfesjonane i Libanon er integrerte i det politiske samfunnet. Han legg og stor vekt på å beskriva korleis ære har ein so stor plass i Libanon som det har.

⁵⁴ JOHNSON, Michael 2001: s. 25 - 26

”Leadership in independent Lebanon was associated with an aggressive assertion of honour. Political bosses recruited a clientele of supporters who pledged their votes in election in return for jobs, welfare and other patronage services. But supporters also admired a leader who was prepared to use force to promote his and his clients’ interests.”⁵⁵

Dette sitatet synes eg sumerar opp Johnson sitt syn på det politiske miljøet i Libanon på ein god måte. Her kjem det fram at klientane var avhengige av patronen når det gjaldt jobbar, pengar og andre tenester. Men han legg og til at patronen måtte visa at han var ein ærefull mann ved å vera villig til i verste fall bruka vold for å få gjennomslag for sine meiningar og sin politikk. Det vart rekna som svært ærefullt å kunna nå sine mål uansett kva midlar ein måtte bruka. Det er dette æresbegrepet Johnson er oppteken av i denne boka og gjer forskjellige eksemplar på korleis dette gjorde seg gjeldande i forskjellige aspekt ved det libanesiske samfunnet. Ein av dei store bakdelane med eit samfunn som er bygd rundt eit so rigid æres-system er feidane som oppstår når nokon si ære vert krenka. Ei krenking av æra fører til at æra må gjenopprettast for ein kvar pris. Johnson seier at dette var noko som måtte gjerast, men at dei aller fleste menn som kom ut for ei slik feide helst ville koma seg bort ifrå ansvaret for å gjenoppretta æra der det var mogeleg. Dessverre var dei samfunnsmessige reglane svært strikte på dette området og det førte ofte til blodige feidar der den eine hemnen igjen måtte hemnast, og så vidare.

Fleire gongar i løpet av boka trekkjer han parallellar mellom det libanesiske za’ama systemet og den italienske mafiaen. Særleg trekkjer han fram Calabria mafiaen i sør Italia, eller *’ndrangheta*, som den beste samanlikninga.⁵⁶ Eg har tidlegare nemnt at Johnson såg ”Gudfaren I” på kino i Beirut og såg klare likskapar mellom måten Don Corleone styrte på og slik det libanesiske samfunnet fungerte på denne tida. Dei libanesiske mennene han såg filmen med syntest og at Don Corleone var ein svært ærefull mann. Johnson seier og at spesielt tidlegare analyser av Calabria mafiaen har vore gode instrument når han har utarbeida sine eigne analysar om det libanesiske patron – klient systemet.

”Like the Beirut qabadays, the Calabrian ’ndrangheta intervened in a competitive economy in which individual social mobility could lead to either increasing wealth or extreme poverty.

⁵⁵JOHNSON, Michael 2001: s. 13

⁵⁶JOHNSON, Michael 2001: s. 108

And although they provided a degree of organization, the Mafiosi embodied many of the attributes of the society and economy in which they operated, combining aggressive competition with a concern for co-operation, rapid social mobility with a search for order.”⁵⁷

Dette seier Johnson er nøkkelen til å forstå samanlikninga mellom den italienske *'ndrangheta* mafiaen og det rurale systemet med individuell ære i Mount Lebanon.⁵⁸ Det finns ikkje nokon bevis for at systemet i Libanon direkte kan kallast ein organisert mafia, men nokre av grunnprinsippa er heilt klart til stades. Ein grunn til at eg ikkje vil gå so langt som å kalla det libanesiske patron-klient systemet for mafia er at ein då indirekte kriminaliserar ein heil stat. Det har eg ikkje lyst til å gjera, men at mange likheitstrekk er til stades herskar det ingen tvil om. Til dømes har oppbygginga av desse to institusjonane mange likheitstrekk. I begge system er det ein leiar som tar dei endelege avgjerslene, under seg har han ein hierarkisk organisasjon der kvar mann har si oppgåve. Det som kan likna mest er nok enkelte av metodane dei brukar. Det at patronen sørgjer for å setja klienten i gjeld til seg slik at han veit han kan rekna med klientens lojalitet er ein metode som er mykje brukt av begge desse systema.

Johnson konsentrerer seg altså meir på korleis patron-klient forholdet fungerer på det nasjonale plan og spesielt korleis æresbegrepet påverkar den politiske arena i landet. Også i denne boka finn eg at det ikkje vert beskrive noko spesiell motstand mot systemet. Rett nok er det fleire eksempel på at voldsamt blir brukt mot patronar og, men dette skjer i mine auger innanfor dei eksisterande reglar som fins i samfunnet, for eksempel for at ein annan aktør skal kunna gjenoppretta si ære. Det er vanskeleg å seie om det er villigheita eller muligheita som står i vegen for at dei lågare stilte ikkje organiserar seg mot ”undertrykkjarane”. Mest sannsynleg er det vel at det er ei blanding av dei to. Eit faktum er det i alle fall at den horisontale integrasjonen er svært låg i Libanon, og det gjeld i spesielt stor grad i dei rurale områda av landet. Eg vil her igjen peka på at det ofte er i klientane si interesse at patronen har makt, og då aller helst ein politisk posisjon. Dette medfører som oftast og fordelar for klientane hans som då kan nytta godt av hans påverknadskraft.

⁵⁷ JOHNSON, Michael 2001: s. 109

⁵⁸ JOHNSON, Michael 2001: s. 109

Johnson trekkjer ofte eit skilje mellom den urbane og den rurale (agrare) *za'im*en. Sidan han i lengre tid var busett i Beirut har han sjølv sagt god innsikt i korleis det urbane patron-klient systemet fungerte.

*”Urban za’ims would organize their clientele into family or neighbourhood groups, working in ‘popular’ areas through clan or quarter qabadays, and elsewhere through ‘respectable’ notables or brokers.”*⁵⁹

Dei urbane *za'imane* fekk sjølv sagt ikkje si makt gjennom kor mykje land dei eigde. Desse var oftare forettningsmenn som kunne samla seg ei klientgruppe gjennom investeringar og utlån til trengjande i nabolaget. Johnson seier og at den urbane *za'im*en ofte investerte i religiøse veldedige formål og i utdannings institusjonar for å kunna utvida si klientgruppe og styrka sin posisjon som ein leiar og velgjerar i nærsamfunnet.⁶⁰ Også slike grep vart sett på som ærefulle. Ein patron som tok vare på, og hjelpte skular og religiøse senter vart naturleg nok høgt respektert for dette. Johnson seier at det ofte var slik at denne støtta ikkje var frå hjertet, men ofte berre eit grep for å skaffa seg ein betre posisjon og eit betre rykte i nærmiljøet.

Ein annan måte å halda på klientane sine var bruken av *qabaday*. Dette var menn som held orden i rekkjene ofte ved hjelp av volds makt slik eg har beskrive det før i oppgåva. Men og ein *za'im* hadde sine metodar for å halda overivrige *qabadayat* på sin plass. Johnson seier at han ikkje kan dokumentera at det hadde skjedd, men mange han snakka med kunne sei at patronane kunne kvitta seg med ein *qabaday* på fleire måtar. For eksempel stod politiet klar for å arrestera dei på ord frå ein *za'im*, eller ein kunne verta kvitt dei ved å leiga nokon til å ta dei av dage. Slik held systemet bygd på ære og frykt seg stabilt.⁶¹ Gilsenan snakkar her om agha i staden for *qabadayat*. Ein kan ikkje sidestilla desse heilt, men ein kan seie at enkelte frå agha gruppa fekk oppgåver som likna svært på *qabadayat* sine.

⁵⁹ JOHNSON, Michael 2001: s. 57

⁶⁰ JOHNSON, Michael 2001: s. 57

⁶¹ JOHNSON, Michael 2001: s. 58

3.3 Oppsummering

Det fin mange likskapar i litteraturen til dei to forfattarane eg har behandla her. Dette er sjølv sagt ikkje overraskande sidan dei jo behandlar mykje av det same temaet i dei to bøkene. Likevel er det klart at dei har visse ulikskapar i sine meiningar. Den mest iaugefallande forskjellen er nok måten dei tilnærmar seg temaet på altså den metoden dei brukar. Gilsenan som er sosialantropolog har gjort lengre feltarbeid og støttar seg i svært stor grad på dei observasjonane han har gjort gjennom det opphaldet han hadde i Akkar provinsen. Hans problemstilling er jo og korleis den libanesiske landsbyen fungerer og korleis dette patron-klient systemet fungerer på eit mikroplan. Dette krev difor ein kvalitativ studie av landsbyen. Johnson derimot er meir oppteken med det nasjonale aspektet ved dette systemet. Han har rett nok og budd i dei sunni muslimske områda av Beirut i lengre tid, men legg ikkje vekt på å bruka so mykje av hans personlege observasjonar i sitt arbeid. Han freistar i større grad å trekkja dei store linjene gjennom det libanesiske samfunnet for betre å visa korleis det systemet Gilsenan beskriv i landsbyen i Akkar og gjer seg gjeldande på meir nasjonale arenaer i Libanon og.

Som eg tidlegare har sagt er Johnson opptatt av å beskriva æresbegrepet i Libanon. Han gjer det ved å ta for seg forskjellige sider av samfunnet og freista å visa korleis ære har ei stor innverknad på folk. Dette er og ein forskjell eg har funne mellom dei to forfattarane. Johnson på den eine sida får eg inntrykk av at meiner at æresbegrepet kjem fyrst og so fylgjer *zu'ama* systemet som ein naturleg verknad av dette. I Johnson si bok beskriv han altså korleis æra har og har hatt ein svært viktig rolle i samfunnet. Patron-klient forholdet, som og er ein svært viktig faktor, har sitt utspring frå denne sterke tradisjonen rundt ære. Gilsenan legg på si side stor vekt på tradisjon og historie når han beskriv korleis *zu'ama* systemet har utvikla seg i Libanon. Ordet utvikling er kanskje ikkje heilt det rette i denne samanhengen sidan det meir er snakk om ein faktor som har vore svært stabil i ein lang periode i libanesisk historie. Slik eg viste tidlegare i kapitlet meiner Gilsenan at patron-klient forholdet er so sterkt befestet i den libanesiske sjela at det er vanskeleg for den vanlege mann å sjå for seg eit anna fungerande system. Ein annan faktor er og at forfedre vert høgt respektert og det er svært vanskeleg og lite ærefullt å gå imot det dei meinte og korleis dei handla. Eg kan her dra fram historia med appelsinen og olivenlunden. Der er det heilt klart at hovudpersonen handlar etter det som vert forventa av han og ikkje ved å ta den beslutninga han heilt sikkert synes er rettferdig. Og det som er forventa av han er det tradisjonane seier han skal gjera. Han skal

være ein mann av sitt ord og halda fast på det han har sagt. Berre på denne måten kan han handla ærefullt og behalda sitt gode namn og rykte både for seg og sin familie.

Eit anna aspekt ved dei to forfattarane som er ulikt er området dei behandlar. Gilsenan som gjord sitt feltarbeid i ein avsides landsby i den rurale delen av Libanon kan sjølv sagt beskriva veldig godt korleis dei rurale patronane handla og korleis systemet var oppbygd her. Johnson på si side budde i Beirut og hadde dermed fyrstehands kjennskap til korleis patron-klient forholdet arta seg i meir urbane miljø. Ein av dei store forskjellane var kva makta og posisjonen deira var tufta på. I Gilsenan si bok er det landeigarane som styrer. Eg har og tidlegare beskrive korleis dei rurale patronane kunne utnytta sine klientar og dermed styrkja si makt. I byane er det heller patronar som driv suksessfulle forretningar og har skaffa seg rikdom som kan samla eg ei klientgruppe. Det som er felles for desse to er at det i dei aller fleste tilfella er kva familie du kjem frå som gjev deg mogelegheit til å byggja opp ei klientgruppe, og i dei aller fleste tilfelle tek sonen av ei patron over sin far sine klientar og treng dermed berre å halda på ho. Det er dog ikkje gitt at klientane vil fylgja den nye patronen sin blindt. Patronen må visa at han er ein ærefull mann og at han kan skaffa klientane sine dei tenester dei treng. Det var og stor forskjell på rolla og oppgåvene til qabadayat. Johnson skriv mest om den urbane qabadayat slik han har lært denne institusjonen å kjenna gjennom sine opphald i Beirut. Han seier dei ofte er små-kriminelle og nokså omsynslause menn som kan halda styr på klientane. Hen nemner og at dei ofte var innblanda i blant anna narkotikasmugling og liknande syslar. På landsbygda er det langt viktigare for ein qabaday å være rettskaffen, men då i tydinga av folka i landsbyen hans syns han er rettskaffen. Og det behøver ikkje alltid bety at han opererer på rett side av landet sine lovar. Viss han viser at han er villig til å bruke makt for å oppretthalde sin posisjon og si ære, og for å beskytta eller forsvara za'imen, er det eit teikn på at han er ein ærefull mann.

Ein annan ting som er vel verd å merkje seg er skilnaden i lojalitet mellom dei urbane og dei rurale zu'ama. Det ser ut til at klientane sin lojalitet til den rurale za'imen er mykje større enn til den urbane. Dette kan nok forklarast med at makta til dei rurale zu'ama i mykje større grad er bygd på tradisjon og historie. Det er mange døme på at za'im familiar kan visa til herredøme over ein region i mange generasjonar. Dette, og det faktum at dei svært ofte er landeigarar som eig størstedelen av jorda i den regionen dei styrer, tilseier at ein, til ein viss grad, kan samanlikna dei rurale zu'ama med fortida sine føydalherrar. Denne lange familiehistoria som fanst på landsbygda førte altså til at lojaliteten var større. På den andre

sida kan ein og seie at alternativa på landsbygda var heller begrensa. Kvar landsby hadde sin za'im og ein kunne enten være med han eller mot han. Dette medførte at ein ikkje hadde noko anna val enn å fylgje za'imen viss ein ikkje ville verta utstøytt frå landsbysamfunnet.

Det er nok fleire likskapar i beskrivingane av za'ama enn ulikskapar hjå dei to forfattarane. Eit poeng som begge er svært opptekne av er kor stor innverknad ære har på samfunnsstrukturen. Viss ein ikkje er ærefull og har prova at ein er ein ærefull mann kan ein ikkje rekna med å få nokon som helst respekt tilbake. Ein vil då verta ein slags lavkaste som er fråteken sine rettar i nærmiljøet. Ein za'im kan heller ikkje oppretthalda sin posisjon viss han ikkje til tider kan prova at han er ein ærefull og mektig mann. Dei må ikkje vika ifrå å bruka makt eller vold for å oppretthalda sin posisjon. Viss dei gjer det kan ein za'im mista den respekten han må ha, og dermed mista sine tilhengjarar. Za'imen må til ei kvar tid oppretthalda eit rykte og image som uovervinneleg og betre enn alle andre. Dette har medført at Libanon har ein svært blodig historie. Hemnaksjonar og reine vendettaer var dagligdags og måtte gjennomførast viss familiane skulle halda på æra si.

Etter det eg forstår etter å ha lest desse to bøkene er æresbegrepet blant dei rurale og dei urbane miljøa noko annleis. Eg trur til dømes ikkje at historia med olivenlunden kunne ha skjedd på same måten i Beirut. Naturleg nok sidan det ikkje fins olivenlundar i sjølve Beirut, men prinsippet i historia er klart. Det verkar utifrå Johnson som om det urbane miljøet er meir konkurranseutsett. Det er større valmogelegheiter i byen, og får ein ikkje hjelp ein plass kan ein gå andre stader. Dette var naturleg nok ikkje so enkelt som det høyrer ut til sidan illojalitet heller ikkje vart sett på som spesielt ærefullt. Allikevel var mogelegheita der og det viste za'imane. Difor var det viktigare for dei enn dei rurale za'ama å skapa eit forhold der klienten var avhengig eller på ein eller annan måte stod i skuld til sin za'im. Det er på dette punktet eg heilt klart ser Johnson har eit godt poeng når han samanliknar za'ama med eit mafia system. Gilsenan beskriv i større grad eit avhengigheits forhold som meir ligg tufta på tradisjonar, historie og slektsforhold.

”Hierarchy and social classification seemed to be carved in stone.”⁶²

⁶² GILSENAN, Michael 1996: s. 46

Gilsenan gjer uttrykk for i løpet av boka at den sosiale mobiliteten i dei rurale strøk var bortimot ikkje eksisterande. Var du fødd inn i ein fellahin familie var det lite eller ingenting du kunne gjera for å stiga i hierarkiet. Det same gjaldt for ein agha eller ein bey. Det vart rekna med at sonen til beyen skulle ta over hans posisjon etter at han var gått bort. Dette ser eg og mange døme på andre stader i litteraturen. Til dømes fins det mange tilfeller der sonen har tatt over partileiarrolla etter at faren har trekt seg tilbake eller gått bort. Eg kan nemna eit døme der Walid Joumblatt, son av Kamal Joumblatt, den dag i dag er partileiar for Progressive Socialist Party som Kamal grunnla. I byen var det derimot litt større moglegheit for sosial mobilitet. Her kunne ein til dømes starta ei suksessfull bedrift eller forretning og på den måten auka sin status. Enkelte forretningsmenn gjorde so stor suksess og tente seg opp nok pengar til å skaffa seg sin eigen klientgruppe og på den måten freista å koma inn i politikken. Denne typen za'im var ikkje veldig vanleg, men det forekom frå tid til annan. Det som kjenneteiknar dei verkeleg mektige zu'ama er derimot at dei kunne visa til ei lang slektsline av ærefulle og suksessfulle forfedre. På den tida Gilsenan var i Libanon var det vanleg at den rurale za'im som tidlegare hadde basert sin økonomi på landeigarskap var no og ofte forretningsmenn i byane, investerte i eigedom eller var inngifta i andre rike og mektige familiar.⁶³ Det viser at dei og måtte ta konsekvensane av ein ny type økonomi og kunne ikkje lengre stola på at landet dei dyrka var nok for å få rikdom og innflytelse. Mange av dei rurale zu'ama budde ikkje eingong i landsbyane sine, men hadde hus eller leilegheiter i Beirut eller Tripoli. Dette viser at den gamle rurale za'im sin epoke var på vei nedover.

Ein skilnad i tematikk er at Gilsenan skriv om korleis dette systemet fungerer på eit lokalt plan, mens Johnson gjer ein analyse på korleis det fungerer på eit nasjonalt plan. Det som er slåande er korleis desse to i nokså stor grad liknar på kvarandre. Ein kan seie at landsbyen som Gilsenan beskriv er ein miniatyr av Libanon. Det er dei same mekanismane som trer i kraft der når ein posisjonerar seg for større ære og meir respekt som det er når zu'ama posisjonerar seg for politiske verv. Viktigheita av å ha dei rette personane på si side når ein ynskte å oppnå noko var alfa og omega.

Johnson er i mine auger skarpare i sin kritikk av za'ama systemet enn det Gilsenan er. Johnson brukar større ord når han beskriv æres-systemet som fanst der. Det at han trekkjer samanlikningar mellom mafia og dei politiske prosessane i Libanon er heilt klart ein krass

⁶³ GILSENAN, Michael 1996: s. 41

kritikk av dette systemet. Han er relativt bastant i sine analyser og er lite i tvil om kva bodskap han freistar å få fram. På den andre sida er han svært flink til å halda seg nøytral og beskriv samfunnsforholda på ein sær sars god måte. Han har førstehandskjennskap til korleis dette samfunnet fungerer etter å ha budd i Beirut i lengre periodar. *All Honourable Men* gjev og eit godt overblikk over korleis politikken vert styrt av zu'ama og at desse har ein finger med i bortimot alt som skal gjerast, på ein eller annan måte. Gilsenan er derimot som antropolog meir forsiktig med å dra for sterke konklusjonar om systemet i seg sjølv. I staden freistar han å vera meir beskrivande i sin skrivemåte og skildra korleis tilhøva var i landsbyen. Han brukar eit språk som gjer boka veldig lettlest og lettfatteleg og, i mine augo, fører dette til at bodskapen i boka kjem veldig godt fram.

4.0 Politiske parti i Libanon

Som eg tidlegare har nemnt er partistrukturane i Libanon noko særigne, og i tida eg behandlar viser dette seg godt. Dei aller fleste partia som er eksklusivt libanesiske vart danna rundt 1940-talet og det er difor interessant å sjå at det er grunnleggjaren som oftast har all makt i partiet og ser på det som sitt eige. I mange tilfelle kan ein og seie at dette eigarskapet var riktig på mange måtar. Parti bestod ofte av leiaren, ein *za'im*, ein lett administrasjon som var under fullstendig kontroll av leiaren og klientane til *za'imen* som veljarmasse og tilhengjarar. Litt annleis var det med dei partia som vart "importert" slik som det Libanesiske Kommunist Partiet og det Syriske Sosial Nasjonalist Partiet som var avgreiningar av parti i Syria og hadde difor ein litt annleis organisering sidan dei måtte rapportera til leiinga i Syria.

Eg vil her freiste å beskrive kort korleis nokre av dei største partia i Libanon var bygde opp og korleis maktstrukturane var og kven som hadde makta. Eg vil her halda meg til dei partia som oppstod og berre fins i Libanon, og som vart leia av nokre av dei mest innflytelsesrike *zu'ama* på denne tida. Dei aller fleste forfattarar eg har lest på emnet hevdar at viss ein ser nøye på partia kan ein knapt kalla dei politiske parti etter vestleg standard. For eksempel skriv Arnold Hottinger:

*"There are political parties with programs and secretaries, but most of them are not parties; they are rather associations of a 'strong man,' or simply a client group clustering around some dominant personality."*⁶⁴

Det einaste partiet som kjem opp mot det ein kan kalla ein vestleg standard er Falangistpartiet, eller Al-Kataeb som er det arabiske namnet. Dette partiet var eit av dei få som faktisk hadde eit slags partiprogram og eit uttalt mål om korleis politikken skulle først på lang sikt. Eit anna parti med høg grad av organisering og eit ideologisk partiprogram var SSNP (Syrian Social Nationalist Party). Det viser seg og at dette partiet er eit av partia som får stemmer frå forskjellige konfesjonar og forskjellige regionar. Ganske sikkert på grunn av at partiprogrammet og ideologien bak partiet var meir heilskapleg enn dei fleste andre parti. Og National Bloc og National Liberal Party hadde ei organisering som nærma seg det vi

⁶⁴ HOTTINGER, Arnold 1961: s 127-128

forstår som eit politisk parti, men var likevel eit godt stykke ifrå. Ein kan difor hevda at dei maronittiske partia var dei som hadde den største graden av organisering. Dei andre konfesjonane hadde stort sett berre ”parti” som var samlingar rundt ein person og hadde ingen partileiing eller demokratisk beslutningsorgan slik for eksempel Falangistpartiet hadde det.

Eit godt bevis på kor mykje makt *za’imen* hadde i dei forskjellige partia er denne avtalen som måtte underskrivast av alle som stod på vallista under Suleiman al-Ali ved valet i 1953. Avtalen er sitert i Samir Khalaf si bok *Lebanon’s predicament*.

*”We swear by God Almighty, by our honour, and by all that is dear to us, that – having agreed to participate in the battle of legislative election on the same list – we pledge ourselves, in the case of victory by the grace of God, to follow in the Lebanese Parliament the directives and the policy that will be dictated to us by His Excellency our companion in the struggle, Suleiman Bey el Ali Mara’aby, and to act in a manner to carry out all that he wills. We pledge ourselves to back him in all that he desires, in the Ministry or outside of it, and not to swerve one bit from the attitude he intends to adopt with regard to the authorities as a partisan or as an opponent. If we do not keep our promise and fail to fulfil this oath we recognize ourselves to be unworthy of the human species, and deprived of honour and gratitude.”*⁶⁵

Khalaf seier og her at det var fleire parti som hadde liknande avtalar. Dette er sterke ord i ein slik avtale. Ein har sjølvsagt ein viss partidisciplin her i landet og, men det har meir med å vera lojal til sitt parti og partiet sitt partiprogram. Dette er derimot ei klar kontrakt for å følgja leiaren av partiet i eit og alt han vil utføra. Eg synes dette er eit svært godt eksempel på makta ein *za’im* kunne ha, spesielt på den politiske arena. Ordlyden i kontrakten er og noko sterkare enn det me er vande med frå politikken her i landet. Særleg den siste setninga der det lyder at om ein ikkje skulle følgja partileiaren vil ein vera uverdigg som menneske viser kor stor autoritet som ligg bak desse orda. Suleiman seier seg og einig i at mange av partia var hjelpeorgan for *zu’ama*:

⁶⁵ Sitert i KHALAF, Samir 1987: s. 93

”Some of these parties, especially the exclusively Lebanese ones, are mere appendages to the zu’ama or confessional groups seeking a more ”modern” organization for gaining and maintaining power.”⁶⁶

Å danna eit parti var dermed berre ein måte å halda på den makta dei hadde hatt før Libanon vart ein sjølvstendig stat. Dei måtte modernisera seg utad, men den interne organisasjonen i fleire av partia var stort sett den same som før berre under eit anna namn. Nokre av partia som stilte til val hadde ikkje eingong medlemslister, men var berre ei samling rundt ein leiar. Eit døme på dette er Bishra al-Khoury sitt Constitutional Bloc.

4.1 Partioversikt

I dette utvalet av parti som eg no vil presentera er det heilt klart mest parti som hadde ein overveigande maronittisk profil. Dette er til dels på grunn av at det er desse partia som er framtrekkande i litteraturen, og dels fordi det er desse partia det går an å gje ei god beskriving av. Fleire parti hadde so flytande organisering at det er fånyttas å freista å forstå dei utifrå å tenkja på dei som politiske parti. Det var meir samlingar rundt ein person. Det er til dels nokre av dei partia eg beskriv her og, men dei stilte lister i fleire valkretsar og eksisterte over lang tid. Dei fleste av dei eksisterar den dag i dag. Grunnen til at det i litteraturen stort sett er maronittiske parti som er nemnt er vanskeleg å gje. Det kan være at maronittane såg større nytte i å danna politiske parti enn andre kristne grupper eller muslimar. Det kan og være at maronittar var meir påverka av den vestlege verden sidan dei stadig freista å styra landet mot vesten. Dei såg på seg sjølv, ikkje som den arabiske verden sin siste utpost mot vest, men som den vestlege verden sin siste utpost mot aust. Difor freista dei kanskje i større grad å tilnærma seg dei politiske systema i vesten.

⁶⁶ SULEIMAN, Michael W. 1967: s. 282

4.1.1 Al-Kataeb, (Falangistpartiet)

Dette partiet vart stifta 21. november, 1936, av fem leiande maronittar. Ein av desse var Pirre Gemayel som seinare vart leiar av partiet aleine. Ei annan av dei fem var Charles Helou som seinare vart president i Libanon. Etter at Gemayel hadde vore i Berlin under sumar OL i 1936 vart han so imponert av den nazistiske ungdomsorganisasjonen at han fekk ideen til å starte noko liknande i Libanon. Gemayel er sitert av Johnson der han seier:

*”I was struck with admiration. We Orientals are, by nature, an unruly and individualistic people. In Germany I witnessed the perfect conduct of a whole, unified nation.”*⁶⁷

Det var ikkje nødvendigvis ideologien som tiltalte fyrst og fremst, sjølv om Gemayel nok kan kallast nasjonalist, men kanskje ikkje i den verste tydinga av ordet. Han ville at dette skulle vere ein ungdomsorganisasjon som kunne opplysa landets ungdomar om kva dei fem grunnleggjarane syntest var den rette vegen å føra landet. Med andre ord ville han få med seg ungdom og oppretthalda gode band til Frankrike i ei tid der forskjellige grupper i landet freista å trekkja landet i forskjellige retningar. Kommunistane freistar orienterar seg mot Moskva, PPS (Syriske Sosial Nasjonalist partiet) ville ha Libanon inkorporert i Syria og ein større arabisk nasjon.⁶⁸ Etter litt uro og bråk i partiet vart Pierre Gemayel sittande aleine som president og med all makt i partiet og den held han på heilt til hans død. Det var fyrst då Gemayel tok over som einaste leiar og fekk styra partiet i den retning han ville at partiet vart ein maktfaktor i Libanon. Gilmour skriv at Gemayel var som nasjonalist svært oppteken av det historiske kravet han, og mange med han, meinte maronittane hadde til Libanon. Gemayel legg ikkje fingrane imellom når han snakkar om dette temaet. Han uttalte ein gong at:

”The faithfulness of Lebanon to its mission and its heritage has never been denied over the last six thousand years of history.”

Her siktar nok Gemayel til den myten at maronittane er direkte avstamming av dei gamle fönikarane som budde i området rundt 3000 år før Kristus. Dette er ein heilt vanleg myt blant maronittar og den vert brukt for å visa at dei var der fyrst og har dermed større rett til landet enn nokon andre. Mange forfattarar skriv om denne myten og dei aller fleste av dei har eit

⁶⁷ JOHNSON, Michael 2001: s. 49

⁶⁸ SULEIMAN, Michael W. 1967: s. 232-233

dårleg skjult smil mellom linene når dei skriv om dette. Forståeleg nok sidan det er umogeleg å kunna trekkja slektsband so langt tilbake i tid.



Pierre Gemayel

Partiet var bygd opp med presidenten på toppen. Under han hadde man eit politisk byrå der alle toppane i partiet sat pluss fem medlemmar av partiet som vart vald av sentralstyret. Dette var instansen der politikken, programmet og organisasjonen i partiet vart bestemt. Under der sat sentralstyret som bestod av politbyrået og representantar for dei forskjellige underorganisasjonane til dømes ungdomsavdelinga og kvinneavdelinga. Her vart president og visepresident vald i tillegg til dei fem medlemmane i politbyrået. På botnen av organisasjonen var generalforsamlinga som møttest ein gang i halvåret og gav råd til leiinga i partiet om korleis politikken skulle førast, og sjølvstøtt årsmøte i partiet som legg dei store linjene i politikken for partiet.⁶⁹ Arnold Hottinger seier i sin artikkel "Zu'ama' in Historical Perspective" at Falangistpartiet med Gemayel i spissen var eit av dei svært få libanesiske politiske partia. Dette seier han med grunnlag i at partiet var spreidd utover heile den kristne delen av Libanon utan å ha tilknytning til ein bestemt region. På den andre sida var til dømes gruppene til As'ad, Salam og Frangieh klientgrupper som etter Hottinger sitt syn ikkje kunne kallast politiske parti.⁷⁰ Falangistpartiet var og det største politiske partiet i Libanon ifylgje David Gilmour. Men ved valet i 1972 fekk dei berre sju av nittini mandat i parlamentet. Gilmour forklarar dette med at det tradisjonelt sterke patron-klient forholdet i Libanon hadde spelt dei nye politiske partia utover sidelina på grunn av at vala var blitt reine personval. Gilmour legg og til om falangistpartiet at partiet var ein vel så stor maktfaktor på andre arenaer som i parlamentet.

⁶⁹ SULEIMAN, Michael W. 1967: s. 237

⁷⁰ HOTTINGER, Arnold i BINDER, Leonard 1966: s. 86

Som me ser her er ikkje organisasjonen av partiet svært ulik den me kjenner ifrå norske parti. Maktstrukturen er litt annleis, til dømes er det årsmøtet som vel partileiar her i landet og ikkje sentralstyret. Det interessante her er jo korleis dette systemet fungerer i praksis. Som sagt er dette det partiet som liknar mest på det me her i vesten kjenner som politiske parti. Likevel kan ein ikkje sjå vekk ifrå at Falangistpartiet hadde ein stor grad av styring frå toppen og nedover i systemet. Det var presidenten som til sjuande og sist hadde siste ord i dei aller fleste saker. Falangistpartiet kom og til å spela ei viktig rolle i utbrotet av borgarkrigen i 1975. Det var deira angrep på palestinarar som var den direkte utløysande årsaka til at dei forskjellige gruppene væpna seg og gjekk til krig mot kvarandre.

4.1.2 An-Najjada Party

Dette partiet var eit av dei største muslimske partia i Libanon. Det vaks opphavleg ut ifrå ein speidarbevegelse frå Syria og Libanon området. Det byrja som ein paramilitær organisasjon som skulle sikre muslimane sine rettar under det franske mandatet. Då det libanesiske parlamentet forbaud alle paramilitære grupper i Libanon i 1949 inkluderte dette An-Najjada, men det vart og sagt at alle slike grupper kunne rekonstituera seg som politiske parti.⁷¹ Slik sett høyrer dette ut meir som ei kosmetisk forandring enn at ein på alvor ville ha bukt med dei paramilitære gruppene.

Når det gjeld medlemstolk hevda partiet sjølv å ha rundt ti til femten tusen medlemmar. Desse var hovudsakleg frå Beirut, Beka'a dalen og det sørlige Libanon. Også dette partiet hevda ikkje å ha ei spesiell religiøs tilknytning, men det var ingen tvil om at dei aller fleste medlemmar og veljarar var sunnimuslimar. Det at partiet nesten ikkje hadde nokon medlemmar frå Mount Lebanon visar at den maronittiske representasjonen i partiet var forsvinnande lav.

Partistrukturen er og, i likskap med dei andre partia eg her beskriv, autoritært i den forstand at presidenten i partiet hadde all makt. Han pukka ut kven som skulle sitte i dei ulike komitear som skulle overvaka hans arbeid. Alle avgjersler vart dermed tekne på toppen.

Partiet hadde heller ikkje noko spesielt program då det vart oppretta. Det freista å væra partiet som snakka for "dei undertrykte" i landet, og det vil etter deira definisjon seia muslimar. Det

⁷¹ SULEIMAN, Michael W. 1967: s. 203

som allikevel er spesielt med dette partiet er at det ikkje finst nokon sterk person som trakk i alle trådar. Presidentvervet var ikkje ein livstidsjobb slik det var i mange andre parti. Dette kan jo tyda på at partiet på denne måten var meir demokratisk enn mange andre parti på denne tida. På den andre sida tilseier ikkje den indre strukturen i partiet at det var spesielt demokratisk.

4.1.3 Progressive Socialist Party

PSP vart stifta i Beirut i 1949 av druserleiaren Kamal Joumblatt og han sat som leiar av partiet heilt fram til han vart skoten og drepen i 1977. Myten rundt drapet seier at det var president Assad av Syria som eigenhendig tok livet av han. Dette har sjølvstalt aldri vorte bekrefta. Han var det ein kan kalla ein føydalherre i fjella utanfor Beirut og var leiar for ein av dei to store drusarklanane i Libanon. Medlemsmassen kjem då og frå dei rurale delane av Libanon der Joumblatt har sine klientar og tilhengjarar. Partiet vart offisielt danna for å ta vare på sosialistiske idear, men på folkemunne vert partiet og kalla "Joumblatt sitt parti", ikkje berre fordi Kamal Joumblatt var den ubestridde leiaren, men og fordi medlemmane stort sett bestod av hans klientar.⁷² Joumblatt var og ein sentral aktør i konfliktane i 1958, som eg vil koma tilbake til seinare i kapittelet.

Partiorganiseringa her er noko annleis enn i falangistpartiet og det er lettare å sjå kven som har den eigentlege makta her. På toppen sit presidenten altså Kamal Joumblatt.



Kamal Joumblatt

⁷² SULEIMAN, Michael W. 1967: s. 219

Han vert vald av ei generalforsamling for fire år av gangen. Dette vart jo meir eller mindre ein formalitet sidan det var Joumblatt som sat med makta heilt til hans død. Presidenten har og ansvaret for å utnemna dei fleste stillingar innan partiet slik at han har full kontroll over kven som jobbar for han. Under presidenten var det eit råd som bestod av dei høgste stillingane i partiet og møttest ein gang i veka. Rådet var sjølvstendig leia av presidenten sjølv. Her vart den generelle politikken for partiet fastsett og det var ein slags rådgjevande instans for Joumblatt. Generalforsamlinga møttest ein gang i året for å høyre presidenten sin rapport og å diskuterte korleis partiet sin politikk skulle førest for det neste året.⁷³ Eit anna trekk ved PSP er at det tilsynelatande er ikkje-konfesjonalistisk. Labib Z. Yamak skriv i sin artikkel:

”Of the sixteen members who composed the Council of Leadership in 1959, thirteen were Christians, two were Druze, and one was Sunni Muslim.”⁷⁴

Dette viser at Joumblatt i det minste har gjort eit forsøk på å gjera partiet til eit parti for alle konfesjonar. Yamak seier at PSP her har brote ut av det tradisjonelle mønsteret for parti i Libanon og freista å byggja opp ein sekulær partistruktur. Om dette var årsaka til at veljarmassen kom frå fleire konfesjonar er uvisst. Viss ein ser på regionen der Joumblatt kom ifrå ser ein at dette er ein region utan ein heilt klar majoritet for ein konfesjon. Joumblatt var derimot ein veldig karismatisk og sterk leiar og za'im og fekk nok difor og tilhengjarar ifrå fleire hold enn mange andre zu'ama. Joumblatt var og på mange måtar meir politisk i ordets rette forstand og førte ein politikk som fleire enn berre drusarar kunne vera samde med.

Kamal Joumblatt var eit godt eksempel på ein vellukka rural za'im. Han hadde politiske posisjonar og hadde ministerpostar i fleire regjeringar. Men han var og ein stor leiar i området han kom frå Moukhtara. Han skriv sjølv i sin sjølvbiografi:

*”Here [Moukhtara], I am often called *the lord of Moukhtara’, sometimes a little ironically, as if there were some contradiction with my position as a progressive leader.”⁷⁵*

I mine augo er det ein liten sjølvmotseiing i det at han var leidar for eit sosialistisk parti og den fremste politikaren på venstresida, og samtidig vera det som kan ha likna på ein føyodalherre

⁷³ SULEIMAN, Michael W. 1967: s 216 - 217

⁷⁴ BINDER, Leonard 1966: s 161

⁷⁵ JOUMLATT, Kamal 1982: s. 26

på sin eigen heimstad. Joumblatt er også eit svært godt døme på at zu'ama hadde fleire rollar å fylla. Ein rolle var partileiaren og statsmannen, mens på den andre sida skulle han vera til stades og engasjert i sin eigen landsby. Som me ser av Joumblatt sine ord såg han ingen problem med å kombinera dei ulike rollene. Dette synes eg kan visa at det ikkje alltid var samsvar mellom ideologi og handlingar blant zu'ama. Ein anekdote eg las kan vel og understreka at Joumblatt ikkje alltid tok konsekvensen av sin ideologi. Joumblatt vart konfrontert med at han tidlegare hadde uttalt at han var pasifist og ein journalist spurde då om kvifor han hadde ein tungt bevæpna styrke som fungerte som livvaktene hans. Joumblatt svara då: *”Yes, I am a pacifist, but sometimes you just have to get those bastards.”*

4.1.4 The Constitutional Union og The National Bloc

Desse partia kan ikkje seiast å vera skikkelige parti før rundt hendingane då landet vart sjølvstendig i 1943. Dei to grupperingane hadde eksistert frå rundt 1930, men då sjølvstende og valet på den fyrste presidenten kom skilde dei lag. Constitutional Bloc var leia av Bishra al-Khoury, mens the National Bloc var leia av Emile Edde.



Emile Edde

Begge var framtrekande maronittiske za'imar og hadde begge sett seg ut presidentembete. Den store forskjellen i politikken deira var at al-Khoury ville føra ein ”arabisk” politikk. Det vil seie at han ville knyta Libanon nærmare den arabiske verda, mens Edde ville at Libanon fortsett skulle ha nære band til Frankrike og Europa generelt.⁷⁶ Dermed splitta dei to partia lag og samarbeidet deira var ikkje lengre så tett som det hadde vore. I praksis skyldast denne splittinga konflikten mellom dei to store personlegdomane al-Khoury og Edde om

⁷⁶ BINDER, Leonard 1966: s 94

presidentskapen i den nye staten. Ingen av desse partia hadde vorte sett på som parti i vårt norske partisystem. Dei hadde begge ein svært laus organisering. Constitutional Bloc hadde ikkje eingong nokon oversikt over medlemsskap eller over den interne strukturen. National Bloc hadde litt større grad av organisering blant anna fordi dei hadde litt klarare organisering og betre oversikt over medlemsskap. Constitutional Bloc hadde heller aldri registrert seg som eit politisk parti, mens Emile Edde hadde gjort den lause organisasjonen om til eit parti kort tid før det fyrste valet i 1943.⁷⁷ Ingen av desse grupperingane hadde heller ikkje noko klart ideologisk eller politisk program. Dei vart mest leia frå sak til sak, men det var på mange måtar raude trådar gjennom deira politikk allikevel. Constitutional Bloc sin leiar, al-Khoury var den som trakk det lengste strået i det fyrste presidentvalet. Dette visar i mine augo at det ikkje var behov for å ha ein sterk organisasjon i ryggen for å skaffa seg makt. På den andre sida kan ein seie at han hadde ein organisasjon i ryggen, om enn ikkje offisiell, med tanke på klientmassen hans og dei za'ama som støtta han og hans kandidatur. I 1955 bytta partiet namn til Constitutional Union Party. Dette var stort sett berre eit kosmetisk grep for å freista å revitalisera partiet. Då Bishra al-Khoury trakk seg tilbake frå politikken og då han døydde litt seinare i 1964, eksisterte partiet vidare kunn på papiret. Det bestod då av nokre za'imar som hadde plass i parlamentet, men desse var meir avhengige av personleg popularitet enn populariteten til partiet. Det kan difor ikkje lengre kallast eit parti, men er derimot ei samling za'imar med deira klientar.

Emile Edde var hardliner maronitt. Han argumenterte då Libanon sine grenser vart utvida med at dette ikkje var ein god ide i det heile på grunn av demografien. Han ville ha ein stat som var mest mogeleg kristen. Han såg for seg at Libanon skulle bestå av Mount Lebanon og dei omkringliggjande områda der det budde kristne. Dette var og posisjonen til dei geistlege i den maronittiske kyrkja.⁷⁸ Det var kanskje denne harde lina som gjorde at han tapte kampen om presidentvervet. Eg vil tru at dei muslimske stemmene ved presidentvalet gjekk til al-Khoury. I 1949 døde Emile Edde og sonen hans Raymond Edde tok over vervet som partileiar. Her har me nok eit døme på za'ama systemet der sonen får overlevert faren sine verv og ikkje minst klientar.

⁷⁷ BINDER, Leonard 1966: s 156

⁷⁸ HARRIS, William 1986: s. 119


4.1.5 National Liberal Party

Dette er partiet som var bygd opp rundt den sterke maronittiske leiaren Camille Chamoun. Partiet vart ikkje danna før i 1959. Då såg Chamoun at han ikkje lengre kunne rekna med den støtta han hadde hatt frå falangistane. Han måtte difor skapa sin eigen organisasjon av den klientmassen han allereie hadde. Chamoun hadde vore president i Libanon frå 1952 fram til urolegheitane i 1958 då han måtte gå av og Chehab overtok. Han hadde vore ein framtrédande medlem av Constitutional Bloc og var ein av tre som grunnla det partiet, men forlét partiet i 1953. Det bringer ein til å spekulera i om partimedlemsskapet der berre var for å koma i posisjon til presidentembetet, men dette er som sagt berre spekulasjonar.

Suleiman skriv dette om den indre organiseringa av partiet:

”While the party claims to work for a democratic system of government, it hardly practices democracy in its internal organization.”⁷⁹

Partiet har ein stor organisasjon, men all makt og alle avgjersler endar opp hjå presidenten i partiet, Chamoun. Til og med dei som står for valet av partipresidenten er utnemnt av Chamoun sjølv. Stemmene som partiet fekk ved val kom stort sett frå Chamoun sin heimstad i Shouf – regionen, Mount Lebanon og i nord.



Camille Chamoun

Partiet hevdar sjølve dei er eit parti for alle konfesjonar, men Suleiman seier det er tvilsamt at partiet hadde mange, om nokon, sunnimuslimske medlemmar. Støtta kom i all hovudsak frå maronittar i tillegg til nokre sjiamuslimar, drusarar og greskortodokse. Som me ser er dette nok eit parti som er bygd opp rundt ein sterk leiar. Partiet hadde ikkje eit klart program i

⁷⁹ SULEIMAN, Michael W. 1967: s. 261

byrjinga anna enn eit kort dokument som konstaterte partiet sine prinsipp. Styringa i partiet kom ifrå toppen og Chamoun hadde kontrollen med all aktivitet i partiet. Chamoun var ein av dei store og mektige za'imane i denne perioden. Han tok over som president i landet etter Bishra al-Khoury og hadde vervet frå 1952 til 1958. Ifylgje William Harris var ikkje Chamoun ein av dei tradisjonelle zu'ama. Han var snarare frå middelklassen og kom til makta ved hjelp av ein allianse mellom sterke zu'ama. Denne alliansen braut saman nesten umiddelbart etter at Chamoun kom til makta og han hadde store problem med å setja saman ei regjering.⁸⁰

4.1.6 Oppsummering

Som me ser her er det eit kjenneteikn ved partia i Libanon som går igjen. Den store mangelen på demokratisk styre innad i partia ser ut som det er felles for dei aller fleste, og i alle fall dei partia eg har skissert opp her. Labib Z. Yamak seier at ein ikkje kan forstå eit politisk system berre ut ifrå teori og modellar. Ein svært viktig faktor i å fullt ut forstå eit lands politiske system er å sjå på den kulturelle konteksten dette systemet har vokse fram i.⁸¹ Det Yamak vil fram til her er at ein i Libanon sitt tilfelle ikkje kan forstå politikken og særskilt det politiske miljøet, utan å ta med za'ama systemet som ein variabel. I tillegg til dette kjem problemet med dei mange konfesjonane. Då Libanon vart utvida til slik me kjenner det i dag i 1920 vart den kristne dominansen i landet sterkt svekka. Ein kan seie at det landet vann i landområde, tapte dei i homogenitet. På mange måtar kan ein seie at det libanesiske politiske systemet vart fødd i 1920. Løysinga på dette problemet med dei mange ulike grupperingane i landet vart eit konfesjonalistisk system med strenge reglar for fordeling av verv mellom konfesjonane. Zu'ama hadde hatt den reelle makta i landet i lange tider. Difor vart det no viktig for dei å skaffa seg posisjonar for å behalda denne makta då eit nytt politisk system vaks fram etter sjølvstende.

Etter kvart såg mange av dei mektigaste zu'ama nytteverdien i å ha ein politisk organisasjon i ryggen i kampen om makta. Ein kan heilt klart stilla spørsmål ved den eigentlege skilnaden mellom ein za'im med eit politisk parti i ryggen og ein utan. Makta han hadde over klientane var den same. Det som var fordelene med partia var at dette skapte ein meir legitim basis for

⁸⁰ HARRIS, William 1997: s. 140

⁸¹ YAMAK, Labib Z. i BINDER, Leonard 1966: s. 143

zu'ama i jakta på maktposisjonar. Likevel var zu'ama stort sett fortsett avhengig av støtta frå klientane sine i sin eigen provins. Yamak seier dette om maktbasen til zu'ama:

*”Even when the notable becomes a national figure like Riad al-Solh, Bishara al-Khoury, or Kamal Jumblatt, he still relies closely on his elementary organization of clan or followers. Because of his wealth or family prestige, and chiefly because of the patriarchal structure of Lebanese society, the za'im remains one of the most influential actors in the political process.”*⁸²

Dei politiske partia i Libanon har ein stor skilnad frå parti slik me kjenner dei. Her i Noreg er partia organisasjonar som jobbar for sine veljarar. Ved at ein har parti som dekkjer dei fleste ideologiske retningar som veljarane kan stemma på får ein, ein rimeleg god representasjon i parlamentet som er proporsjonal med meiningane i befolkninga i landet. I Libanon kan det verk som om partia er danna for partileiarane og ikkje for å gagne befolkninga. Om dette seier Yamak:

*”It cannot be contested that there are political parties in Lebanon, but it is doubtful that there is a party system, that is, that the political process operates on the basis of rationally organized political groups which compete among themselves for control of the government.”*⁸³

Med dette meiner han akkurat det at det er meningslaust å snake om eit partisystem sidan partia ikkje var parti som skulle representera folket, men instrument for zu'ama for å auka si makt.

Frå dette kan me konkludere med at partisystemet i Libanon var meir eller mindre ikkje fungerande, i alle fall på den måten politiske parti er meint å fungera. Parlamentet vart styrt av ”the Notables” som hadde eigne interesser i sikte for seg og si gruppering, og ikkje av parti som kunne arbeida for folket. Særleg under tida med dei lange vallistene eg har skissert tidlegare i oppgåva hadde dei mektigaste zu'ama i landet stor innflytelse på politikken sidan dei som oftast hadde sine medarbeidarar på alle plassane på listene.

⁸² YAMAK, Labib Z. i BINDER, Leonard 1966: s. 153

⁸³ YAMAK, Labib Z. i BINDER, Leonard 1966: s. 155

4.2 Parti og konfesjon

Det er ingen tvil om at kva konfesjon ein libanesar tilhørde styrte og i stor grad kva parti han var tilhengjar av. Eg har ikkje funne noko eksempel i litteraturen på eit parti med ein klar appell til fleire konfesjonar. Sidan dei religiøse skiljelinene i Libanon i svært stor grad er parallelle med dei regionale er partia og ofte regionale parti. Unnataka er dei største partia som hadde vallister i fleire områder men då spesielt i områder med det enkeltes parti (partileiar) sin konfesjon. Viss ein skal gjera ei regional grovinndeling av dei forskjellige konfesjonane i Libanon kan ein sei at i nord og i dei største byane (Beirut, Tripoli og Sidon) er det stor overvekt av sunnimuslimar, i Mount Lebanon og den midtre delen av landet er det overvekt av maronittar og andre kristne mens i sør er det stor overvekt av sjiamuslimar. I tillegg er det ein del drusarar som ein og finn i Mount Lebanon og i sør. Dette er absolutt ei grovinndeling, men kan gje eit bilete på korleis det religiøse kartet over Libanon ser ut. Sidan demografi er eit så ømt tema i Libanon er det vanskeleg å setja nøyaktige tal på kor mange som tilhører dei forskjellige konfesjonane. Men det ein antar, og som er ganske openbart er at antalet sjiamuslimar steig kraftig utover i perioden eg behandlar. I dagens Libanon er det stor einigheit om at sjiamuslimane er i fleirtal. Labib Z. Yamak listar i sin artikkel "Party Politics in the Lebanese Political System" opp eit estimat over dei ulike konfesjonane i Libanon:

- Maronittar 30%
- Sunni 22%
- Sjia 18%
- Gresk ortodokse 10%
- Gresk katolske 6%
- Drusarar 6%

I tillegg til desse fantes det fleire andre minoritetar som saman utgjorde dei siste 8 prosent. Til saman seier Yamak at ein kunne finna ikkje mindre enn 15 etniske og religiøse grupper.⁸⁴ Dette er nok svært usikre tal og å døma etter andre utsegner i litteraturen er det mogeleg at den sjiamuslimske befolkninga var noko større, men dette er svært vanskeleg og fastslå sidan

⁸⁴ YAMAK, Labib Z. i BINDER, Leonard, 1966: s. 144

det ikkje har funne stad nokon folketeljing sidan 1932. Man desse tala er det stort sett semje om i litteraturen.

I dag er det brei einigheit om at sjiamuslimane er den største gruppa i Libanon. Harris skriv at det i 1990 var ca. 35% av den libanesiske befolkninga som var sjia, 24% sunni og 21% maronittar.⁸⁵ At den muslimsk delen av befolkninga auka so raskt og gjekk forbi den kristne godtok ikkje dei kristne i landet fullt ut sidan det betydde at dei mest sannsynleg vil missa den posisjonen dei hadde. Då Libanon fekk sitt sjølvstende i 1943 vart det, basert på folketeljinga i 1932, sett opp ein fordelingsnøkkel for korleis seter i parlamentet og offentlege stillingar skulle fordelast mellom dei forskjellige konfesjonane. Enkelt sagt vart det sett opp ein fordeling med 5 muslimske representantar for kvar 6. kristne representant. Sjølv om fordelinga ikkje stemte overeins med folketalet i heile perioden fram til borgarkrigen vart fordelingsnøkkelen ståande. Denne nøkkelen vart ikkje endra før i 1989 då partane etter borgarkrigen inngjekk det som vert kala Ta'if avtalen. Der vart det fastslege at det skulle vera lik representasjon av kristne og muslimar i parlamentet i tillegg til at den maronittiske presidenten fekk noko mindre makt.⁸⁶ Dette var eit steg i retning av å gjera maktforholda i landet meir rettferdige. Det fanst og eit intrikat system for fordeling av representantar mellom dei ulike konfesjonane. Dette har eg beskrive i kapittel to. J.C. Hurewitz gjengjer ei satirisk anekdote som gjer narr av det konfesjonalistiske systemet i Libanon, med den detaljerte fordelinga mellom konfesjonane, som eg synes beskriv systemet veldig bra.

"On the Lebanese front in the Palestine war of 1948 a Maronite Lieutenant found a Greek Catholic platoon in a state of complete inactivity despite the unabating and still vigorous exchange of fire.

'Sergeant,' bellowed the company commander, 'don't your men know that this is a war? Why aren't they fighting? If they do not take up their arms at once, I shall have you and them executed as deserters!'

*'But one of our men was just killed, sir. We are therefore waiting for three Maronites, two Sunnis, two Shi'is, two Greek Orthodox, and one Druze to be killed before we resume fighting.'*⁸⁷

⁸⁵ HARRIS, William W. 1997: s. 70-73

⁸⁶ HARRIS, William W. 1997: s. 261

⁸⁷ HUREWITZ, J.C. i BINDER, Leonard 1966: s. 213

Problemet ved det konfesjonalistiske systemet vert her beskrive på ein svært god måte. Det kunne ofte være handlingslammande at so mange konfesjonar skulle einast om ein middelveg som alle kunne være samde om. Dette var i praksis nesten umogeleg, men ved "gje og ta" metoden kom det som oftast eit kompromiss til slutt.

Skal ein trekkja fram eit parti som hadde veljarar ifrå fleire konfesjonar må nok det være Jounblatt sitt PSP. Som eg har sagt tidlegare i oppgåva var dette etter mitt syn like mykje at han kom frå ein region som og hadde mange kristne innbyggjarar i tillegg til drusarar, og at han var ein karismatisk og sterk leiar med store visjonar. Med det i tankane at det berre var eit parti som hadde ei veljarmasse som var fordelt mellom ulike konfesjonar kan ein stilla seg spørsmålet om dette eigentleg var eit demokrati. Malcolm H. Kerr skriv i ein artikkel:

*"Lebanese democracy is not the rule of the demos, but simply the distribution of guarantees to the recognized factions coexisting in the country of the means to defend their minimum interests."*⁸⁸

Han seier vidare at dette dekkar stort sett alle i landet, og at systemet i prinsippet er opent for alle er ikkje demokrati ein heilt feil beskriving. Det er derimot ein veldig spesiell form for demokrati. Kerr meiner at denne måten å styra på har Libanon dradd med seg frå tida under det Ottomanske styret, og det var jo ikkje eit demokrati på nokon måte. Slik er det jo med de fleste demokratiske statar. Demokratiet vert tilpassa den nasjonale historia og kulturen. Spørsmålet i Libanon sitt tilfelle, som Kerr stiller, er om det kvalifiserar til å verta kalla eit demokrati i det heile. Etter mitt og dei fleste forfattarar på området sitt syn var det libanesiske systemet eit demokrati. Det hadde sjølvsagt ikkje passa inn i vår del av verden akkurat på grunn av historiske og kulturelle skilnader. Viss ein skal samanlikne vårt demokrati med Libanon sitt er nok den største forskjellen representativitet. Dette kom nok mest av dei skiljelinene ein finn i Libanon som me ikkje har i så stor grad. I Noreg er det svært uvanleg å snakka om religiøse skiljelinar. Andre religionar enn protestantismen er so marginale at det ikkje er grunnlag for at dei kunne krevja meir makt i statlege høve. Libanon derimot er so splitta akkurat på dette området at det nesten er nøydt til å skapa konflikhtar. Med sytten ulike konfesjonar av vekslande storleik er det klart at det vert ein maktkamp mellom dei ulike gruppene etter mest mogeleg makt og påverknad. Det var dette faktum Libanon vart nøydt til

⁸⁸ KERR, Malcolm H. i BINDER, Leonard 1966: s 188

å inkorporera i sitt system. Det viste seg svært vanskeleg, men det vart løyst ved denne fordelingsnøkkelen eg har beskrive tidlegare. På denne måten vart proporsjonaliteten mellom seter i parlamentet og fordelinga i befolkninga så god som mogeleg. I det minste på papiret. Ifrå 1943 og framover vart det forandringar i korleis befolkninga var samansatt. Den muslimske delen vaks fortare enn den kristne. Dermed var ikkje parlamentet proporsjonalt lengre og det byrja oppstå konflikhtar. Dette var som eg har nemnt tidlegare eit av områda som vart endra på gjennom Taif-avtalen etter borgarkrigen.

Det fins og fleire eksempel på at zu'ama i fleire tilfelle også opererte som religiøse leiarar. Eg har tidlegare i oppgåva sitert Kamal Joumblatt der han seier indirekte at han kan være til hjelp med religiøse analysar. No var Joumblatt ein belest mann og hadde satt seg inn i religionen sin, og han vart derfor ikkje utan grunn konsultert i religiøse saker. Det at fleire za'imar vart sett på som religiøse leiarar, dog uoffisielle, er og ein god peikepinn på kvifor ikkje stemmene ved val gjekk over dei religiøse grensene. Ein kan her spekulera i om zu'ama var genuint religiøst interesserte eller om dette var eit grep for å sikre seg endå større lojalitet ifrå sine klientar. Eg vil tru ein kan finna eksempel på at begge alternativa fanst i Libanon.

Walid Phares skriv i si bok at det fins eit stort paradoks ved falangistpartiet. Sjølv om det er eit maronittisk parti var nokre av dei beste støttespelarane muslimske politikarar, og då helst sunniar. Han klarar ikkje, (eller freistar ikkje), å gje ein god grunn for dette. Den beste forklaringa er vel i mine augo at realpolitikk og vegen til makt går utanpå dei fleste skiljeliner. David Gilmour fortel om kor vanskeleg og uforutsigbart det politiske klimaet i Libanon var. Som eit døme trekk han fram valet i 1960. I valkretsen Metn slo al-Kataeb eg saman med Constitutional Bloc, som var den maronittiske leiaren Bishra al-Khoury sitt parti, for å vinne over National Liberal Party (NLP), som var Camille Chamoun sitt parti. I nabokretsen Ba'abda derimot slo al-Kataeb g saman med NLP for å vinne over Constitutional Bloc. Dette er eit av fleire eksempel Gilmour gjev for å visa det ustabile og uforutsigbare politiske klimaet i Libanon. Dette viser dog berre at maronittiske parti samarbeida. Eg har ikkje funne nokon stad der det er skriva at maronittiske og muslimske parti samarbeida utanom parlamentet, og når dei måtte stilla vallister saman, der dei var nøydde til å samarbeida.

4.3 Chehab perioden


I 1958 stod Libanon og på randen av borgarkrig. Nokre forfattarar seier at det var ein borgarkrig, men når ein ser på korleis 1958 fortona seg i forhold til 1975 kan ein vel knapt kalla dette meir enn ein kort feide. 1. februar 1958 erklærte Syria og Egypt danninga av den Arabiske Union (UAR). Dette vart svært godt motteke av muslimane i Libanon. Det vart sendt ein delegasjon frå United National Front til Damaskus for å gratulera den syriske presidenten for hans rolle i opprettinga av unionen. Den syriske presidenten, Shukri al-Quwwatli, inviterte då Libanon til å slå seg saman med Egypt og Syria.⁸⁹ For å gjera ei lang og komplisert historie kort freista fleire muslimske grupperingar i Libanon å styrte den sitjande presidenten Camille Chamoun. Sjølv om biletet var mykje meir nyansert enn dette var det i hovudsak ein kamp mellom kristne og muslimar om kven som skulle styra landet. Det fans sjølvstakt unnatak. For eksempel stod ein framtrudande sunnimuslimsk leiar, Sami al-Sohl ved Chamoun si side i heile konflikten. Falangistane som hadde ein relativt stor og slagkraftig militæravdeling kjempa og på Chamoun si side saman med mange andre maronittar og gresk-ortodokse. Muslimane på si side kjempa for UAR og for Abd al-Nasser, Egypts president, som unionens leiar. Etter kort tid sendte og USA styrkar inn i Libanon for å freista å stabilisera landet igjen. USA hadde ikkje berre kome Chamoun og hans styre til unnsetning. Den største bekymringa USA hadde var at UAR ville skapa ein større motstand til vesten, og for å vise sine allierte i Midt-Austen, Pakistan, Tyrkia og Iran, at USA var i stand til å yta sterk støtte om nødvendig.⁹⁰ Konflikten enda med at det fyrst vart danna ei opposisjonsregjering som deretter vart fylgd av ein motrevolusjon av falangistane. Deretter gjekk det meste i store trekk tilbake til slik det såg ut før konflikten.

I denne konflikten held hæren i Libanon, med nokre få unnatak, seg nøytral. Hæren vart då leia av general Fuad Chehab. Etter at konflikten hadde lagt seg stod Chehab fram som ein samlande figur og vart vald som president. Han vart godteken både av USA som var interesserte i å halda fram dei konfesjonalistiske skiljelinene i Libanon slik at landet ikkje vart ein rein arabisk stat, og Chehab vart og godteken av Nasser som var nøgd med å ha ein relativt nøytral president i nabolandet. Libanon klarte altså gjennom heile denne konflikten merkeleg nok å halda seg nokolunde venleg med både Syria og Egypt og USA på den andre

⁸⁹ GORDON, David C. 1980: s. 52 - 53

⁹⁰ GORDON, David C. 1980: s. 55

sida. Gilmour skriv at etter desse uroligheitene gjekk Libanon tilbake til sitt vennskap, men ikkje allianse med Vesten, og allianse, men ikkje union med den arabiske verden.⁹¹



Fuad Chehab

I si bok *Lebanon: Dynamics of a Conflict* skriv B.J. Odeh om perioden der Chehab styrte.

*”Of necessity, a consistent modernizer came into conflict with confessionalism. Chehab, though a modernizer, was neither willing nor able to do so. His dilemma was that he did not think it feasible to restructure the state on a non-confessional basis. Consequently, his attempts at modernization were inconsistent, haphazard and, by and large, ineffective.”*⁹²

Han seier at Chehab freista å modernisere det libanesiske samfunnet og til ein viss grad det politiske systemet. Desse forsøka var stort sett inkonsistente og tilfeldige og dermed og ineffektive. For å modernisere Libanon måtte ein fyrst og fremst gjera noko med konfesjonalismen. Dette er det systemet som sikrar at dei forskjellige religiøse retningar skulle vera representert i forhold til størrelse i folkeforsamlinga. Dette var slått fast i det som heiter The National Pact. Dette er ei samling av dokument og talar frå tida rundt 1943 då Libanon fekk sjølvstende og der vart det satt retningslinjer for korleis staten Libanon skulle styrast. Viss ein då skulle modernisera den libanesiske staten måtte ein til ein viss grad gå imot The National Pact, og det var frykteleg vanskeleg og få gjennomslag for den type politikk sidan enkelte minoritetar då ville stå i fare for å mista sin innflytelse på politikken. Både dei forskjellige konfesjonane og ikkje minst dei store *za’imane* gjekk sterk imot og gjera endringar i det konfesjonalistiske styresettet, og som Odeh seier var og Chehab heller ikkje villig til å gjera for mykje med det eksisterande systemet.

⁹¹ GILMOUR, David 1983: s. 71.

⁹² ODEH, B.J. 1985: s. 8

David C. Gordon i si bok *Lebanon – The Fragmented Nation* er mykje meir forsiktig i sin kritikk av Chehab.

*”With Shihab’s accession to the presidency, an atmospheric change occurred in the Lebanese polity, or so it appeared. [...] Among reforms enacted was an extension of the public school system, of rural electrification, of medical dispensaries, and efforts were made to improve the system of social insurance.”*⁹³

Gordon gjev meir inntrykk av at Chehab i det minste freista og auka levestandarden for folk i Libanon. Det vart teke skritt for å auka den statlege innflytelsen på områder som skule, helse og velferd, i staden for det eksisterande systemet der det var patronar i dei enkelte landsbyane og bydelane som i stor grad stod for drifta av desse tenestene. For å freista å auka graden av demokrati og i tillegg om mogeleg svekka ”the notables” vart antalet representantar i parlamentet auka frå 66 til 99.⁹⁴ Dette viser i alle fall at Chehab gjorde forsøk på å forandra og reformera det libanesiske styret. Grunnen til at han ikkje lukkast med det er som Odeh seier at han ikkje såg for seg at Libanon kunne fungera utan eit konfesjonalistisk styre. Men i denne perioden då Chehab var president og under hans etterfylgjar, Charles Helou, vart det freista å gjera enkelte grep for å sentralisera makt og betra infrastrukturen slik at det skulle bli likare høve i landet, og for å freista å frårøva patronane litt av den makta dei hadde.

Det vart tatt steg for å sentralisera og auka den statlege styringa med økonomien. Blant anna ved at det vart oppretta ein sentralbank i 1964.

*”The fact that had no central bank until 1964, twenty years after independence, is a revealing indicator of the ad-hoc procedures of the ‘merchant republic’.”*⁹⁵

Som Harris her seier er det eit merkeleg faktum at ikkje staten har sett nytten av å ha ein sentralbank som kan ha oversynet med dei økonomiske forholda i landet, og væra rådgjevande instans for bedrifter og investorar. Dette er enda eit eksempel på at det var eliten som hadde makta i landet. Den fekk stort sett gjera som den ville og, slik som i dette tilfellet,

⁹³ GORDON, David C. 1980: s. 59

⁹⁴ GORDON, David C. 1980: s. 59

⁹⁵ HARRIS, William W. 1997: s 147

hadde ingen kontrollinstans som kunne oversjå og samkjøra deira handlingar til det som var det beste for heile landet.

Det er liten tvil om at Chehab sine reformer faktisk hadde ein effekt i å svekka den sterke posisjonen som za'imane hadde opparbeida seg over lang tid. Michael Johnson skriv og at ved å introdusera statlig støtte og drift av helsetenester, skular og starta eit pensjons program for alle libanesiske arbeidarar tok ein litt av grunnlaget for den sterke makta som patronane representerte. Dette vart sjølv sagt ikkje sett på med milde auger frå den etablerte eliten.

”Because this state provision threatened the patronage networks of the za’ims, and because the states internal security apparatus was used to subvert qabadays who had previously been manipulated and protected by urban bosses, a reactive parliamentary coalition eventually emerged that was able to defeat (by one vote) the Shihabist presidential candidate (Elias Sarkis) in 1970.”⁹⁶

Grunna misnøyen med Chehabismen og den lina den stod for fekk altså “The Notables” stansa Elias Sarkis, som var ein av tilhengjarane til lina som Chehab starta, på sin vei mot presidentskapet. Dei fekk i staden inn Suleiman Frangieh som var ein sterk tilhengjar av det gamle styret der patronen skulle ha makta i sitt område. Dermed vart forsøket på å gjera Libanon til ein sterkare stat der godar og fordelar vart likare fordelt stansa. Johnson seier og at dette forsøket på å skapa *”...a more ‘developed’ and civic-minded state”⁹⁷* ganske sikkert ikkje hadde lukkast uansett sidan presset frå omverden antakeleg hadde brote ned dette systemet.

Suleiman Frangieh var den som tok over som president etter at Chehabistane måtte gje frå seg makta. Han førte Libanon inn på det gamle systemet ganske raskt etter at han kom til makta.

Ifylgje William Harris si bok *Faces of Lebanon* var Suleiman Frangieh ein av årsakene til at den indre stabiliteten som Libanon til ein viss grad var på vei mot raskt vart brote ned. På denne tida, byrjinga av 1970-talet, var det ein sterk oppgang i økonomien og oljepengar flomma inn i Libanon. Dette førte til at dei rike vart rikare, mens dei som ikkje hadde so

⁹⁶ JOHNSON, Micael 2001: s. 60

⁹⁷ JOHNSON, Micael 2001: s. 60

mykje måtte slite med høg inflasjon of dalande realinntekter. Frangieh var ikkje villig til å sjå dette problemet, kanskje på grunn av at han og hans omgangskrets var dei som tente på dette.



Suleiman Frangieh

”Faranjiyya, however, would not allow his ministers to address social grievances, which were exacerbated by economic growth benefiting only a fragment of the population. Proposals to strengthen public education, reform public health, and overhaul a blatantly unfair tax system were all opposed by the president himself, who took sides with his business friends. The affected ministers soon resigned.”⁹⁸

Her ser me eit døme på kor autoritær Frangieh var. Han ville ikkje høyra på sine eigne ministrar når dei freista å gjera noko med den vanskelege situasjonen landet var inne i. Dette skapte eit godt miljø for ein utnyttande rik elite og førte til at korrupsjon og bestikkingar igjen vart daglegdags. Han hadde liten eller ingen sympati for dei dårleg stilte i landet.

”He dismissed privation in a banal fashion, noting the presence of televisions and refrigerators ”even in the slums”⁹⁹

Dette visar jo heilt klart den avstanden det var mellom han og befolkninga i landet han var president i. Denne typen utsegner og politikk førte til endå større splittingsar mellom dei ulike gruppene i landet. Rivaliseringa mellom zu’ama hardna til, særskilt mellom dei muslimske som hadde klientar som var misnøgdde med at dei vart sett til side av det nye styret og dei som støtta Frangieh. Dette trur eg var ein viktig faktor i det som skjedde fram mot borgarkrigen. Spenninga innad i landet auka proporsjonalt med den aukande rivaliseringa mellom zu’ama. Den store gruppa med palestinske flyktingar vart og ein viktig faktor her. Muslimane i

⁹⁸ HARRIS, William 1997: s. 156

⁹⁹ HARRIS, William 1997: s. 156

Libanon hadde mykje større sympati for desse enn det sitjande styret. Det problemet landet hadde fått med so mange flyktningar var og til slutt den direkte utløyssande årsaka til krigen. Det var derimot ikkje til hjelp at landet var mindre stabilt no etter at Frangieh hadde tatt over enn det hadde vore på mange år. I mine augo var dette ein stor medverkande årsak til at Libanon ikkje stod samla når det kom eit massivt press mot Libanon som husa PLO frå Israel.

5.0 Konklusjon

Eg vil i dette kapittelet freista å trekkja nokre konklusjonar frå det arbeidet eg har gjort rundt temaet za'ama. Eg har i føregåande kapittel beskrive kva za'ama systemet er og kva effekt det hadde på demokratiseringsprosessen i Libanon, og då med hovudvekt på partiframveksten. Spørsmålet eg stilte meg då eg byrja med denne oppgåva var om dette patron-klient forholdet, som stod så sterkt i landet då det vart sjølvstendig, hadde ei innverknad på korleis demokratiet utvikla seg, og om det hadde noko å seie for at landet ikkje klarte å stabilisera seg og rauk ut i borgarkrig i 1975. Eg føler at eg har fått nokre svar på dette gjennom å lesa og analysa det andre forfattarar har skrive på dette området. Eg vil og nemna noko av det eg saknar i det utvalet litteratur eg har lest. Det finst mange som har skrive mykje om perioden fram til borgarkrigen, men ingen har gjort za'ama til eit hovudprosjekt når det gjeld kva påverknad dette hadde på forløpet til krigen.

Når det gjeld årsakene til at borgarkrigen braut ut er dei mange og komplekse. Den utløysande årsaka var utan tvil det palestinske nærværet i Libanon. Etter at Palestina vart okkupert av Israel kom ein stor del av flyktingane til Libanon. Det fins litt vekslande tal i litteraturen, men dei fleste nemner at det var ein stad i overkant av 300 000 palestinske flyktingar i Libanon i 1975. Dette vart etter kvart eit stort politisk stridstema. Presset utanfrå var og svært sterkt særlig frå naboen i sør, Israel. PLO (Palestine Liberation Organization) hadde sitt hovudkvarter i Beirut og gjorde aksjonar mot Israel derifrå. Det var usemje rundt PLO sitt nærvær i Libanon, og stort press frå omverden om ikkje å gje ly til PLO, som var den utløysande faktoren for borgarkrigen. Også naboen i aust, Syria hadde store interesser i Libanon sidan landet jo hadde vore ein del av Syria til byrjinga av 1900-talet. Syria har og fortsett å ha ein finger med i spelet i politikken i Libanon. Det er ikkje meir enn omkring eit år sidan dei syriske styrkane i landet trekte seg ut. Desse utanrikspolitiske årsakene har eg allikevel valt å ikkje ta med i denne oppgåva. Eg har stort sett konsentrert meg om det indre politiske systemet og korleis det påverka stabiliteten i landet. Men som eg har sagt var det på langt nær berre innarikspolitiske høve som leda fram til borgarkrigen.

Det mest slående eg har funne ut gjennom å lesa litteraturen om Libanon i dette tidsrommet er den store avstanden det er mellom den offisielle politiske arena og den uoffisielle. I alle demokrati vil ein finna ein større eller mindre grad av politisk aktivitet i kulissene. Det som er særskilt med Libanon er at desse to verkar å være so langt ifrå einannan. Som Hottinger skriv i ein artikkel:

”But what singles out Lebanon is the fact that the onstage has remarkably little connection with the backstage and, needless to say, that the backstage decisions, invisible as they are, are the ones that really counts.”¹⁰⁰

Han går vidare med å seie at det synlege styresettet såg til tider ut til å berre eksistera for syns skyld. Eit av kriteria for eit demokrati er jo at vanlige folk skal ha innsyn og openheit rundt beslutningar og korleis dei vert tekne. Dette eksisterte i svært liten grad i datidas Libanon. Ein grunn til at dette vart akseptert var nok nettopp det at folk var vande med at za’ama tok beslutningar som angjekk dei over hovudet deira til stadigheit. Denne ”Club of Notables” vart det svært sjeldan stilt spørsmål ved og dei fekk operera som før. Eg har og fleire gongar i løpet av oppgåva vore inne på den lave graden av horisontal integrasjon som ser ut til å ha eksistert i Libanon. Dette er nok og ein årsak til at kritikken og motstanden mot za’ama systemet var så liten som den var. Det fanst ikkje noko plattform der ei samla motstandsørslø kunne utvikla seg og stilla krav til det eksisterande styre. Det systemet som fanst i Libanon kan på mange måtar samanliknast med det gamle stendersamfunnet. Det fanst små pyramideforma organisasjonar over heile landet og desse små organisasjonane hadde lite med kvarandre å gjera. Til og med i byane var dette tilfellet. Då var det inndelt i kvartal og bydelar, alt etter kva område za’imane styrte. Men heller ikkje i byane var graden av organisering på tvers av dei eksisterande klientgruppene stor. Hadde man eit problem tok man dette opp i det hierarkiet, eller pyramidene, man tilhørde, og ikkje som ein samla einskap. Det hende og ofte at problem ikkje vart snakka høgt om i det heile teke sidan det ikkje var ærefullt å klaga seg. I tillegg til dette kjem dei mange skiljelinene i landet fram her. Det var ikkje berre den lave graden av horisontal integrering og samarbeid som var problemet. Landet hadde så mange ulike grupperingar og interesser at sjølv om den horisontale integreringa hadde vore større er det vel usannsynleg at det hadde ført til stor semje og at denne store gruppa kunne ha trekt i same retning.

¹⁰⁰ HOTTINGER, Arnold i The Middle East Journal 1961: s. 127

Denne pyramidestrukturen er det eg legg særleg vekt på når eg hevdar at Libanon er nærmare eit elitesamfunn enn eit klassesamfunn. Det kan lett argumenteras for at det fins eit kassesystem i Libanon, men interaksjonen blant medlemmane i dei lågare klassane er so liten at det i mine augo er fånyttas å snakka om eit klassesamfunn. Det er eliten som har, og alltid har hatt, makta i landet. Problemet med eit demokratisk elitestyre er at denne eliten, etter å ha stabilisert og bygd opp ein viss grad av demokrati, må etter kvart trekkja seg tilbake frå maktposisjonar og levera makta frå seg til folket. Det kan ein ikkje hevda skjedde i Libanon. Her sat eliten med makta og var ikkje på nokon måte villige til å gje opp den posisjonen dei hadde. Ein av årsakene til det kan være at det var så mange konfesjonar og grupperingar som kjempa om makta at ein ikkje turte å gje frå seg makt i frykt for at motstandarane skulle få meir makt. Dette vert mest spekulasjonar, men litteraturen visar i alle fall at det å gje frå seg makta frivillig var utenkjeleg for dei aller fleste zu'ama. "The Club of Notables" hadde alltid hatt makta i landet og var ikkje villige til å gje den frå seg no. Det hadde allereie vore ein lang tradisjon med eit strengt patriarkalsk samfunn og det er svært vanskeleg å endre over natta.

Den typen "consociational democracy" som Lijphart beskriv set som føresetnad for at transesjonen til demokrati skal lukkast at den styrande eliten skal være samla og trekkja i same retning. Dette er ikkje eit kjenneteikn ved den libanesiske politikken i denne perioden. Det er ofte til hjelp, seier Lijphart, at landets har ein ekstern fiende som eliten kan samla seg imot. Det være seg ei tidlegare kolonimakt, eit naboland eller liknande. Libanon hadde dette, men allikevel klara ikkje eliten å samla seg og leggja vekk indre stridsspørsmål. Ein annan føresetnad er at eliten etter kvart skal trekkja seg tilbake og overlata makta til folket. Som eg nettopp har slått fast var dette ikkje eit alternativ for "the Notables". Ein kan i dette tilfellet stilla spørsmålet om Libanon hadde nokon som kunne ta over etter den sitjande eliten. Landet hadde tross alt vore styrt av eliten i lang, lang tid. Det er ikkje sikkert at det utan vidare kunne ha vokse fram eit folkestyre i eit land som hadde vore so prega av indre strid. Her kjem dei sytten konfesjonane landet har og inn i biletet. Dei konfliktane som låg mellom desse var så grunnleggjande at full konsensus om korleis landet skulle styrast hadde vore svært vanskeleg og få til. Skal ein altså gå etter Lijphart sine modellar er dei to føregåande årsakene dei viktigaste for at demokratiet i Libanon ikkje fungerte slik det kunne ha gjort.

Det er ingen tvil om at dei aller fleste som har skrive om Libanon på denne tida er einige om at denne typen konfesjonalistisk konsensusstyre som Libanon hadde i denne perioden ikkje

var det landet var best tent med. Til dømes leid slike viktige statlege oppgåver som helse og velferd sterkt under å ikkje ha eit parlament eller ei regjering som kunne dra i same retning, men i staden stridast innbyrdes for å få mest mogeleg fordelar for seg og sine klientar. Dette konkurranseaspektet ved libanesisk politikk kan sjå bra ut ved fyrste augnekast, men det faktum at det ikkje var nokon samla eller organisert plan for slike velferdstilbod var ein stor bakdel for innbyggjarane. Det var heller ikkje nokon tradisjon for at velferd var ei statleg oppgåve. Dette var det zu'ama som hadde stått for i mange, mange år. Ein liten del av befolkninga var nok nøgde med det tilbodet dei hadde, men den store bakdelen med denne måten å organisera på er at det skapar veldig store skilnadar i kva tilbod ein kan få. Til og med skulane var det zu'ama som betalte for. For zu'ama var dette i større grad ein måte å halda klientane nøgde slik at dei kunne rekna med deira støtte ved val og i andre høve, enn at det vart gjort for å faktisk gje unge ei utdanning til dømes.

Ei annan ting som slår meg ved litteraturen eg har lest, og som eg gjerne vil peika på her, er at det ikkje er nokon som skriv noko særleg om kvinna si plass i dette patron-klient forholdet. Kvinna er fullstendig utelata frå den forskinga eg har sett meg inn i. Det finst heilt sikkert litteratur der dette temaet er behandla, men eg har dessverre ikkje funne noko av den. Grunnen til at dette temaet ikkje er behandla er nok at kvinna ikkje hadde nokon spesiell rolle i det offentlege samfunnslivet. Samfunnet var strengt patriarkalsk og kvinna hadde ingen openbar funksjon i det politiske livet. På bakgrunn av at litteraturen eg har lest ikkje behandlar temaet kan eg berre spekulere over kvinna si rolle. Det var, som mange land i denne delen av verda, eit svært mannsdominert samfunn. I rurale strøk var nok kvinna sin plass i heimen. Dette baserer eg på at landsbygda i Libanon var langt meir tradisjonsbunden enn dei meir urbane delane av landet. Gilsenan har nokre få henvisingar til kvinna i si bok. Her seier han at kvinner og barn stod og til za'imen sin disposisjon. Desse var endå billigare å ha i arbeid. Mange familiar var so fattige at dei ikkje hadde råd til at mora og barna kunne vera heima eller ta utdanning, men måtte jobba i staden. Det vart ikkje sett på som ærefullt når kvinna i huset og måtte jobba. Det var mest frå fellahin-familiar at kvinnene vart sendt for å jobbe på grunn av at desse ikkje kunne tillata seg å ikkje ta dei jobbane som fanst. Gilsenan seier og at desse kvinnene ved enkelte høve kunne verta seksuelt utnytta av beyen eller hans menn. Dette var det svært lite menn ifrå fellahin kunne gjera noko for å hindra, eller retta opp i etter at det hadde skjedd.¹⁰¹ Han skriv og at kvinner svært sjeldan spelte nokon rolle i

¹⁰¹ GILSEANAN, Michael 1996. s. 19

mennene sine forteljingar. Det var heller ikkje ærefullt å nemna kvinner i slike situasjonar. Vist det vart gjort var det kvinner frå ytterkantane på den sosiale rangstigen. Koner, mødrer eller dotrer til beyen kunne verta nemnt i lovprisande ordelag som fortalte kor gode eller kloke desse var. På den andre sida vart kvinnene blant fellahin nemnt i historier om heller ufine episodar der beyen eller agha viste sin overlegenheit over fellahin.¹⁰² Ein årsak til at dette er so lite behandla i den litteraturen eg har lest kan, for noko av litteraturen, ha noko med å gjera at den er skriva på ei tid då kjønnsforskning ikkje var via så stor plass i historiefaget som no. Nokre av bøkene er skriva på 60- og 70-talet. Kjønnsforskning kom eigentleg ikkje skikkeleg på bana før på slutten av 1980 åra.

Chehab og hans etterfølgjarar freista å gjere noko med dette systemet. Som eg tok opp i kapittel fire freista han å sentralisera velferdssystemet og gjera det til ei statleg oppgåve å finansiere blant anna helsevesenet og skulevesenet. Han lukkast til ein viss grad med noko av det han gjorde, men det var mange og sterke krefter han jobba imot. Eit døme på kva han faktisk fekk til var at han gjorde skulesystemet meir likt. Det vil seie at muslimar, og då særleg sjiamuslimar, fekk betre tilgang til skular enn det dei hadde hatt opp til då. Eit anna punkt der han lukkast var at det kristne hegemoniet blant statleg ansette vart svekka.¹⁰³

Hans freistnader på å frårøva zu'ama noko av den makta dei sat på var i liten grad vellukka. Allikevel lukkast han med å bringa landet ein litt større grad av demokrati. Blant anna auka han antalet medlemmar i parlamentet for at den gruppa som sat og styrte skulle vera litt meir representativ for befolkninga. Han oppretta og ein sentralbank i Libanon slik at ein hadde større kontroll med økonomien i landet. Men som eg og sa tidlegare i oppgåva var dette ikkje fullstendig vellukka, mykje på grunn av at Chehab ikkje hadde trua på at ein kunne avskaffe det konfesjonalistiske systemet dei hadde, og difor vart freistnadane på modernisering sporadiske og halvhjerta.

Denne perioden som av mange vert kalla Chehabismen er godt dekkja av litteraturen. Eit problem med forskinga på dette området er sjølvst at det er vanskeleg å måla effekten av slike forsøk på modernisering då dei vart så sterkt motarbeidd, og til ein viss grad reverserte under det påfylgjande styret til Suleiman Frangieh. Om dette forsøket på modernisering av staten og denne sine oppgåver hadde fått fortsetja blir det berre speulasjonar om kva effekt

¹⁰² GILSENAN, Michael 1996. s. 64

¹⁰³ JOHNSON, Michael 2001: s. 56

det ville hatt i årene etter Chehabistane måtte gje frå seg makta og fram mot borgarkrigen. Alle forfattarane eg har lest ser dette som ein viktig periode i Libanon. Når Chehab kom til makta og freista å utfordra den gamle makteliten kan ein sjå kva for ein sterk posisjon denne hadde i landet. Det var for Chehab og hans etterfylgjarar nesten umogeleg å få gjennomført noko større modernisering av staten, av di motstanden frå "The Club of Notables" var så sterk. I tillegg kjem det viktige punktet at Chehab ikkje fullt ut trudde på å ta opp kampen med za'ama systemet, og såg ingen mogelegheit for at det kunne avskaffast heilt. Difor var freistnadane hans kunn mynta på å svekke makta deira, og det lukkast han med på enkelte områder. Dette syns eg og visar kor vanskeleg det er å gjera store omveltingar i eit så strengt konfesjonalistisk politisk system. Når so mange ulike grupperingar vil, og skal, ha eit ord med i laget for kvar avgjerd som skal takast er det lett for at staten vert handlingslamma.

På dette punktet kan ein finna ein del usemje mellom forskarane. Det dreier seg om kor vellukka Chehabismen faktisk var, og i kva grad dette var ein riktig veg å gå for Libanon. David C Gordon er til dømes forholdsvis positiv til Chehabismen og denne sitt prosjekt. Han seier at det i det minste var ein freistnad på å modernisera styresettet og å jamna ut ulikskapar, og då særleg då det gjaldt velferd og skule, blant befolkninga. Han seier derimot at det å modernisere Libanon innebar at ein måtte setja til side konfesjonalismen, og dette var ein nær umogeleg jobb sidan mange såg den som heilt nødvendig for at fordelinga av posisjonar innan staten og representasjonen i parlamentet skulle være rettferdig i forhold til befolkninga. Michael Johnson seier og at det Chehabistane gjorde var å freista å skapa ein meir utvikla og moderne stat. Han ser heilt klart positivt på den perioden chehab styrte, og meiner vel at dette var vegen dei måtte gå for å stabilisera demokratiet og jamna ut urettferda blant Libanon sin befolkning. På den andre sida er B. J. Odeh ikkje fult så positiv. Han skriv at Chehab verken hadde evner eller at han var villig til å modernisera staten i den grad det var behov for. Slik eg forstår det syns Odeh at det var spede freistnadar som kom frå Chehabistane, men det trongs mykje større omveltingar for å modernisera landet.

Det som ikkje er so stor ueinigheit om er Frangieh sin rolle etter at Chehabistane gjekk av. Frangieh fekk politikken i Libanon inn på det sporet den var før 1958. Hans styre er det mange som skriv var svært korrump og prega av kameraderi.

”Frangieh’s rule had been particularly corrupt; his son Tony was exalted to the cabinet through a process of nepotism scarcely rivalled elsewhere in the Middle East.”¹⁰⁴

Fisk er, som me ser her, ein av dei som er særskild skarp i sin kritikk av Frangieh. Han meiner at Frangieh spelte ein stor rolle i å leda landet inn i borgarkrigen. Styre han brakte tilbake i landet skapte endå større splitting mellom dei få rike og dei mange som ikkje hadde so mykje. Johnson seier og at ved Frangieh sin overtaking av makta var det slutt på det eksperimentet Chehab hadde starta og nok ein gong var det zu’ama som styrte alt.¹⁰⁵ Dette var nok og ein årsak til at nettopp Frangieh kom til makta. Han vart støtta av fleire av dei mektigaste za’imane som blant anna Joumblatt. Joumblatt og fleire ville at Chehabistane, militæret og falangistane skulle få mindre å seie i innanrikspolitikken og fekk difor tippa presidentvalet i favør av Frangieh. Zu’ama var difor tilbake i posisjon for å konkurrera seg imellom om goda.

Maktfordelingsprinsippet som Libanon innførte i 1943 der det vart avgjort kor stor del av dei ulike konfesjonane som skulle inneha viktige postar har og vore ein hemske for Libanon. Det vart fastslege at det skulle vere ei fordeling på 6 til 5 for høvesvis kristne og muslimar i parlamentet og blant statlege ansette. Dette var basert på den siste offisielle folketeljinga i 1932 som viste at kristne var i fleirtal i landet. Dette systemet har gjort det til ei svært komplisert oppgåve å setja saman eit parlament og ikkje minst ei regjering. Fordelinga var i heile perioden ei spire til strid og konflikhtar. Det vart og bestemt at presidenten alltid skulle vere maronitt, statsministeren sunnimuslim og leiaren i parlamentet sjiamuslim. Dette førte og til ei maktfordeling der maronittane og dei kristne generelt fekk stor makt. Etter kvart endra folketalet seg og muslimane vart meir talrike. Difor vart dette systemet sakte men sikkert meir og meir urettvist. Muslimane i landet freista ved fleire høve å gjera noko med dette systemet, men så lenge maronittane sat i førarsetet med det meste av makta ville dei ikkje gje frå seg det hegemoniet dei hadde i landet. Kamal Joumblatt freista ved eit høve å endra desse reglane for at han kunne stilla til presidentval. Hadde han klart det ville han, ifylgje fleire forfattarar, med stor sansynlegheit vorte den fyrste muslimske presidenten i landet. Men det var ikkje berre mellom dei ulike konfesjonane det var strid om verva. Det var stor konkurranse innan konfesjonane om dei viktige verva som president og statsminister. Det fins fleire døme i litteraturen på at det gjekk heitt for seg når rivalar skulle posisjonera seg.

¹⁰⁴ FISK, Robert 1992: s. 76

¹⁰⁵ JOHNSON, Michael 2001: s. 60

Fleire gonger var det valdelege aksjonar, og det fins mange døme på at politikarar og za'imar vart drepne under slike konflikhtar. Til dømes har eg tidlegare referert til ei hending Gilsenan beskriv i si bok. Dei konkurrerande sunnimuslimske kandidatane frå provinsen der Gilsenan gjorde feltarbeid låg i konflikt med kvarandre og det enda med at den eine vart skoten ned og drepen før valet. Sjølv om mange av desse drapa aldri vart oppklarte var det openbart kven som stod bak i dei fleste tilfelle, slik som i saken Gilsenan beskriv. Denne rivaliseringa ved val var spesielt stor då za'imane måtte stilla til val på einmannslister midt på 50-talet.

Eit av spørsmåla eg stilte i byrjinga av denne oppgåva, og som eg ser som eit av dei viktigaste spørsmåla i Libanon på denne tida, var korleis det påverka eit demokrati når eit gammalt og svært tradisjonsrikt patron-klient system vart inkorporert i det nye demokratiet. Igjennom oppgåva har eg freista å belysa fleire sider av za'ama systemet og korleis dette hadde innflytelse på demokratiet. Det eg har kome fram til er at det heilt klart ikkje var ein ideell plattform å byggja eit nytt samfunn på. Det nye demokratiet vart eit nytt instrument for zu'ama for å utøva deira makt. Det vart endå viktigare for zu'ama å halda klientane sine lojale sidan dei no og trengte stemmene deira i politiske val. Dette betydde ikkje at klientane fekk fleire fordelar. Piskan vart brukt vel så mykje til å halda klientane på plass og her var qabadayat ei viktig brikke. Som eg har nemnt før kunne qabadayat til motstandar za'imar verta fengsla i vekene før valet for å påverka resultatet. Dette viser kor stor innverknad desse hadde på eit valresultat og det kan ikkje kallast spesielt demokratisk. Ein god indikasjon på det nye systemet var partia som vart danna. Som eg har vist gjennom beskrivingar i litteraturen på området vart mange av desse partia berre danna for å støtta ein za'im. Det vart oppretta eit parti med demokratiske retningslinjer, men i røynda var det za'imen som sat med bukta og begge endane. Han hadde i dei fleste tilfeller kontroll med alt partiet foretok seg og styrte alle avgjerder partiet tok. Eit godt døme her er den kontrakten som alle som stod på vallista til Suleiman Al-Ali som eg har sitert i kapittel fire. Her visar det klart at dei som stod på lista ikkje kunne gjera noko som ikkje fyrst var godkjent av Al-Ali. Eg har ikkje funne andre liknande konkrete eksempel i litteraturen, men i praksis var det mange parti som hadde dei same prinsippa. Falangistpartiet er det partiet alle forfattarar held fram som det som hadde den strukturen og organiseringa som liknar mest på det me kjenner som politiske parti i Vesten. Men også her var det ein ubestridd leiar som styrte partiet i akkurat den retning han ville. Pierre Gemayel var med å grunnleggja partiet som han etter få år tok over som einaste leiar. Han sat i styresetet for partiet heilt til sin død.

Litteraturen på området er, som eg har sagt før, svært ekstensiv. Mange forskarar har skriva og meint mykje om Libanon i perioden frå sjølvstende til borgarkrig. Gjennom å lesa eit utval av desse bøkene og artiklane føler eg at eg har fått eit rimeleg godt innblikk i korleis det libanesiske samfunnet fungerer. Når det gjeld dei spørsmåla eg stilte i byrjinga av oppgåva kan ein gjennom litteraturen gjera seg opp ei meining om dei. Mange skriv om kva verknader za'ama systemet hadde på demokratiet, men eg tykkjer det er få som tek dette opp som ein av hovudårsakene til borgarkrigen. Dei aller fleste forfattarane meiner at dei utanrikspolitiske høva var dei viktigaste. Ser ein på sjølv utbrotet av krigen er eg heilt einig i den saken. Det er heva over ein kvar tvil at Libanon vart stilt overfor ei stor og vanskeleg utfordring med det palestinske flyktning problemet og det store presset på den libanesiske regjeringa om å slutta å gje ly til PLO. Det som har vore forska for lite på er kva effekt den lave graden av stabilitet i demokratiet hadde å seie for krigsutbrotet. Er det mogeleg at krigen kunne vore hindra, eller i det minste betrakteleg kortare, om tilhøva i landet ikkje var som dei var? Det trur eg er godt mogeleg. Hadde landet vore meir stabilt ville det hatt lettare for å handla riktig i situasjonen. I staden vaks dette til ei konflikt mellom dei ulike fraksjonane i landet og enda med at dei væpna seg og gjekk til krig mot kvarandre. Den siste lina i diktet eg byrja oppgåva med synes eg summerar fint opp det libanesiske samfunnet i den perioden eg har behandla.

"Pity the nation divided into fragments, each fragment deeming itself a nation."

Litteraturliste

- BARAKAT, Halim (1986): *Towards a Viable Lebanon*. Washington D.C: Georgetown University.
- BINDER, Leonard, Edited by, (1966): *Politics in Lebanon*. New York: John Wiley & Sons, Inc.
- CAMPBELL, J. K. (1964): *Honour, Family and Patronage: A Study of Institutions and Moral Values in a Greek Mountain Village*. Oxford: Clarendon Press
- CHRISTENSEN, Tina Wilchen (1999): *Forvaltningen af religiøs tilhørighed blant maronitter i Beirut*. Afhandling til Cand. Polit graden ved institutt for Social Antropologi ved Universitetet i Oslo.
- ENTELIS, John (1974): *Pluralism and Party Transformation in Lebanon. Al-Kata'ib Party 1936 – 1970*. London: Brill
- ETZIONI – HALEVY, Eva (1993): *The Elite Connection – Problems and Potential of Western Democracy*. Polity press.
- FIRRO, Kais M. (1992): *A History of the Druses* New York: E.J. Brill.
- FISK, Robert (1992): *Pity the Nation – Lebanon at War*. Oxford University Press.
- GELLNER, Ernest og WATERBURY, John, Edited by, (1977): *Patrons and clients in Mediterranean societies*. London: Duckworth.
- GILSENAN, Michael (1996): *Lords of the Lebanese Marches: Violence and Narrative in an Arab Society*. London: I.B. Tauris
- GORDON, David C. (1983): *The Republic of Lebanon – Nation in Jeopardy*. London: Croom Helm.
- GORDON, David C. (1980): *Lebanon – The Fragmented Nation*. London: Croom Helm.
- GORIA, Wade R. (1985): *Sovereignty and leadership in Lebanon 1943 – 1976* London: Ithaca Press.
- HARRIS, William W. (1997): *Faces of Lebanon – Sects, Wars, and Global Extensions*. Princeton: Markus Wiener Publishers.
- HELD, David (1996): *Models of democracy*. Cambridge: Polity Press.
- HITTI, Phillip K. (1965): *A Short History of Lebanon*. New York: St. Martins Press

- HOTTINGER, Arnold (1961): "Zu'ama and Parties in the Lebanese Crisis of 1958." *Middle East Journal*, 15, No. 2 (1961), s. 127-140.
- HUDSON, Michael C. (1968): *The Precarious Republic – Political Modernization in Lebanon*. New York: Random House.
- JOHNSON, Michael (2001): *All Honourable Men – The social origins of war in Lebanon*. Oxford: Centre for Lebanese studies
- JOHNSON, Michael (1986): *Class and Client in Beirut*. London: Ithaca Press
- JOUMBLATT, Kamal (1982): *I Speak for Lebanon*. London: Zed Press
- KHALAF, Samir (1987): *Lebanon's predicament*. New York: Columbia University Press.
- KHALAF, Samir & DENOEU, Guilain (1988): "Urban networks and political conflict in Lebanon." i Shehadi, Nadim og Haffar Mills, Dana, Edited by, 1988: *Lebanon: a History of Conflict and Consensus*. London: The Centre for Lebanese Studies.
- KHAZEN, Farid El (2000) *The Breakdown of the state in Lebanon, 1967 – 1976*. London og New York: I.B Tauris
- HUDSON, Michael C. (1988): "The problem of authoritative power in Lebanese politics" i Shehadi, Nadim og Haffar Mills, Dana, Edited by 1988: *Lebanon: a History of Conflict and Consensus*. London: The Centre for Lebanese Studies.
- LIJPHART, Arend (1984): *Democrasies. – Patterns of majoritarian and consensus government in twenty-one countries*. New Haven & London: Yale University Press.
- McDOWELL, David (1982): *Lebanon: A Conflict of Minorities*. London: Minority Rights Group
- MEO, Leila (1965): *Lebanon: Improbable Nation: A Study in Political Development*. Bloomington: Indiana University Press.
- ODEH, B.J. (1985): *Lebanon: Dynamics of a Conflict – A Modern Political History*. London Zed Books Ltd.
- PHARES, Walid (1995): *Lebanese Christian Nationalism – The rise and fall of an ethnic resistance*. Lynne Reiner Publishers.
- SMOCK, David R. & SMOCK, Audrey C. (1975): *The politics of pluralism. A comparative study of Lebanon and Ghana*. Amsterdam: Elsevier Scientific Publishing.
- SULEIMAN, Michael W. (1967): *Political Parties in Lebanon – The Challenge of a Fragmented Political Culture*. Ithaca, New York: Cornell University Press.
- TANTER, Raymond (1990): *Who's at the Helm? – Lessons of Lebanon*. San Fansisco: Westview Press

VIKØR, Knut S. (2004): *Ei verd bygd på islam – oversikt over Midtaustens historie*. Oslo: Det Norske Samlaget

Bileta i denne oppgåva er alle henta frå Wikipedia. Bilete som er lagt ut der er frigitt for allmennheita og det trengs difor ikkje løyve for å bruka dei.